


# REKRUTTERING TIL EIN OPEN MUSIKKSKOLE

Sosiale og musikalske  
bakgrunnstilhøve ved  
Trondheim kommunale musikkskole

Av: Kåre Torvanger



Delrapport i høve  
Samordnet musikkforsøk  
i Trondheim

Musikkvitenskapelig Hovudoppgåve  
institutt, UNIT  
Trondheim 1982

"Mennesket kan leve uten  
brød og vitenskap, men  
det kan ikke leve uten  
skjønnhet."

Dostojevskij i  
De besatte

## FORORD

Hovudproblemstillinga i denne oppgåva er sosial og musikalsk rekruttering til ein open musikkskole. Omgrepa sosial og musikalsk er mykje nytta i språket vårt. Men når ein vil fastsetje kva som meinast med dei, og korleis dei skal brukast, vil ein støyte på ei rekke problem.

Det er takka vere velvilje og hjelp frå mange personar og institusjonar at det har vore mogleg for meg å skrive denne oppgåva.

Kontakten med Trondheim kommunale musikkskole var avgjerande særleg i startfasa. Her var Harry Rishaug og Bjørn Aksdal til stor hjelp både med praktiske oppgåver og som inspiratorar til å gjennomføre prosjektet.

Takka vere Oddvar Hjellum, Sigrid Skomedal og Trude Nergård som hjelpte til med pakking av dei over 1000 konvoluttane, vart det noen dagars påskefeie på meg i 1981. Den sistnemnde har også vore til stor fagleg hjelp både med teoretisk utforming og praktisk dataarbeid.

Den første innføringa i bruken av datamaskin, fekk eg av Eirik Lien. Mange personar har hjelpt meg med å bli kjend med det eg hadde bruk for innanfor EDB.

Fagleg vegleiar var Arne Holen. Det er først og fremst på grunn av hans tolmod, hjelp og oppmuntring at denne oppgåva no er ferdig.

Til slutt, takk til Berit Ingvaldsen som har maskinskrive arbeidet, og Anne Sigrid Fjellbekk som har tegna og hjelpt til med framsida.

Trondheim, 20. oktober 1982

Kåre Torvanger

# INNHOOLD

|                                                            | side   |
|------------------------------------------------------------|--------|
| FORORD.....                                                | 3      |
| INNHOOLD.....                                              | 4      |
| OVERSIKT OVER TABELLAR OG FIGURAR.....                     | 8      |
| LISTE OVER VEDLEGG.....                                    | 12     |
| OVERSIKT OVER TABELLAR I VEDLEGG.....                      | 13     |
| <br>KAP. 1. PROBLEMSTILLINGAR OG AVGRENSINGAR.....         | <br>14 |
| 1.1. Innleiing.....                                        | 15     |
| 1.2. Målsetjing og TKM.....                                | 17     |
| 1.3. Likskapstanken overført til musikkskolen...           | 19     |
| 1.4. Kvifor heimebakgrunnen står sentralt.....             | 21     |
| 1.4.1. Heimebakgrunn og ulikskap.....                      | 21     |
| 1.4.2. Heimar med ulike verdiar.....                       | 23     |
| 1.5. Tidlegare forskning og arbeidshypoteser....           | 25     |
| <br>KAP. 2. METODE.....                                    | <br>29 |
| 2.1. Innleiing.....                                        | 30     |
| 2.2. Val av metode.....                                    | 31     |
| 2.3. Om datamaterialet og innsamling av data....           | 32     |
| 2.3.1. Spørjeskjemaet.....                                 | 33     |
| 2.3.2. Statistikk frå TKM.....                             | 34     |
| 2.4. Utvalsmetode.....                                     | 34     |
| 2.5. Fråfallsanalyse.....                                  | 36     |
| 2.5.1. Representativitet.....                              | 38     |
| 2.6. Handsaming av data.....                               | 39     |
| 2.6.1. Klassifisering.....                                 | 39     |
| 2.6.2. Koding.....                                         | 40     |
| 2.6.3. Feilsøking.....                                     | 41     |
| 2.7. Statistiske teknikkar som er nytta i<br>oppgåva.....  | <br>41 |
| 2.7.1. Koeffisientar og mål som er nytta i<br>analysa..... | <br>42 |
| 2.7.2. Konstruksjon av indeks.....                         | 44     |
| 2.8. Vurdering av metoden i undersøkinga.....              | 45     |
| 2.8.1. Generell kritikk mot survey-metoden.                | 45     |
| 2.8.2. Avgrensingar til survey-metoden.....                | 46     |

|                                                                                      | side |
|--------------------------------------------------------------------------------------|------|
| KAP. 3. SOSIAL BAKGRUNN.....                                                         | 50   |
| 3.1. Innleiing.....                                                                  | 51   |
| 3.2. Kva tyder omgrepet sosial bakgrunn?.....                                        | 51   |
| 3.2.1. Lagdelingsteori og marxistisk teori                                           | 53   |
| 3.2.2. Val av modell.....                                                            | 54   |
| 3.3. Utdanning.....                                                                  | 57   |
| 3.3.1. Klassifisering av utdanning.....                                              | 58   |
| 3.3.2. Samanliknande statistikk.....                                                 | 59   |
| 3.3.3. Høvet mellom utdanning til<br>TKM-foreldre og folkemengda i<br>Trondheim..... | 60   |
| 3.4. Yrke.....                                                                       | 62   |
| 3.4.1. Klassifisering av yrke og saman-<br>liknande statistikk.....                  | 62   |
| 3.4.2. Høvet mellom yrke til TKM-<br>foreldre og folkemengda i Trondheim             | 63   |
| 3.5. Ei samanlikning basert på Skredes status-<br>skala.....                         | 65   |
| 3.6. Utdanning og status på foreldrenivå.....                                        | 67   |
| 3.7. Ei relativ statusgruppering av utvalet....                                      | 70   |
| KAP. 4. MUSIKALSK BAKGRUNN.....                                                      | 73   |
| 4.1. Innleiing.....                                                                  | 74   |
| 4.2. Musikkutdanning til foreldra.....                                               | 75   |
| 4.2.1. Typar musikkutdanning.....                                                    | 76   |
| 4.2.2. Musikkutdanning og status.....                                                | 78   |
| 4.3. Instrument heime.....                                                           | 81   |
| 4.3.1. Metodiske problem med spørje-<br>skjemaet.....                                | 82   |
| 4.3.2. Instrumentinndeling.....                                                      | 83   |
| 4.3.3. Utbreiing av instrument.....                                                  | 84   |
| 4.3.4. Instrument og status.....                                                     | 87   |
| 4.3.5. Tal på instrument heime og opp-<br>summering.....                             | 88   |
| 4.4. Kor mange musikkaktive familiemedlemmar...                                      | 91   |
| 4.4.1. Samanliknande statistikk.....                                                 | 92   |
| 4.4.2. Musikkaktive familiemedlemmar.....                                            | 93   |
| 4.4.3. Status og tal på musikkaktive<br>personar i familien.....                     | 95   |

|                                                                        | side    |
|------------------------------------------------------------------------|---------|
| 4.5. Spel hos TKM-foreldre.....                                        | 96      |
| 4.5.1. Kva slags instrument foreldra<br>spelte eller hadde spelt.....  | 98      |
| 4.5.2. Samsvar mellom instrument i heimen<br>og spelte instrument..... | 101     |
| 4.5.3. Instrument etter kjønn.....                                     | 102     |
| 4.6. Organisert musikkutøving.....                                     | 105     |
| 4.6.1. Organisert musikkutøving etter<br>kjønn og status.....          | 108     |
| 4.7. Gjesting på konsert.....                                          | 109     |
| 4.7.1. Konsertvitjing og status.....                                   | 111     |
| 4.8. Danning av relativ indeks for musikalsk<br>bakgrunn.....          | 112     |
| 4.8.1. Val av tilordningsmåte for<br>indekskonstruksjon.....           | 113     |
| 4.8.2. Faktoranalyse av indikatorar på<br>musikalsk bakgrunn.....      | 114     |
| 4.8.3. Ein additiv indeks.....                                         | 115     |
| 4.9. Musikalsk bakgrunn og status. Ei opp-<br>summering.....           | 117     |
| <br>KAP. 5. KULTURELL BAKGRUNN.....                                    | <br>120 |
| 5.1. Innleiing.....                                                    | 121     |
| 5.2. Status og kultur.....                                             | 123     |
| 5.3. Samla kulturvariabel.....                                         | 123     |
| <br>KAP. 6. MUSIKKOPPLÆRING TIL SØSKEN.....                            | <br>127 |
| 6.1. Innleiing.....                                                    | 128     |
| 6.2. Fleire enn eitt barn i TKM og status.....                         | 129     |
| 6.3. Musikkopplæring utanom TKM.....                                   | 131     |
| <br>KAP. 7. ELEVGRUPPER OG HEIMEBAKGRUNN.....                          | <br>135 |
| 7.1. Innleiing.....                                                    | 136     |
| 7.2. Alder og kjønn.....                                               | 137     |
| 7.2.1. Alder og status.....                                            | 140     |
| 7.3. Kor lenge er elevane ved TKM?.....                                | 142     |
| 7.3.1. Opplæringstid og kjønn.....                                     | 143     |
| 7.3.2. Opplæringstid og status.....                                    | 144     |
| 7.3.3. Opplæringstid og musikalsk bakgrunn                             | 146     |
| 7.3.4. Rekruttering og fråfall ved TKM....                             | 148     |

|                                                                             | side |
|-----------------------------------------------------------------------------|------|
| 7.4. Avstand til opplæringsstaden.....                                      | 149  |
| 7.5. Val av opplæringsinstrument.....                                       | 153  |
| 7.5.1. Noen metodiske problem.....                                          | 155  |
| 7.5.2. Instrument etter kjønn og alder.....                                 | 157  |
| 7.5.3. Familiar med fleire enn ein<br>musikkskoleplass.....                 | 162  |
| 7.5.4. Opplæringsinstrument etter sosial<br>og musikalsk bakgrunn.....      | 164  |
| 7.5.5. Instrumentbakgrunn og opplærings-<br>instrument.....                 | 171  |
| 7.6. Utvikling i instrumentsamansetjinga.....                               | 173  |
| <br>KAP. 8. ÅRSAVGIFT, FRIPLASS OG HOLDNINGAR TIL DET<br>OPNE OPPTAKET..... | 178  |
| 8.1. Innleiing.....                                                         | 179  |
| 8.2. Friplass.....                                                          | 180  |
| 8.3. Holdningar til det opne opptaket.....                                  | 183  |
| <br>KAP. 9. OPPSUMMERING.....                                               | 187  |
| <br>LITTERATURLISTE.....                                                    | 195  |
| <br>VEDLEGG.....                                                            | 200  |

## OVERSIKT OVER TABELLAR OG FIGURAR

### Tabellar

#### Kap. 2.

Tabell 2.1. Svarprosent etter grupper

Tabell 2.2. TKM-elevar som går i grunnskolen i høve til alle grunnskoleelevar i Trondheim

#### Kap. 3.

Tabell 3.1. Høgast fullført utdanning til TKM-foreldre og folkemengda i Trondheim i alderen 25-59 år etter kjønn i prosent.

Tabell 3.2. Prosentkilnader for utdanning mellom TKM-foreldre og folkemengda i Trondheim etter kjønn i prosent.

Tabell 3.3. TKM-foreldre og yrkesaktive i alderen 25-59 år i Trondheim kommune etter yrkesfelt og kjønn i prosent.

Tabell 3.4. TKM-familiar etter høgast fullført utdanning og Skredes statusgrupper i prosent

#### Kap. 4.

Tabell 4.1. Typar musikkutdanning etter kjønn i prosent

Tabell 4.2. Musikkutdanning i TKM-familiar etter status i prosent

Tabell 4.3. Instrument i heimane etter status i prosent

Tabell 4.4. Tal på instrument heime etter status i prosent.

Tabell 4.5. Tal på musikkaktive personar i TKM-familiar etter sosioøkonomisk status

Tabell 4.6. Familiar der ein eller begge foreldra spelar i prosent.

Tabell 4.7. TKM-foreldre etter spel.

Tabell 4.8. Instrument som foreldra spelte eller hadde spelt på etter kjønn og familienivå.

Tabell 4.9. TKM-foreldre som tok del i organisert musikkutøving i prosent.

Tabell 4.10. Typar organisert musikkutøving etter kjønn og familienivå i prosent.

- Tabell 4.11. Mødrer og fedrar etter vitjingar på konsert med klassisk musikk, jazz, vise eller pop det siste året i prosent.
- Tabell 4.12. Konsertvitjing ein gong og fleire det siste året på familienivå etter status i prosent.
- Tabell 4.13. Korrelasjonsmatrise for fem indikatorar for musikalsk bakgrunn.
- Tabell 4.14. Faktoranalyse av indikatorar på musikalsk bakgrunn. Varimax Rotasjon.
- Tabell 4.15. Mødrer og fedrar sin subjektive vurdering av eigen musikkinteresse etter indeks for musikalsk bakgrunn.
- Tabell 4.16. Familiar som har indikatorar på musikalsk bakgrunn etter status i prosent.
- Tabell 4.17. Indeks for musikalsk bakgrunn etter indeks for sosioøkonomisk status i prosent.
- Tabell 4.18. Yrkesfelt etter musikalsk bakgrunn.

## Kap. 5.

- Tabell 5.1. Tal på vitjingar til foreldre i teater, kunstutstilling, museum og kino i prosent.
- Tabell 5.2. TKM-familiar der foreldra går mest på kino i høve til teater, kunstutstilling og museum, og mest i teater, kunstutstilling og museum i høve til kino etter status i prosent.
- Tabell 5.3. Samla kulturell bakgrunn - musikalsk og "kulturaktiv" - etter status i prosent.

## Kap. 6.

- Tabell 6.1. Familiar etter talet på barn ved TKM etter status i prosent.

## Kap. 7.

- Tabell 7.1. Elevane ved TKM etter alder og kjønn i prosent.
- Tabell 7.2. Elevar ved TKM etter alder og status i prosent.

- Tabell 7.3. Opplæringstid ved TKM etter kjønn i prosent.
- Tabell 7.4. TKM-elevar som til vanleg nytta motorisert framkomstmiddel til undervisningsstaden etter status i prosent.
- Tabell 7.5. TKM-elevar etter reiseveg og status i prosent.
- Tabell 7.6. Opplæringsinstrument etter alder i prosent.
- Tabell 7.7. Opplæringsinstrument etter kjønn i prosent.
- Tabell 7.8. Opplæringsinstrument etter 1) elevar med to opplæringsinstrument, 2) talet på like instrument pr. familie og 3) talet på musikk-skoleplassar pr. familie.
- Tabell 7.9. Opplæringsinstrument etter relativ indeks for sosioøkonomisk status.
- Tabell 7.10. Utbreiing av undervisningsdisiplinar ved kommunale musikk-skoler på landsplan og ved TKM i tidsrommet 1976-1980/81 i prosent.

## Kap. 8.

- Tabell 8.1. "Tilbud om gratis offentlig opplæring til alle barn" og gruppe 1 og 2 i prosent.
- Tabell 8.2. Holdning til storleiken på årsavgifta og gruppe 1 og 2 i prosent.
- Tabell 8.3. Elevar som hadde heil eller delvis friplass i prosent etter det totale tal på musikk-skoleplassar frå 1973 til 1982.
- Tabell 8.4. Synet på opptaksprøve etter musikalsk bakgrunn og kor lenge foreldra hadde hatt elevar ved TKM i prosent.
- Tabell 8.5. Synet på opptaksprøve etter sosial og kulturell bakgrunn i prosent.
- Tabell 8.6. Synet på "gratis opplæring" etter sosial og kulturell bakgrunn i prosent.

## Figurar

### Kap. 6.

Figur 6.1. Høvet mellom talet på søsken som bur heime og talet på elevar ved TKM etter status i prosent.

Figur 6.2. Oversikt over a) søsken med sang- og spelundervisning no, b) søsken som tidlegare har hatt undervisning i sang/spel (også tidlegare TKM-elevar) og c) søsken som har lært å spele sjølv etter sosial og musikalsk bakgrunn.

### Kap. 7.

Figur 7.1. Elevar ved TKM etter opplæringstid og status i prosent.

Figur 7.2. Elevar ved TKM etter opplæringstid og musikalsk bakgrunn i prosent.

Figur 7.3. Punktdiagram for kvar undervisningsdisiplin etter sosial og musikalsk bakgrunn.

Figur 7.4. Opplæringsinstrument etter instrument heime og spel hos foreldre.

## LISTE OVER VEDLEGG

- Vedlegg 1.1. Søknad om løyve for prosjektet.
- Vedlegg 1.2. Svar frå Trondheim Skolestyre.
- Vedlegg 2. Informasjonsbrosjyre for TKM jan. 1981.
- Vedlegg 3.1. Orienteringsbrev til foreldra.
- Vedlegg 3.2 og 3.3. 1. og 2. purrebrev.
- Vedlegg 3.4. Spørjeskjema med total frekvensar.
- Vedlegg 3.5. Svar på opne spørsmål.
- Vedlegg 4. Tabellar som ikkje er med i teksten.
- Vedlegg 5.1. Verdier på variablar som går inn i indeks for musikalsk bakgrunn.
- Vedlegg 5.2. Konstruksjonsverdier for indeks for sosial bakgrunn.

## OVERSIKT OVER TABELLAR I VEDLEGG

- Tabell 1. Opplæringsinstrument i høve utvalsgruppa, fråfallet, dei som svarte og musikkskoleplassar ved TKM pr. 14/3 1981.
- Tabell 2. Kjønn og utvalet, fråfallet, dei som svarte.
- Tabell 3. Alder og utvalet, fråfallet, dei som svarte og musikkskoleplassar ved TKM pr. 14/3 1981.
- Tabell 4. Lengd i TKM og utvalet, fråfallet, dei som svarte og musikkskoleplassar ved TKM pr. 14/3 1981.
- Tabell 5. Hald av privat telefon, utvalet, fråfallet og dei som svarte.
- Tabell 6. Søsken ved TKM og utvalet, fråfallet og dei som svarte.
- Tabell 7. Familiar som har friplass og utvalet, fråfallet og dei som svarte.
- Tabell 8. Musikkskoleplassar pr. familie og utvalet, fråfallet og dei som svarte.
- Tabell 9. Alder på TKM-elevane etter status og kjønn.
- Tabell 10. Elevar ved TKM etter musikalsk bakgrunn og alder i prosent.
- Tabell 11. Lengd i TKM etter kjønn og alder.
- Tabell 12. Opplæringsinstrument etter alder og kjønn.  
Absolutte tal. Gjennomsnitt.
- Tabell 13. Opplæringsinstrument etter alder og status i absolutte tal.
- Tabell 14. Opplæringsinstrument etter alder og musikalsk bakgrunn i absolutte tal.
- Tabell 15. Opplæringsinstrument etter lengd i TKM i prosent.
- Tabell 16. Opplæringsinstrument etter status.
- Tabell 17. Opplæringsinstrument etter musikalsk bakgrunn.

K A P. 1  
P R O B L E M S T I L L I N G A R  
Ø G  
A V G R E N S I N G A R

### 1.1. Innleiing

I 1950-åra vart dei første kommunale musikkskolane etablerte. Fleire kom til og særleg frå 1970 auka talet på musikkskolar mykje. Etter kvart har den kommunale musikkopplæringa fått eit stort omfang av elevar og tilsette. Den siste utviklinga med statsstøtte gjev grunnlag til å tru at utbyggjinga av kommunale musikkskolar vil halde fram. Dei vil såleis få aukande vekt og innverknad på musikkopplæringa og dermed på musikklivet i Noreg.

Med dette som utgangspunkt meinte vi det var viktig å sjå nærare på elev-rekrutteringa til dei kommunale musikkskolane.

"Samordnet Musikkforsøk" (heretter avkorta til SMF) var ei vidtfemnande prøveordning som først vart sett i gang i Trondheim (1974), seinare i Bjugn og Sandnes kommuner. Spesielt skulle SMF samordne musikkopplæringa i det frivillege musikkliv, grunnskolen og musikkskolen. Trondheim kommunale musikkskole (heretter avkorta til TKM) sto sentralt i prøveordninga. I 1975 innførte denne skolen ope opptak. Då vart opptaksprøva teken bort, og i prinsippet låg tilhøva til rette for at alle barn kunne få ta til på musikkskolen.

Dette vart sett på som eit gjennombrot for grunnlagstenkinga omkring musikkopplæring. Det var i tråd med Mønsterplanens intensjon om at alle kan ha glede av musikkundervisning, fordi alle er utrusta med musikalske evner som kan utviklast. Sameleis var det på linje med utgreiinga til Norsk kulturråds utval der det vart sagt at musikkskolen skulle vere eit tilbod for alle. (Braseth m.fl., 1976).

Gjennomføringa av prinsippet om ope opptak kom til å stå sentralt i SMF, og knappe økonomiske løyvingar førte til at andre målsetjingar vart trengde i bakgrunnen. Ei nærare utgreiing om SMFs historikk og målsetjing og evaluering av mellom anna den integrerte musikkskolemodellen og ope opptak er gjeve i rapporten "Musikk for alle" (Dalin m.fl., 1981).

Frå ulike hald reiste det seg etter kvart spørsmål om musikkskolen verkeleg var open for alle. Representerte foreldra til elevane ved ein open musikkskole ut frå sosioøkonomiske kriterier eit tverrsnitt av foreldra i kommuner der eit slikt tilbod fanst?

Gjennom miljøet ved musikkvitskapleg institutt ved Universitetet i Trondheim, MIT, vart eg kjend med denne problemstillinga. Det kom også fram at SMF ønskte å få sett lys på prøveordninga ut fra ein sosiologisk synstad. Med sosiologi i fagkrinsen vart dette eit aktuelt emne for ei hovudoppgåve for meg. Eg tok kontakt med prosjektleiar Harry Rishaug som orienterte om noen av dei mange problemfelta som prøveordninga innebar.

Etter å ha skissert ein del tilnærmingsmåtar la eg desse fram for ein faglærer ved Institutt for sosiologi og samfunnskunnskap. Han peikte på ei lang rekke problem som eg ville møte ikkje berre i startfasen, men under heile arbeidet (noe som på mange måtar gjekk i oppfylling). Min tvil om eigen kompetanse vart vunnen over i samtale med fagvegleiar ved MIT, Arne Holen. Han meinte det var sider ved ei slik oppgåve ein musikkvitar kunne uttale seg betre om enn ein sosiolog.

Det kom fart i arbeidet med problemstillingar, metodeopplegg og avgrensingar på nyåret 1981. Gjennom møter og samtaler vesentleg med TKM-tilsette Bjørn Aksdal, kom vi fram til eit spørjeskjema og eit opplegg for oppgåva. Dette presenterte vi for leiinga i SMF som etter klårgjering i Skolestyret godtok opplegget som delprosjekt i evalueringa av SMF (Vedlegg 1).

Rekrutteringa til musikkskolane varierer truleg frå kommune til kommune og frå landsdel til landsdel. I utgangspunktet hadde vi høve til å granske så vidt ulike kommunetypar som Bjugn, Sandnes og Trondheim. Vi kunne på den måten få eit tilnærma bilete av rekrutteringa på landsplan.

Vi valde å avgrense undersøkinga berre til Trondheim mellom anna fordi vi rekna med at eventuelle verknader av det opne opptaket var komme lengst her. I tillegg valde vi å konsentrere oss berre om elevar som var registrerte som medlemmar ved TKM. Valfagelevar som TKM-lærarar hadde i grunnskolen som følgje av SMF, fall difor utanfor. Denne gruppa hadde korkje økonomiske eller musikalske stengslar for å ta musikkopplæring, og kunne vore ideell som samantlikningsgruppe for TKM-elevar. Men å skaffe eit stort nok utval innanfor tidsgrensene som vi hadde sett, kunne bli vanskeleg. Det var også andre grunnar til at vi ikkje tok med denne gruppa. Slike vil komme fram i neste hovudavsnitt. Rammene for ei hovudoppgåve kunne dessutan lett sprengjast både i omfang og tid ved å femne for vidt.

I det følgjande vil vi gjere greie for kva som leia oss fram til hovudproblemstillingane i denne oppgåva.

## 1.2. Målsetjing og TKM

Vi har tidlegare peikt på at TKMs innføring av det opne opptaket var i same ånd som det styresmaktene gjennom Mønsterplanen og Norsk kulturråds utval gjekk inn for.

I TKMs målsetjing oppstartingsåret heitte det mellom anna:

"I samsvar med Mønsterplanens intensjoner skal TKM:

- gi best mulig og rimeligst mulig gruppe- og spesialundervisning i musikk/musikkdramatiske aktiviteter til "flest mulig av de barn/ungdommer i Trondheim kommune som har særlige interesser og forutsetninger på dette felt." (Dalin m.fl., 1981:34).

Medan det på dette tidspunktet heitte opptak av "flest mulig" av de barn/ungdommer som hadde særlig "interesse og forutsetninger", kom det opne opptaket til å bety ei faktisk endring av målsetjinga til TKM. Ei ny målformulering vart gjort gjeldande 1980. Der heitte det mellom anna:

"I samsvar med Mønsterplanens intensjoner skal TKM:

- støtte grunnskolen i de frivillige musikkaktiviteter som foregår f.eks. i skolekor, -korps, -orkester o.l.
- gi vokal og instrumental grunnopplæring i grupper til alle interesserte barn og unge i førskole/grunnskolealder som ikke får slik undervisning gjennom barnehage eller grunnskolens valgfagopplegg.
- gi spesiell musikkundervisning (gruppe og/eller individuelt) til alle interesserte elever som har nådd ut over grunnopplæringsstadiet." (Vedlegg 2)

I grunnlegginga for forslaget vart det lagt vekt på fleire heilt sentrale grunnprinsipp:

- at alle menneske har musikalske evner
- at musikk også er skaping og fellesskap
- at musikkundervisninga må gå føre seg i barnets nærmiljø
- at musikkskolen må integrerast i den obligatoriske grunnskolen.

Her kom det klårt fram at TKM ved den nye målsetjinga har presisert sin funksjon som eit service-tilbod til grunnskolen og det frivillege musikkliv.

Vidare merka vi oss at "flest mulig" no vart til alle interesserte, - og som ein konsekvens av dette - at kravet til "forutsetninger" som var med i den første målsetjinga, vart teken bort.

I grunnlegginga for den nye målsetjinga er det ikkje tvil om at musikkopplæring vart sett på som allmenndannande - og dermed har musikkskolen ikkje lenger berre til hensikt å vere utvalskole for spesielt musikkgåverike elevar.

Musikkskolen i Trondheim har såleis samanfallande mål med grunnskolen.

### 1.3. Likskapstanken overført til musikkskolen

Likskapsomgrepet har tradisjonelt stått sentralt i utdanningspolitikken. Dette omgrepet kan imidlertid gjevast ulikt innhald. Dette vert gjort greie for i NOU-rapporten Utdanning og ulikhet (Hernes og Knudsen, 1976).

Formallikskap vil seie at alle formelt sett har lik adgang til utdanning. Dette vart innført i Noreg ca. 1860. I etterkrigstida har omgrepet ressurslikskap stått sentralt. Fri skole, gratis utdanningsmaterieil og ulike støtteordningar skulle gjere høve til utdanning hos den enkelte uavhengig av opphavsfamiliens økonomiske situasjon. Det offentlege skulle sjå til at det sto like økonomiske ressursar bak kvar elev.

I stigande grad er likskapsomgrepet tillagt eit vidare innhald. Ved resultatlikskap skal ideelt sett dei resultata den enkelte oppnår vere uavhengig av sosial bakgrunn. For å oppnå dette må det offentlege komme inn og gje nok støtte i form av ekstra hjelp og innsats for at alle skal nå den same grunnleggjande standard. Dette idealet kan ein tenke seg utforma på to vis.

For det første kan prinsippet om sjanselikskap liggje til grunn. Det vil seie at det for alle - uansett sosial bakgrunn - ideelt sett skal vere like store sjansar for å få ein viss utdanning eller oppnå visse prestasjonar. Poenget er at individ frå lågare sosiale lag skal ha same sjanse til å nå til topps eller bunns i utdanning som individ frå høgare sosiale lag.

For det andre kan ein tenke seg at alle skal nå dei same grunnleggjande standardar. Med dette tar ein sikte på å endre dei sosiale strukturar slik at avstanden mellom sosiale lag forminskast.

Det kan ikkje vere tvil om at ved innføringa av ope opptak har musikkskolen lagt tilhøva til rette for formallikskap. Ved låg årsavgift, friplassordning, vektlegging på

undervisning i lokalmiljøet og stor grad av utleige av instrument er det også tale om at musikkskolen strekkjer seg mot ressurslikskap.

I målsetjinga ligg det at musikkskolen meiner å kunne oppnå ein viss felles grunnleggjande standard for alle - nemleg at alle kan ha glede av musikk gjennom grunnopplæringa. Med dette minimumsmålet for alle kan det også vere tale om resultatlikskap ved musikkskolen. I så fall - sidan den er frivilleg - kan det vere tale om sjanselikskap som målsetjing. Det vil her seie at dei som vel å ta til ved musikkskolen bør vere likt representerte frå alle sosiale lag i høve gjennomsnittet for Trondheim.

Trass i formallikskap, ressurslikskap og målsetjingar om resultat- og sjanselikskap i den offentlege norske skole, var dei viktigaste konklusjonar i Hernes og Knudsen si gransking slik:

- "I Forskjeller i skoleprestasjoner i grunnskole og valg av videre utdanning er knytt til elevenes familiebakgrunn, dvs. foreldres sosioøkonomiske ressurser og stilling i den sosiale lagdeling.
- II Forskjeller slår ut allerede tidlig i utdanningen. På videre utdanningstrinn foregår en sosialt betinget utsiling. Elever fra høyere sosiale lag blir værende lengst i utdanningssystemet (uavhengig av evnenivå) og får gjennomgående høyere utdanning." (Hernes og Knudsen, 1976).

Ut frå målsetjing om resultat- og sjanselikskap gav desse resultata grunn til ettertanke. Det vart peikt på at desse skilnadene var freista blitt reduserte ved utviding av skoletilbod og utbygging av støtteordningar. Men det er nok grenser for kva ein kan oppnå ved slike tiltak i ein utjamningssamanheng. Dei er nødvendige, men neppe tilstrekkelege.

Skilnadene mellom musikkskolen og den allmenne skolen er klår i og med at musikkskolen er eit fritidstilbod. Men med stor utbreiing og ei målsetjing som ligg nær grunnskolens, er det ein del felles trekk. Grunngevingane for

dei påviste skilnadene har difor relevans for rekrutteringa til musikkskolen. Heimebakgrunnen synes her å ha avgjerande mykje å seie.

#### 1.4. Kvifor heimebakgrunnen står sentralt

Heimen si avgjerande stilling i høve til andre faktorar som er med å påverke åtferd og utvikling til barn, er gjort greie for i boka Barne- og ungdomspsykologi (Evenshaug og Hallen, 1977). Familien vil for dei fleste barn representere faste forankrings- og referansepunkt i førskolealder og dei første skoleåra. Men i tillegg har gjerne barn knytt kontaktar med og motteke impulsar frå personar, grupper og insitusjonar utanfor familien. På ein måte kan familien fungere som eit filter for påverknad frå slike faktorar. På den andre sida kan familien sjølv påverke og bli modifisert av dei same faktorane. Sannsynlegvis er det rett å seie at familiens direkte og ytre registrerbare betydning vil avta gradvis etter kvart som kontaktområdet til barna vert utvida og andre autoritetar kjem inn i biletet. Av desse nemner Evenshaug og Hallen tre hovudgrupper: 1) Barnehage, skole, kyrkje, 2) jamaldringar, 3) massemedia. Det vert understreka at forholdet mellom barnet og dei ulike sosialiseringsfaktorane og mellom desse innbyrdes er eit svært innfløkt nettverk av gjensidige relasjonar.

Kvifor barn tek til på musikkskolen kan vere mange og kan variere med alderen. Den rolle musikkskolen spelar for elevar i ulike aldrar kan sameleis variere. Kanskje dette vil syne seg i ulik rekruttering på dei høge og låge alderssteg. Utviklingspsykologiske teoriar og forskning om utviklinga til barn kan ytterlegare kaste lys over dette.

##### 1.4.1. Heimebakgrunn og ulikskap

Ein viktig føresetnad for å gjere det godt på ulike område synes å vere såkalla kognitivødugleig. Dette omgrepet inneheld slikt som evne til å manipulere ord og

tal, evne til å skjønne munnlege og skriftlege utsagn og instruksar, og evne til logiske slutningar og problemløysingar. Under dette omgrepet kan også kjenneteikn på musikalsk dugleik som tonetreff, melodi- og rytmegjen-taking o.l. telje.

I følgje utviklingspsykologiens mest sentrale teoriar skjer den kognitive utviklinga til barn i ein stegvis prosess (Evenshaug og Hallen, 1977). Mest sentralt i denne utviklingsprosessen er tileigning og bruk av språket (Mussen, 1963). Denne utviklinga skjer for ein stor del i førskolealder. Også andre kognitive dugleikar vert fastlagde så tidleg. Mellom anna understrekar musikkpedagogisk forskning kor viktig for seinare musikktilknytt utvikling det er med barnesentrert undervisning første leveåra (Jensen m.fl., 1975). Barn viser imidlertid store individuelle skilander i kognitiv utviklingstempo og nivå på same alderssteg. Med andre ord kan jamaldringar ta til på musikkskolen med ulike føresetnader.

Mange tilhøve verkar som vi har sett, inn på kognitiv dugleik til barn på tidlege alderssteg. Arv er ein vesentleg faktor (Mussen, 1963). Men også oppvekstkår i familien og det nære sosiale miljø er avgjerande for utviklinga. Særleg viktig er den språklege stimulans av verbale prestasjonar i heimen (Jencks, 1972). Også musikksosiologisk forskning har understreka kor sentralt miljøet er for utvikling av musikkinteresse og musikalsk dugleik:

"Den musikaliska uppväxtmiljön betyder sannerligt mer enn 90 procent för det kommande musikkinteresset. Har man under uppväxtåren inte fått kontakt med visst slag av musik, är det högstosannoligt att denne kontakt kan etableras vid vuxen ålder." (Ling, 1970).

Kva slags familiar som maktar å gje barn gode føresetnader for språk og musikalsk utvikling er imidlertid ikkje tilfeldig.

Utanlandsk forskning tyder klårt på at barn frå lågare

sosiale lag har ikkje uvesentlege handikap når det gjeld språk (Bernstein, 1969). Det viser seg at barn i familiar frå lågare sosiale lag gjennomgåande tek mindre del i verbal leik og samspel med foreldra, og at foreldra her i mindre grad gjev barna lønn for språklege framsteg. I tillegg har barn frå høgare sosiale lag også fordelar gjennom arvelege føresetnader for kognitiv utvikling (Jencks, 1972). Kognitiv dugleik til barn samvarierer altså med opphavsfamiliens sosioøkonomiske ressursar og stilling i den sosiale lagdelinga.

#### 1.4.2. Heimar med ulike verdiar

Prestasjoner er i tillegg til intellektuelle ressursar avhengig av at eleven er motivert og har vilje til å utføre oppgåvene han eller ho møter. Også på dette feltet vil ein finne skilnader i heimemiljø eleven kjem frå. Ein vil sjå at det er skilnader i den verdi som knyter seg til skolegang og abstrakt læring. Foreldre som sjølv tillegg læring og utdanning stor verdi, vil truleg oppmuntre barna sine til flid og interesse for skolearbeid alt frå første skoleår. Det har synt seg at interessa til foreldra for skolearbeidet til barna og forventningar til deira innsats på skolen varierar med sosial status til familien (Boocock, 1972).

Også norske undersøkingar har rørt ved dette emnet. Familien i klassesamfunnet (Holter og Henriksen, 1975) kasta lys over feltet ved ei klasseanalyse og opererte med omgrepet delkultur. Undersøkinga synte klåre klasse-skilnader med omsyn til kva slags eigenskapar foreldra ønskte at barna deira skulle få. Borgarlege foreldre la hovudvekt på at barna skulle bli sjølvstendige. Arbeiderklasseforeldra ønskte først og fremst at barna deira skulle vere lydige og høviske og syne respekt.

Overføring av det som her er sagt om språk, prestasjonar og verdiskilander i heimen, til å gjelde tilsvaranda forhold for musikkoppseding, bør gjerast med varsemd.

Musikalsk dugleik kan imidlertid felle inn under samle-omgrepet kognitiv dugleik. Omgrepet musikalsk dugleik er av interesse i særleg musikkpedagogisk samanheng. Ulike synspunkt på kva slags innhald dette omgrepet kan ha, er mellom anna gjeve i bøkene Musikkpedagogisk grunnbok (Vea og Leren, 1972:60-80) og Musikopleven og musikformidling (Jensen m.fl., 1975:83-158).

Omgrepet kognitiv dugleik er knytt til Piagets teoriar som kort sagt ser på den intellektuelle utviklinga som ein "tilpasningsprosess" (Evenshaug og Hallen, 1975:52). Å knyte musikalsk dugleik til omgrepet kognitiv dugleik kan i vår samanheng vere fruktbart som teoretisk tilnærming. Dei nemnde bøkene reflekterer imidlertid fleire angrepsvinklar på omgrepet "musikalsk" utvikling og dugleik.

Kva vi har lagt i omgrepet musikalsk bakgrunn er nærare drøfta i kapitlet om dette emnet.

Overføring av resultat om utdanning i skoleverket (Utdanning og ulikhet) til å gjelde musikkskolen må også gjerast med varsemd. I "Nordlandskomiteens" innstilling kan vi om bruk av fritidsaktivitetar lese:

"...at de skoleflinke i større grad enn andre makter å benytte tilbud som finnes, og i større grad kan utnytte en ny situasjon.

De ressursfattige har lett for å gi opp et tilbud, eller la være å bruke det, fordi de ikke har tillit til at det virkelig er noe for dem. ... De nye tilbudene er skremmende fordi de er ukjente."

(Nordland m.fl., 1977:107).

Sidan sambandslinjene til resultat frå skoleundersøkinga er så klåre, kan vi med dette ha grunn til å tru at liknande tilhøve gjer seg gjeldande i musikkskolen. Resultat vi her har synt til går både på sosiale og musikalske/kulturelle bakgrunnstilhøve, og forholdet mellom sosiale og musikalske/kulturelle bakgrunnstilhøve.

### 1.5. Tidlegare forskning og arbeidshypoteser

Undersøkingar om musikkskolen der foreldrebakgrunnen til elevane vert grundig drøfta, kjenner vi ikkje til.

Tødaas var i si undersøking om musikkmiljø hos ungdomsskole-elevar i Trondheim 1975 (Tødaas, 1978) inne på bakgrunnsforhold hos TKM-elevane. Han brukte bustad-type som indikator på sosial bakgrunn. I høve til utvalet på 1032 elevar registrerte han ein underrepresentasjon av TKM-elevar i "blokk/leiegård" og overrepresentasjon i "enebolig". Han meinte dette kunne tyde på ei skeiv sosial rekruttering. Eit lite utval på 88 TKM-elevar og eit tvilsamt mål for sosial bakgrunn gjorde resultata usikre. Men det var rimeleg at rekrutteringa på dette tidspunktet var i tråd med det Tødaas fann, mellom anna fordi undersøkinga vart gjort første hausten med ope opptak.

Vi vil i det følgjande vise til undersøkingar som grensar opp til problemfeltet vårt.

Hveding undersøkte alle skolebarn på 3.-7. klassesteg ved Statøvingsskolen ved Tromsø lærarskole skoleåret 1956-57. Ho trakk inn musikalsk verksemd i heimen og fann mellom anna:

"En jamføring med foreldrenes yrkes og utdannelsesnivåer viser at på de "høyere" nivåer finnes i regelen både flere og dyrere instrumenter som f.eks. piano, enn på "laveste" yrkesnivåer, hvor trekkspill er et relativt hyppig forekommende instrument."

(Hveding, 1966:2:5).

Sjølv om undersøkinga er over 20 år gamal peika den på ulike instrument og sosial tilknytnad - noe som truleg er aktuelt til alle tider.

Johansen la i 1975 fram ei undersøking der "Skolekorps betydning som musikalsk og sosial institusjon" var tittelen. Han undersøkte tidlegare elevar ved Byåsen skole i Trondheim,

og skilte mellom elevar som hadde vore med i korps og dei som hadde stått utanfor. Definert ut frå yrke til føresette kunne ikkje materialet hans påvise sosioøkonomiske skilnader mellom nemnde grupper. Det kom imidlertid fram at "korps-gruppa" i større grad hadde musikalsk bakgrunn.

Granskinga byggjer på knapt utval og var geografisk avgrensa til ein bydel i Trondheim. Den gjev oss likevel ein viss peikepinn når det gjeld elevar på korpsinstrument og sosial og musikalsk bakgrunn.

Ei undersøking frå 1977 handlar om sosial rekruttering til musikkklæreryrket (Hansen m.fl., 1977). Fem undervisningsinstitusjonar frå dei største byane i Noreg var med i undersøkinga. Resultata synte stor underrepresentasjon frå arbeiderklassen i rekrutteringa til musikkklæreryrket. Dessuten var det musikalsk aktivitet i dei fleste av heimane til studentane.

Ei skeiv rekruttering til musikkklæreryrket kan ha konsekvensar for innhaldet i musikkformidlinga i skolen - også for musikkskolen. Det er imidlertid rekruttering til ein musikk institusjon som for oss har særleg interesse. Denne undersøkinga saman med Simonsen si undersøking tok føre seg eldre elevar/studentar enn kva som er aktuelt for musikkskolen. (Simonsen, 1977).

Simonsen nærma seg rekrutteringa til musikkgymnas i Oslo-området ut frå ein klasseanalyse modell. Ho tok føre seg sosiale og musikalske bakgrunnstilhøve. Undersøkinga synte at arbeiderklassen var klårt underrepresentert i høve til folkemengda i området. Det vart også påvist at musikklinje-elevane i stor grad kom frå musikkaktive og musikkinteresserte heimar. Ho fann ein samanheng mellom klassetilknynad og det som vart kalla investeringar i musikk. Dette gjekk på instrument heime, avspelingsutstyr og musikkundervisning til foreldre eller søsken. Innhald i musikkutøving og aktivitet i tillegg til musikkpreferanse synte imidlertid ikkje samanfall med sosial bakgrunn.

Vi merka oss at både Tødaas og Simonsen påviste jentefleirtal for respektive TKM og musikkgymnas.

Også Simonsen bygde på få einingar i utvalet. Resultata kan difor ha liten verdi utover gymnasa som vart undersøkte. Samanhengen mellom klassetilknytnad og visse indikatorar for musikalsk bakgrunn strekar likevel under teoriar om ulike delkulturar i eit samfunn. Enkelte kan gå parallelt medan andre på tvers av sosiale eller klassefastsette skiljelinjer. Simonsens undersøking kan tyde på at det også innanfor musikk/musikk-kulturar finst slike delkulturar.

Med referansane som vi her har synt til, har vi ikkje freista byggje opp under eit heilskapsbilete ut frå sosiologisk eller utviklingspsykologisk synsstad. Det som er komme med, er farga av eigne referanserammer ut frå det mål å kaste lys over ymse sider ved bakgrunnen til elevane ved TKM. På grunnlag av desse granskingane kan vi vanskeleg tru at ope opptak åleine vil føre til ei fullstendig sosioøkonomisk utjamning. Men det er eit nødvendig steg på vegen. Det kom også tydeleg fram at lågstatusfamiliar med barn i dei yngste aldersstega er ei viktig musikk- og sosialpolitisk målgruppe for musikkskolen.

Med bakgrunn i desse undersøkingane har vi sett fram følgjande arbeidshypoteser:

- Det eksisterer skeiv sosial og musikalsk rekruttering til ein open musikkskole.
- Barn i familiar frå lågare sosiale lag/arbeiderklassen er underrepresenterte ved ein open musikkskole.
- Det eksisterer ein samheng mellom sosial og musikalsk bakgrunn.
- Rekrutteringa til visse instrument er avhengig av sosial bakgrunn.

- Barn i familiar frå høgare sosiale lag er overrepresen-  
terte i dei yngste aldersgruppene.
- Barn i familiar frå høgare sosiale lag er lengst ved  
ein open musikkskole.



K A P. 2  
M E T O D E

## 2.1. Innleiing

Hovudproblemstillinga i denne oppgåva galdt sosial og musikalsk bakgrunn til elevane ved ein open musikkskole - nærare fastsett til Trondheim Kommunale Musikkskole.

Med bakgrunn i Utkant-Noreg har eg tidlegare korkje vore elev eller lærar ved noen musikkskole. I utforminga av problemstillingar, løysingar av metodeproblem og ikkje minst tolking av data, har det difor vore nødvendig med eit nært samarbeid med tilsette ved TKM. Ved deler av arbeidet var ikkje denne kontakta like aktuell. I sluttfasen - når tidspresset melde seg - skulle eg likevel ha ønskt kommentarar frå tilsette som steller med administrasjon eller elevar til dagleg. Medstudentar som også var timelærarar ved TKM, hjalp imidlertid til å oppklåre mange mistydingar og var hjelpsame med vurderingar av funn.

Det var også nødvendig å søkje fagleg hjelp til både EDB-handsaming og sosiologisk metodearbeid. Slik hjelp fann eg i miljøet på Dragvoll, Lade og NTH.

Eg vurderer rolla mi som utanforståande til TKM både som ansvarsfull og objektiv - i den grad noen kan vere objektiv. Ansvarsfull er den i og med at eg har det for auge å søkje nødvendig kunnskap og gjere så rette metodiske val som mogleg, - og objektiv i den forstand at eg har fridom til å stå på konklusjonar - "akseptable" eller ikkje for TKM - som materialet gjev grunnlag for å trekkje.

Det seier seg sjølv at eg som hovudfagsstudent etter kvart som arbeidet skreid fram, tilegna meg nye røynsler. Som ein konsekvens av dette, ønskte eg i enkelte tilfelle at tidlege løysingar var gjort annleis. På den andre sida vart emner som opphavleg var tenkt på ein viss måte, endra. Nye problemstillingar gav ny retning og innhald i enkelte avsnitt.

Sidan så mange har komme med råd og hjelp, er oppgåva ført til papiret med det personlege proneomenet vi.

## 2.2. Val av metode

SMF var i ferd med å avslutte prøveperioden i det vi vart knytte til prosjektet. Det var særleg interesse for effekten av det opne opptaket som gjorde det aktuelt med ei undersøking om sosial og musikalsk bakgrunn til musikk-skole-elevane. Dette gjorde at vi i realiteten ikkje sto overfor noe val med omsyn til design.

Eksperimentell design var umogleg av tekniske grunnar. Vi hadde ikkje pålitelege og relevante data frå starten av prøveordninga. Vi kunne av tidsmessige grunnar heller ikkje skaffe oss slike data ved å stille same spørsmål ved to tidspunkt. Avstanden mellom slike tidspunkt burde etter vår meining vere meir enn to år.

Mange problemstillingar (t.d. storleik på årsavgift) som rører ved det opne opptaket har vore påverka av ulike krefter sidan starten av prøveordninga. (Ei skisse over slike krefter er gjeve i Dalin m.fl., 1981:10). Innføringa av det opne opptaket er i seg sjølv eit resultat av slike krefter.

Ved ein eksperimentell design måtte anten så pass mange faktorar vorte haldne "konstante" over lengre tid, og dermed ødelagt dynamikken i prøveordninga, eller målingane hadde vorte så avgrensa at dei hadde meir akademisk interesse enn nytte for den vidare utbygginga av musikk-skolen.

Valet måtte difor felle på ein ikkje-eksperimentell design som kan sjåast på som etter-studie av innføring av ope opptak.

Bak dei framsette problemstillingane ligg spørsmålet om effekten av det opne opptaket - sjølv om vi altså ikkje kan måle dette direkte. Her har spørsmålet om representasjon ein framskoten plass. Kravet til indikatorane for sosial og musikalsk bakgrunn var difor at desse kunne samanliknast med tilsvarende opplysningar om folkemengda

i Trondheim. Dette styrte i stor monn undersøkinga vår. Oppgåvene vi var ute etter galdt først og fremst foreldre og føresette til TKM-elevane. Vi var interessert i typen "hard-data", og dessutan i å ha eit stort og representativt utval. Haldningar ville få ein tilbaketrekt plass. Vi måtte sjølve skaffe opplysningar om foreldrebakgrunnen som sto så sentralt i problemstillingane.

Vi vart fort samde om at foreldra skulle svare på spørsmål både om seg sjølve og barn dei hadde i musikkskolen.

Val av spørjemetode fall på post-enquete. Den hadde fordelar som vi trong. Med låge kostnader kunne den på kort tid nå ut til eit stort tal personar som kunne bu spredd utover i kommunen. Med lovnad om garanti for anonymitet, meinte vi post-enquete kunne by på fordelar også når det galdt å få pålitelege data om sosiale tilhøve. Ved fråver av intervjuar kunne svararane kjenne seg friare og vere meir villige til å svare på spørsmål som dei oppfatta som personlege eller sosialt uakseptable (Hellevik, 1975).

Derimot kunne data om musikalske forhold bli av meir usikker karakter. Kva som er musikalsk bakgrunnstilhøve kan det for det første vere usemje om. For det andre kan det vere problematisk å operasjonalisere dette omgrepet - ikkje minst ved å vere tilvist avgrensa plass på eit spørjeskjema. Då seier det seg sjølv at post-enquete berre ufullstendig kan gje oppgåver om musikalske bakgrunnstilhøve. Slike spørsmål er grundigare drøfta i kapitla om desse emna.

### 2.3. Om datamaterialet og innsamling av data

Det empiriske materialet som denne oppgåva byggjer på, er henta frå statistikk TKM hadde om elevane i tillegg til opplysningane som kom fram ved spørjeundersøkinga. Dessutan har vi nytta oppgåver frå Statistisk Sentralbyrås (heretter avkorta til SSB) folketeljing 1980 og undersøkingar som grensar opp til vårt problemfelt.

Her vil vi kommentere spørjeskjema og TKM-statistikk.

### 2.3.1. Spørjeskjemaet (Vedlegg 3.4)

Ved utforminga av spørjeskjemaet arbeidde vi etter ein del mål. Eit mål var å stille spørsmål slik at vi fekk data som kunne samanliknast. Til dette brukte vi strukturerte svaralternativ og opne spørsmål. I datahandsaminga kom det fram opplysningar i dei opne spørsmåla som vi kunne ha tenkt oss å spurt alle om, f.eks. tidlegare korpsmedlemskap. Slikt kunne ha blitt avdekt ved ei avgrensa føre-undersøking.

Spørsmål om subjektive vurderingar av emner som musikk-interesse, øvetilhøve o.l. har fått ein tilbaketrekt plass i oppgåva. Innhaldet i spørsmåla som er tekne med, vil vi komme tilbake til i dei empiriske kapitla.

Eit anna mål var å få høg svarprosent frå alle samfunns-grupper. Spørsmåla måtte difor vere lette og eintydige og enkle med få ord. Det måtte komme tydeleg fram kven og kva spørsmåla galdt. Særleg la vi vekt på god lay-out og lette spørsmål på første arket.

Likevel var det ein del av respondentane som skreiv "uklart" ved spørsmål 3c, 11a og dei to siste utsegna som dei skulle ta stilling til.

Med ei ramme på fem sider måtte vi komprimere ein del spørsmål (t.d. sp. 2 og 3c) og utelate emner som t.d. musikkpreferanse og øve/spele-tid.

Vi let seks tilsette ved TKM svare på eit utkast som vi meinte kunne brukast. Dette førte til små endringar. Størst var tilføyinga av spørsmålet om musikkutdanning. Som nemnt kunne det ha vore tenkeleg med ei litt større føre-undersøking.

Vi la også utkastet fram for sosiolog Kristen Ringdal for å få hans vurdering, og få avdekt eventuelle spørsmål som kunne bli vanskeleg å data-handsame. Han meinte spørsmåla var dekkjande for problemstillingane våre. I samråd med

han valde vi å spørje halvparten av TKM-elevane. Dette vart avgjort med bakgrunn i at vi var to som kunne leggje data inn på EDB-anlegg. Med omsyn til koding (og sommarferie) vart det likevel berre ein som gjorde det.

### 2.3.2. Statistikk frå TKM

TKM nyttar "Kommune-data Midt-Norge" og har på denne datasentralen opplysningar om elevane. Der er eininga musikkskoleplass som vil seie at ein elev som har opplæring på to instrument vert talt to gonger. Tal på opplæringsinstrument og musikkskoleplassar vert såleis det same.

Opplysningar som vi var interessert i, var fødselsår (alder), namn (kjønn), opptaksår (lengd i TKM), opplæringsinstrument, hald av privat telefon og friplass. Vi sparte mykje plass på spørjeskjemaet ved å hente data herifrå. Desse data skreiv seg mellom anna frå innmeldingsskjema til TKM.

### 2.4. Utvalsmetode

Til eining i oppgåva kunne vi ha valt elev eller musikkskoleplass, men ville då møte problem med fleire søsken i TKM og opplæring på fleire instrument. Vi valde familien til eining mellom anna fordi problemstillingane gjekk så mykje på foreldrebakgrunn.

Meininga var først å velje ut ein elev frå kvar familie. Vi hadde imidlertid data om søsken ved TKM også, og ved å nytte dei, kunne vi på ein enkel måte auke datatilfanget. Søsken måtte vi i alle høve freiste å finne for å unngå dobbel utsending.

Vi fekk "Kommunedata" til å liste ut alle musikkskoleplassar i alfabetisk rekkefølgje etter adresse. På den måten rekna vi med at søsken ville bli lista ut i nærleiken av kvarandre. I tillegg til same bustadsadresse kunne vi kjenne søsken att ved å kontrollere etternamn og/eller telefonnummer. Namnet på første barnet på lista frå kvar familie skulle skrivast på utsendingskonvolutten. Kven

som sto først, var tilfeldig med omsyn til alder, opptaksår, kjønn og instrument.

Dersom elevar hadde flytta og ikkje meldt adresseendring, kunne vi berre på slump oppdage om dei hadde søsken med rett adresse i lista. På spørjeskjemaet hadde vi difor eit kontrollspørsmål for tal på søsken ved TKM. Dette gav også svar på mange tilfelle vi var i tvil om. Vi er klår over det usikre ved å nytte bustadsadresse, etternamn og telefonnummer som utveljingskriterier. Det var likevel ein grei og praktisk metode som altså har ein del feilkilder.

Vi tok annankvar familie på lista ved å trekkje ut annankvar musikkskoleplass som ikkje ved tidlegare trekning hadde synt seg å tilhøyre ein familie. Vi leita så etter søsken til denne og den påfølgjande musikkskoleplass, for så å halde fram med trekninga. Ved ein slik utveljingsmetode rekna vi med at alle grupper ved TKM ville bli tilfredsstillande representerte. Vi kontrollerte imidlertid for dei som hadde friplass.

Opphavleg meinte vi denne gruppa var viktig fordi den truleg representerte ei sosioøkonomisk målgruppe for TKM. Vi sende difor spørjeskjema til alle familiar som hadde friplass. Det ville imidlertid bli både tidkrevjande og metodisk meir komplisert å handsame ei overrepresentert subgruppe. Vi valde difor å nytte oss berre av den først utvalde halvparten av familiar med friplass.

Vi gav kvar utvalt familie eit nummer og nummererte spørjeskjemane frå ein til 1005. I tillegg kom resten av friplassgruppa slik at tilsaman 1065 skjema, orienteringsbrev og frankerte returkonvoluttar vart sendt ut.

Dette skjedde straks over påske - onsdag 22/4 1981.

## 2.5. Fråfallsanalyse

Vi avgjorde før utsendinga å ha to purringar (Vedlegg 3).

Tidlegare forskning har synt at purring aukar svarprosenten, og to oppfølgingar med 14 dagars mellomrom vart tilrådd (Babbie, 1972).

Om amerikanske post-enquetear rekna Babbie ein svarprosent på minst 50% som adekvat, minst 60% som god og 70% og høgare som svært godt resultat. Det var difor overraskande at vi nådde ein svarprosent på over 90%.

Tabell 2.1. Svarprosent etter grupper

| Grupper                  | Prosent | N    |
|--------------------------|---------|------|
| Ordinært utval           | 91,6    | 995  |
| Friplassgruppe i utvalet | 92,1    | 64   |
| Heile friplassgruppa     | 92,6    | 122  |
| I alt                    | 91,5    | 1065 |

Kontrollspørsmålet om søsken i TKM førte til justeringar på 38 familiar. Noen familiar hadde altså fått dobbel sending. Totalt medførte dette ein reduksjon på berre 10 einingar. Vi må difor rekne med at talet på familiar ved TKM som er involverte i denne undersøkinga er høgare enn talet for dei som ikkje vart spurde.

Tabellane 1-8 i vedlegg 4 viser at fråfallsgruppa hadde lite eller ingenting å seie for prosentfordelingane mellom den uttrekte gruppa og gruppa som svarte. Prosentfordelingane kontrollerte vi for instrument, kjønn, alder, lengd i TKM, hald av telefon og friplass.

Sett i høve til utvalgsgruppa var det i fråfallsfamiliane underrepresentasjon av piano- og strykeinstrumentelevar og overrepresentasjon av el-orgel og blåseinstrumentelevar. Det var også underrepresentasjon av familiar som hadde telefon. Mellom anna med det som vi fann i kapitlet om

opplæringsinstrument og status, kan dette tyde på at fråfallssgruppa har noe lågare sosioøkonomisk status. Vi kan ikkje seie dette sikkert, men det stemmer med tidlegare forskning på området (Ilstad m.fl., 1977).

Sikkert var det imidlertid at familiane i fråfallssgruppa hadde i gjennomsnitt færre musikkskoleplassar pr. familie (1,21 mot 1,38 plassar pr. familie i svargruppa) (Vedlegg 4).

Familiar med fleire enn ein musikkskoleplass var sterkare innvolverte i TKM, og det kan tenkast at dei av den grunn hadde større interesse av å svare på spørjeskjemaet og på den måten støtte ei slik undersøking.

Med så høg svarprosent og så små målbare skilnader mellom fråfallssgruppa og utvalsgruppa, kan vi rekne svargruppa svært representativ for utvalet.

Forklaringane til den høge svarprosenten kan vere mange.

Vi kan nemne at etter utsendinga mottok vi ein del telefonar frå foreldre som klaga fordi dei ikkje hadde fått spørjeskjema. Vi fekk også høyre at det i lunchpausene rundt omkring på arbeidsplassane vart snakka om undersøkinga. Dette kunne tyde på at ved å sende ut så mange skjema, oppnådde vi ein viss "mote-effekt".

Noen ringte også og spurde om dei var nøyddé til å svare. Rektor Kåre Opdal hadde skrive under på orienteringa som følgde med spørjeskjemaet. Respekt for det pioneararbeid han og TKM var involvert i, kunne også vere med å dra opp svarprosenten (Ilstad m.fl., 1977). Kort svarfrist og to purringar hadde også sitt å seie.

Men ein høg svarprosent fortel også om foreldra at det mellom dei generelt er interesse for kva barna deira er med på.

Vi fekk berre tre blanke svarskjema tilbake. Grunngevinga for to var at eleven hadde slutta. For den tredje følgde

eit tre siders brev med rettkommen kritikk av ein del av spørsmålstillingane våre. Vi spurde etter "mor, far og søsken". Klagaren hadde rett i at "langt fra alle barn vokser opp i kjernefamilier i dag". Vi burde heller ha spurt etter føresette eller "andre barn".

Dette hadde vi vurdert og funne bruken av mor/far enklast og sannsynlegvis dekkjande for dei fleste. Bruk av t.d. "foresattes yrke - mann/kvinne" kunne skape psykologisk avstand i høve til "mors og fars yrke". Denne avstanden meinte vi kunne verke negativt på svarprosenten.

Vi såg ikkje bort frå slike tilhøve som respondenten nemnde ved å bruke "foresatte" i orienteringsbrevet.

#### 2.5.1. Representativitet

Tabellane 1, 3 og 4 i vedlegg 4 syner at prosentfordelinga etter instrument, alder og lengd i TKM er så godt som identisk mellom den opphavlege lista (å jour-ført mars 1981) for alle TKM-musikkskoleplassar og det uttrekte utvalet som går etter elevar for dei to sistnemnde variablane. Dette i tillegg til resultata frå fråfallsanalysa gjer oss i stand til utan større atterhald å hevde at svargruppa er eit representativt utval for TKM-foreldra.

Om dette utvalet representerer eit gjennomsnitt av folkemengda i Trondheim med omsyn til sosiale og musikalske kjenneteikn, vil vere eit sentralt spørsmål i denne oppgåva og vil difor bli teke opp i seinare kapittel.

Tabell 2.2. TKM-elevar som går i grunnskolen i høve til  
alle grunnskoleelevar i Trondheim

| Fødselsår | Folkemengda i<br>Trondheim pr.<br>1/12 1980 | Musikkskole-<br>plassar ved<br>TKM pr.<br>14/3 1981 | Musikkskole-<br>plassar i<br>prosent |
|-----------|---------------------------------------------|-----------------------------------------------------|--------------------------------------|
| 1965-67   | 6238                                        | 576                                                 | 9,2                                  |
| 1968-70   | 6463                                        | 1006                                                | 15,6                                 |
| 1971-73   | 6431                                        | 730                                                 | 11,4                                 |
| Sum       | 19132                                       | 2158                                                | 11,3                                 |

Samla representerer grunnskoleelevane ved TKM ca. 11% av alle grunnskoleelvene i Trondheim. Tala byggjer på "Statistisk oversikt for Trondheim 1980" og musikkskoleplassar ved TKM. Skilnad som skuldast at TKM-tala byggjer på musikkskoleplassar og ikkje elevar kan utgjere 0,5% mindre enn satsane som er gjevne opp (1,04 musikkskoleplass pr. elev - sjå s. 162). Vi har her gått ut frå at alle i grunnskolealder går på skole.

## 2.6. Handsaming av data

### 2.6.1. Klassifisering

Før presentasjon og vurdering av data var det nødvendig å klassifisere og kode materialet til datahandsaming.

Spørsmål 3c, 6a, 11aE og 14b måtte vi ha ein viss oversikt for å kunne kode hensiktsmessig. Det same galdt spørsmål om instrument. Det var for tidkrevjande å gå gjennom alle skjemane for å skaffe slik oversikt. Det var heller ikkje nødvendig, då det synta seg at eit utval på 200 hadde med dei fleste svaralternativ.

Vi klassifiserte på eit lågt nivå og fekk såleis høve til mange svaralternativ. Alle kodingar for desse spørsmåla var på tosiffernivå slik at eventuelle nye svaralternativ lett kunne få sin eigen kode. På kodeskjema gjorde vi plass til fleire svaralternativ for kvar eining. Eksempel på

koding og klassifisering på lågt nivå er i vedlegg 3.5.

Bortsett frå 14b er vurdering av inndelingar gjort i den empiriske delen. Vi nemner her at for yrke og utdanning nytta vi SSBs klassifisering, og vi sette mykje inn på at flest mogleg vart rett klassifiserte. Dersom yrke mangla, vart nummer til eininga oppgjeven til kontakta på TKM som så fann fram til foreldrenamn, og sjekka deretter i telefonkatalogen, for så å finne yrkestittel som vart gjeven vidare til klassifisering.

Instrumentinndeling er handsama i avsnittet om instrument i heimen.

### 2.6.2. Koding

Vi la alle data inn på rådatafil. Det gav oss høve til romsleg plass for kvar eining. Ei eining som t.d. hadde 11 namngjevne instrument heime, treng 11 variablar + ein til "ja" på spørsmålet om det fanst noe musikkinstrument heime. Av slike grunnar vart talet på variablar høgt. Rådatafila oversteig 150 "aktive og passive" variablar fordelt på sju linjer for kvar eining.

SPSS-pakken gjorde det mogleg å manipulere med data ved omkoding til færre kategoriar og oppretting av nye variablar basert på eksisterande data (Nie m.fl., 1975).

Vi tok vare på anonymiteten ved å legge data på fil i to bolkar. Først la vi inn data frå TKM-statistikk. Dei henta vi frå lista med mellom anna namn og nummer på einingane. Denne gav vi så til TKM-kontakta vår før vi tok til å handsame spørjeskjemane. Problem med tal på søsken og yrke vart sidan kommunisert ved hjelp av nummer.

Val av familien som eining også i handsaminga av data, var uheldig. Dersom vi hadde valt musikkskoleplass som minste eining, hadde vi spart mykje arbeid. Då vi skulle kryss-tabulere variablar som galdt t.d. søsken, måtte vi i tillegg til SPSS-køyringane, handsame resultata manuelt.

Statistiske testar utanom prosentfordelingar vart difor kompliserte. Liknande problem møtte vi i handsaminga av mødrer og fedrar kvar for seg.

### 2.6.3. Feilsøking

Med så mange einingar vart det for tidkrevjande å kontrollsjekke koding og innlegging av data.

Vi nytta difor ymse metodar for å rette opp klåre feil.

Utdanning og yrke krevde ei viss rutine for å kode. Vi kontrollsjekka difor dei første 400 einingane for desse variablane. Mindre enn 3% vart retta på.

Enkle operasjonar på ED-prosessoren gjorde det mogleg å avsløre "kolonnefeil", dvs. koder som var plasserte feil i kodeskjemaet, og dessutan leite etter verdiar som ikkje skulle vere i visse kolonner (Ja/Nei-spørsmål hadde tre verdiar, 1 = nei, 2 = ja, 9 = utan svar). Ved første SPSS-frekvensutlisting for alle variablane vart ytterlegare slike feil avslørte og retta på. Dessutan kunne vi no kontrollere enkelte summar som skulle stemme. Slike feil vart eliminerte.

Alle ja/nei-spørsmål er rette i og med at det alltid følgjer ei kode etter eit ja-svar. Elles kan vi føye til at ved seinare krysstabellar har vi berre i eit par tilfelle funne klåre feil.

### 2.7. Statistiske teknikkar som er nytta i oppgåva

Vi har basert analysene i denne oppgåva på at flest mogleg lett skal kunne følgje resonnement i data-tolkinga utan å støyte på kompliserte statistiske omgrep. Lesarane skal såleis kunne kontrollere om slutningane våre var rette, og vidare vere i stand til å danne seg motførestillingar og eventuelle alternative hypotesar.

Vi har difor konsentrert analysene om frekvensfordelingar og krysstabellar.

### 2.7.1. Koeffisientar og mål som er nytta i analysa

For sentraltendens i frekvensfordelingar har vi - der dette har vore nødvendig - nytta det aritmetiske gjennomsnittet ( $\bar{x}$ ). Det er lettfatteleg, men er kjenslevar for uregelmessige avvik i ei fordeling.

For spreingsmål er standardavviket eit godt og mykje nytta mål, men kan vere vanskeleg å bli fortruleg med. Vi meiner at ein kan få eit vel så godt - i alle fall tilstrekkeleg - inntrykk av spreing eller variasjon i svara ved å sjå på svarfordelinga på skjøn.

For å gjere det mest mogleg oversiktleg er krysstabellane bygd opp med prosentlar. Dersom total-frekvensane er små, kan prosenten gje eit noe skeivt bilete av realitetane.

Prosentuering er likevel nytta for ikkje å gjere tolkinga unøddig komplisert. Det er mogleg å kontrollere alle frekvensar fordi totalfrekvensen alltid er gjeven ( $N$ ).

Vidare er prosenttala gjevne utan desimalar og avrunda etter vanlege reglar. Dette er gjort for å unngå å gje inntrykk av å vere meir nøyaktig enn kva som er reelt. Dersom prosenttalet er under 0,5, har vi likevel teke med ein desimal.

Hypotesetesting har for ein stor del gått føre seg på skjøn, og det er lagt vekt på vurderingar og moglege forklaringar.

Vi har også nytta statistisk signifikanstesting mellom undergrupper i utvalet. Dette for å avdekkje om skilnader kan skuldast tilfeldige omstende. Dersom vi kan akseptere at skilnadene som vi har funne, i mindre enn 5% skal skuldast tilfeldige omstende, har vi lagt oss på eit signifikansnivå på 0,05. Det er mest vanleg i samfunnsvitskapleg forskning

å setje grensene ved 0,01 eller 0,05 nivået (Ilstad m.fl., 1977).

Normalt krev ein sannsyns-utval for å nytte statistisk generalisering. Vårt utval kan ikkje reknast som det i høve til folkemengda i Trondheim eller i Noreg. Likevel nytta vi slike testar. I ein statistisk test undersøker vi om t.d. ein skilnad kan førast attende til utvalsfeil, tilfeldige målefeil eller tilfeldige prosessar i samfunnet (Ringdal, 1979).

Signifikanstesting er såleis i våre tilfelle ein måte å få eit uttrykk for kva som kan reknast som monalege skilnader i undersøkinga. Men vi gjer merksam på at slike testar kan setje grenser for analysa vår. Det skjer ved ikkje å akseptere observerte skilnader som monalege dersom det er 5% eller større sjanse for at den kunne vere grunna i tilfeldige omstende.

I krysstabellar har vi nytta signifikansen for kjikkvadrat-testen. Verdien på denne seier noe om registrerte samanhengar, men ikkje noe om styrke og retning.

Ved enkelte krysstabellar har vi gjeve opp gamma-koeffisienten som fortel om samanhengen har ein viss tendens. Den varierer frå -1 til 1. For at gamma skal syne samanheng, må tendensen i tabellen vere slik at med aukande verdi på den eine variabelen, så må verdien på den andre anten minke eller auke. Det er difor gamma gjev meining i høve til variablar på ordinalt målenivå.

Gamma krev ikkje at auking eller minking er lineær, det er nok med ein tendens. Til klårare og større tendensen er, til større vert talverdien på gamma. Ingen samanheng gjev gamma lik 0. Der det er få einingar i ein hjørnekategori i ein krysstabell, vert gamma gjerne høg. Dette kallast hjørnekorrelasjon (Hellevik, 1975). Gamma syner altså tendens i lineær eller kurvelineær retning.

### 2.7.2. Konstruksjon av indeks

Dette avsnittet gjev ein generell forklaring på konstruksjon og bruk av indeks. Seinare vil vi komme tilbake til og vurdere kvar enkel av indeksane som kjem til å bli nytta relativt mykje.

Bruk av indeks fell i to ulike område. På den eine sida har vi indeksar som har til hovudhensikt å kunne samanliknast med, dvs. at indeksen standardiserer dei opphavlege variablane. Denne slags indeks vert særleg brukt innanfor demografi og sosialøkonomi (konsumprisindeksen).

På den andre sida har vi indeksar som skal representere eit omgrep eller ein kvalitet vi ikkje kan måle direkte, som t.d. sosiale tilhøve, radikalisme, intelligens o.l. (Høivik, 1974). Det er denne type indeks vi nyttar, og i det følgjande vil vi konsentrere oss om den.

Konstruksjon av indeks er ein måte å forenkle datatilfanget.

I staden for mange ulike variablar vert det konstruert ein ny, som ideelt sett skal gje eit konsentrert uttrykk for informasjonen dei ulike indikatorane inneheld til saman.

Eit anna mål med indeksskonstruksjon er at ein ofte kan få mål som er meir reliable og valide enn dei ulike indikatorane kvar for seg. Reliabilitet går på kor nøyaktig målingar ved undersøkinga er utført, medan validitet er avhengig av kva som er målt, om dette er dei eigenskapane problemstillingane gjeld (Ilstad m.fl., 1977).

Dersom vi slår saman fleire målingar av same eigenskap, aukar reliabiliteten.

Ofte kan ein nytte omgrep av ein slik karakter at ein enkel variabel vanskeleg kan fange inn heile meiningsinnhaldet. I slike tilfelle kan bruk av indeks gje større validitet.

Det vert stilt to krav til indeks. Det eine er at variablane som vert tekne med, teoretisk sett kan sjåast på som indikatorar på same underliggjande dimensjon eller eigenskap. Det andre er at variablane empirisk sett syner at dei høyrer til same dimensjon. Dette vil seie at dei har høgt samsvar (korrelasjon) med kvarandre.

Ved konstruksjon av indeks for sosial bakgrunn nytta vi vegd indeks. For å konstruere vegd indeks nytta vi faktoranalyse. Faktoranalyse er ein statistisk teknikk for variabelreduksjon. Analysen tek utgangspunkt i samanhengane mellom variablane og konstruerer nye variablar, faktorar, som ligg bak grupper av variablar. Variablane kan ha ulik ladning alt etter kor dekkjande dei er for eit visst omgrep.

Ved konstruksjon av indeks for musikalsk bakgrunn nytta vi additiv indeks. Vi fekk nemleg ikkje gode nok utslag på faktoranalysen. Ein additiv indeks byggjer på summerte verdier av dei variablane som inngår i indeksen. Dei er ikkje vegde i faktoranalyse.

Verdiane i indeksane er grupperte slik at det er omlag like mange einingar i kvar kategori. Hensikten med kategoriseringa er å få fram skilnader mellom dei ulike gruppene sin plassering på indeksen. Det er viktig å vere klar over at grupperinga av ein indeks er resultat av eit val. Bruk av indeks gjev difor eit relativt, og ikkje eit absolutt mål for eit omgrep.

## 2.8. Vurdering av metoden i undersøkinga

Post-enquete kan også kallast "survey"-undersøking.

### 2.8.1. Generell kritikk mot survey-metoden

Noe forenkla kan vi dele kritikken i to hovudgrupper.

Den marxistiske kritikken kritiserer subjektivismen i samfunnsvitskapen. I følgje Enerstvedt kjem denne tendensen klårast til uttrykk i holdningsundersøkingar der det ofte

ikkje vert gjort freistnad på å forstå desse "på bakgrunn av deres forhold til samfunnets materielle grunnlag i dettes historisk-sosiale form" (Enerstvedt, 1973:17).

Enerstvedt meiner metoden inviterer til ukritisk statistisk analyse av "ytre" samanhengar til fortrengsel for dei grunnleggjande årsaker til dei fenomen vi observerer. På den måten vert difor survey-metoden ofte eit forsvar for dei rådande samfunnstilhøva.

Ringdal møter Enerstvedts kritikk ved å hevde at det i stor grad er opp til forskaren sjølv om ein survey-undersøking skal fungere kritisk eller ikkje. Han viser til at metoden voks fram frå fattigdomsundersøkingar i England rundt århundreskiftet (Ringdal, 1979).

Den fenomenologiske kritikken går ut på at individet sin subjektive røyndom er for komplisert til at overfladiske intervju kan bli dekkjande. I staden for å nytte strukturerte intervju med faste svaralternativ, bør ein heller la intervjuet vere ustrukturerte og gå "djupare".

Lofland set "intimate familiarity" opp som eit ideal. Det vil seie at all forskning bør ha grundig kjennskap til respondentane sin livssituasjon så vel som oppfatningane deira. Dette kan berre bli nådd gjennom grundige og langvarige samtaler og observasjon (Lofland, 1976).

Vi må seie oss samde med Lofland i at dette er den ideelle typen forskning, men vi må rekne med at det ville bety så store kostnader at det i dei fleste tilfella er eit lite realistisk alternativ. Dessutan meiner vi at kvalitative undersøkingar er ein del av sanninga liksom den kvantitative er det. Metodane utfyller kvarandre snarare enn å vere motstridande.

### 2.8.2. Avgrensingar til survey-metoden

I tillegg til den teoretiske og fundamentale kritikken mot survey-metoden, har vi den meir praktisk retta kritikken.

Å svare på spørsmål i ei survey-undersøking treng ein ikkje å stå til ansvar for. I tillegg kjem at intervjusituasjonen ofte er kunstig, og respondenten kjenner seg kanskje pressa til å ta stilling til spørsmål dei ikkje har tenkt over.

Christoffersen meiner det lett kan opplevast som eit nederlag for personleg prestisje å innrømme at ein ikkje har noen meining, og syner til ei amerikansk undersøking der 70% av dei spurte tok stilling til eit fiktivt spørsmål (Christoffersen, 1973).

Det er rimeleg å tru at spørsmål om sosiale og musikalske bakgrunnstilhøve interesserar foreldre med barn i TKM. Det er imidlertid uvisst kor mykje dei er seg dette medvitne når dei får spørsmål som vedkjem dei sjølv. Spørsmål om kva som reknast som spel og musikkutdanning er aktuelt her. Kven som gjev opp å kunne spele eller har musikkutdanning, kan vere avhengig både av personar og kulturtilknytnad, men også forventningar til kvalitet som dei trur spørsmålstillarane har, kan spele inn her.

Kor mykje dei har reflektert over kvifor eleven tok til, og ulike aspekt ved det opne opptaket, er også usikkert. I høve til mange andre undersøkingar der emna kan vere perifere, må vi likevel tru at utvalet vårt er motivert for dei tema som ligg i spørsmåla.

Medvit om eventuelle konsekvensar for utfallet av denne undersøkinga kunne verke inn på kva slags standpunkt dei tok til påstandar som vedkom t.d. årsavgift, opptaksprøve og gratis opplæring.

Dette er feilkilder som får konsekvensar for validiteten til undersøkinga.

I tillegg kjem at bruken av fastlagde svaralternativ kan føre til tap av informasjon. Fleire svararar kommenterer dette. Dei fann det vanskeleg å gje eintydige svar på spørsmål som dei syntes var upresise, mangtydige og omfattande. Dette gav seg utslag i låg svarprosent på t.d.

spørsmålet om kvifor elevane tok til med musikkopplæring. Spørsmål om vitjingar til ulike kulturtilbod hadde lågast svarprosent - særleg hos fedrane, noe vi trur skuldast at det krevde litt tid å skjønne korleis det skulle kryssast av. Men i tillegg kan det vere at mange tykte slike opplysningar var perifere for oss, noe som enkelte sa ifrå om.

La oss legge til her at ingen skjema var så mangelfullt utfylt at vi fann det nødvendig å trekkje dei ut av undersøkinga.

Påstandane som er nytta på spørsmål 13, bryt med vanleg måte å stille spørsmål på. Svararane skal seie seg eininge eller ueinige i påstandar om ulike aspekt ved det opne opptaket. Påstandane er enkle og kanskje nokså bastante uttrykk for emnet. Vurdert ut frå vanlege reglar for spørsmålsformulering i høve intervju og enquete, må slike påstandar karakteriserast som leiande. Dette fordi dei presenterer unyanserte sider ved dei ulike innfallsvinklane som vi har valt til å kaste lys over haldningar til det opne opptaket.

Ved bruk av påstandar i intervjuundersøkingar oppstår ofte den såkalle "ja-effekten", dvs. at ein del svararar har tendens til å vere einige i alt dei vert forelagt (Høst, 1975).

Vi "snudde" på påstandane slik at for å vere eining i dei ideelle målsetjingane for ope opptak, måtte ein vere både ueinig og eining i påstandane. Vi trur dette reduserte "ja-effekten", sjølv om vi ikkje kan sjå bort frå verknaden av den.

Ei grundig handsaming av spørsmål 11 og 13 fall på sida av denne oppgåva. Berre dei tre første påstandane i spørsmål 13 er difor teke opp i drøftingane, medan spørsmål 11 berre er nytta som supplerande opplysningar slik dette spørsmålet også opphavleg var tenkt.

Feilkildene og avgrensingane som er nemnt her, kjem til ei

viss grad føre i alle undersøkingar, og gjer ikkje resultatata nødvendigvis ubrukande. Det er imidlertid viktig å vere på vakt for dei når ein tolkar resultatata av undersøkinga.

K A P. 3  
S O S I A L   B A K G R U N N

### 3.1. Innleiing

I dette kapitlet vil vi freiste finne svar på om rekrutteringa til TKM er sosialt sett skeiv. Undersøkingar vi har synt til i innleiingskapitlet kan gje oss grunn til å tru at barn i familiar frå lågare sosiale lag er underrepresenterte.

Samfunnsvitskapen nyttar omgrepet sosial bakgrunn på ulike måtar. Vi vil kort skissere skiljet mellom lagdelingsteori og marxistisk klasseteori som dels kan kaste lys over ulik bruk av omgrepet. Dette vil vi gjere for å sette vår eigen bruk av uttrykket i ein større samanheng.

Yrke og utdanning er dei indikatorane for sosial bakgrunn som gjer oss i stand til å samanlikne med folkemengda i Trondheim og dermed finne ut om rekrutteringa er skeiv. Vi vil imidlertid freiste få eit samla uttrykk for sosial bakgrunn som vil lette analyser seinare i oppgåva.

### 3.2. Kva tyder omgrepet sosial bakgrunn?

Sosial bakgrunn er eit vidt omgrep som femner om økonomiske, geografiske, yrkes- og utdanningsmessige tilhøve. Også bustadstilhøve, sivilstand og familiestorleik er knytt til dette omgrepet. I denne oppgåva har vi valt å legge hovudvekta på forsørgarane sin samfunnsmessige plassering som uttrykk for sosial bakgrunn. I innleiingskapitlet har vi grunngjeve kvifor barn i så stor grad er avhengig av denne plasseringa.

Vi har berre unntaksvis komme inn på bustadstilhøve og sivilstand. Einselge føresette og fråskilte foreldre er noe som vedkjem fleire og fleire barn, også TKM-elevar. TKM-lærarar vi har vore i kontakt med, fortel at dei merkar dette. Slikt er viktige aspekt ved sosial bakgrunn. Vi har imidlertid ikkje hatt tid og ressursar til å gå nærare inn på dette. Vi fekk inn 45 skjema som berre mødrer hadde svart på, og 3 som berre fedrar hadde svart på. Slik vi har

stilt spørsmåla (mor/far) kan dette innebære at desse anten er einslege forsørgjarar eller delar husvære med noen som ikkje er barnas biologiske mor eller far.

Kor stor familien er, meiner vi vil kunne seie noe om høve til å utøve musikk, spesielt når dette vert sett i samanheng med bustadstilhøve. Barn i store familiar med liten plass heime, vil ha dårlegare høve til å utfolde musikkinteresse anten gjennom lytting eller utøving, enn barn som har vakse opp i einebustad med få familiemedlemmar. Spørsmål om høve til å øve heime utan å uroe andre, trudde vi ville avdekkje slike tilhøve. Den subjektive vurderinga av svararane synte imidlertid lita spreining (Vedlegg 3.4), og vidare analyse av dette fall difor bort. Familiestorleik vert vurdert seinare i kapitlet og vert nemnt i kapitlet om musikalsk bakgrunn.

Vi vurderte også geografisk plassering av bustad. Dette er også ein del av den sosiale bakgrunnen til elevane. Britt Dale har på grunnlag av folketeljingsmateriale i teljekrinsane delt Trondheim inn i høg- og lågstatusområde (Dale, 1980). Tilbod om musikkaktivitetar - kor, korps, orkester o.l. kan ha noe å seie for utviklinga av musikkinteresse til barna.

Vi såg det slik at plassering av kvar eining i teljekrins eller byområde etter bustadsadresse, og registrering av musikktilbod i byen, ville sprengje rammene for denne oppgåva.

Dei føresette sin samfunnsmessige plassering vil i denne oppgåva bli fastsett av yrke, utdanning, husstandsinntekt og hald av privat-telefon. Dette vil bli nærare handsama i avsnitta om yrke, utdanning og relativ statusgruppering.

Dette er kjenneteikn som vert nytta i fastsetjing av lag i lagdelingsteori. I det følgjande vil vi sjå nærare på kva dette inneber, og freiste syne kva som leia oss fram til dette valet.

### 3.2.1. Lagdelingsteori og marxistisk teori

Inndeling av dei føresette sin samfunnsmessige plassering kan gjerast på ulike måtar.

Dei posisjonane som knyter seg til yrkeslivet, er ofte sett på som dei viktigaste posisjonane som utgjer den sosiale strukturen i samfunnet. Vi snakkar i så fall om yrkesstrukturen i samfunnet.

Den kan for det første inndelast horisontalt der dei grunnleggande skilja går mellom primærnæring, sekundærnæring og tertiærnæring. For det andre kan yrkesposisjonane rangerast - altså ei vertikal inndeling.

For det tredje kan vi trekkje inn tidsperspektivet og rekne med yrkesskifte, med andre ord det som vert kalla sosial mobilitet.

I dette avsnittet skal vi ta føre oss vertikale skiljelinjer.

To ulike tradisjonar i analysen av samfunnsmessige skilnader ligg føre.

Wilhelm Aubert gjev ein kort oversikt av dei to måtane å rangere yrkesposisjonar på:

"I de sosiologiske beskrivelser av samfunnslag og strata er sammenlikning den grunnleggende logiske operasjon. Kategorier av individer (evt. familier, eller andre smågrupper) blir beskrevet som lik hverandre, eller som ulike. De som er like, f.eks. med hensyn til formue, inntekt, yrke, utdanning, makt, anseelse, blir plassert i samme lag. Det kan skje ut fra ett kjennetegn eller ut fra flere i kombinasjon, kanskje formalisert i en indeks."

"Kjennetegnene kan være objektive, som inntekt og utdanningsnivå, eller subjektive som anseelse, og til dels kanskje også makt.

Også klasseteoriene tar utgangspunkt i ulikhet. Den mest innflytelsesrike, den marxistiske klasseteorien, bygger på en sammenlikning av individers stilling i

produksjonsprosessen. Det grunnleggende skille går mellom dem som eier produksjonsmidlene og de eiendomsløse som lever av å selge sin arbeidskraft til arbeidskjøperne, eierne. Men det som står i sentrum for klasse-teorien, er ikke sammenlikningen, men analysen av forholdet, av interaksjonen, konflikten mellom de to hovedklassene. Motsetningsforholdet, utbyttingen og kampen er kjernen i den marxistiske teori om samfunnet." (Aubert, 1975:145).

Vidare hevdar Aubert at klasseteoriar handlar meir eintydig om storsamfunnet der ein bestemt klassestruktur har vakse fram som følgje av produksjonstilhøva og fleire historiske faktorar.

Lagdelingsanalyser gjeld ikkje berre storsamfunnet, men også delsystem innanfor dette, t.d. ei verksemd, eit lokalsamfunn eller ei sosial eining som ikkje har ei historie på same måte som ein nasjon eller stat.

Desse teoriane har også ulike metodiske forsknings-tradisjonar om sosiale skilnader. Klasseanalyser har freista knytt omgrep i teorien til ei total analyse av storsamfunnet, noe som kan vanskeleggjere samanlikningar. Lagdeling kan ein derimot studere ved å ta utgangspunkt i ein av dei mange eksisterande statistiske fordelingane av eigenskapar som inntekt, yrke, utdanning osv. (Aubert, 1975).

### 3.2.2. Val av modell

Undersøkingar som grensar opp til problemfeltet i denne oppgåva, byggjer anten på ein lagdelingsmodell eller ein klasseteori, eller dei har ingen samfunnsteori dei eksplisitt støttar seg til.

- Eit viktig utgangspunkt for denne oppgåva var å finne ut kor vidt foreldra til barna i musikkskolen representerer eit sosialt sett gjennomsnitt av folkemengda. Nærare presisert var det spørsmål om dei føresette til TKM-elevane representerer yrkesgrupper og sosiale posisjonar i same

høve som vi finn det i den totale vaksne folkemengda i Trondheim.

I denne problemstillinga står samanlikninga sterkt. Ein freistnad på å finne statistiske oppgåver for Trondheim over slike kriterier som t.d. Simonsen nytta i sin tillempa klasseanalyse, måtte vi gje opp (Simonsen, 1977). Britt Dale nemner at det som i SSBs yrkesklassifisering vert kalla "industri-, bygge- og anleggsarbeid", kjem nærast opp til det som i klasseteori vert kalle "arbeiderklassen". Klassifiseringa av dei andre yrka kan imidlertid ikkje nyttast i slik teoretisk samanheng (Dale, 1980).

Dag Album ved SSB har eller har hatt under arbeid ei oppgåve der han freistar å gjere det mogleg å nytte statistisk materiale i ei tilnærma klasseanalyse (Telefonsamtale, mars 1981). Dette vart ikkje tidnok ferdig til at vi kunne gjere oss bruk av det.

Vi vil difor i denne oppgåva nytte indikatorar for samfunnsmessig plassering som ligg nær ein lagdelingsmodell. Vi fann å kunne nytte oss av SSBs oppgåver om utdanning og yrke for folkemengda i Trondheim. Mange undersøkingar har synt at desse variablane er gode indikatorar på status (Skrede, 1971; Dale, 1980). Desse vil vi nytte til å samanlikne utvalet vårt med folkemengda i Trondheim. Oppgåvene er på personnivå, noe som kan medføre feil i samanlikningane. Dette vil vi komme tilbake til seinare. Saman med mellom anna inntekt vil vi freiste la yrke og utdanning gå inn i ein indeks som rangerer utvalet vårt i tre lag.

Generell kritikk mot ei slik rangering kan samlast i tre punkt.

For det første vil mange hevde det er meningslaust å kombinere rang-variablar i eit statistisk mål. Spørsmålet er om folk flest her i landet faktisk rangerer etter desse variablane og om det er semje om kva som er høg rang (Ringdal, 1979).

For det andre vert tilhøvet mellom rang og innverknað på vedtak teke som uproblematisk. Langholm kritiserer dette og hevdar at desse to dimensjonane må haldast frå kvarandre (Langholm, 1970).

For det tredje er laga baserte på resultat av ein fordelingsprosess. Ei meir grunnleggjande analyse må ta årsakene til fordelingsskilnader som utgangspunkt. Desse årsakene kan ein best nærme seg gjennom ei klasseanalyse. Utan kjenneteikn som "nærhet", "likhet" og "komplementaritet" vert laga redusert til statistiske kategoriar (Seierstad, 1971). Sidan laga ikkje er "grupper" i sosial forstand, har dei få materielle interesser sams (Ringdal, 1973).

Dei fleste forskarar har likevel nytta statusomgrepet i ei meir avgrensa tyding. Ofte endar dei opp med eit samansett mål på sosial status eller økonomisk status.

Ein måte er å la eit tverrsnitt av folket rangere yrke. Dette er gjort mellom anna av Svalastoga (Svalastoga, 1962).

I Noreg har Skrede laga ein status-indeks basert på Statistisk Sentralbyrås yrkesklassifisering (Skrede, 1971). Denne indeksen byggjer likevel ikkje på korleis folk rangerer yrke etter status.

I denne oppgåva vil vi nytte oss av Skredes rangering av yrke. Vi vil difor skissere korleis ho har komme fram til indeksen.

Skrede nytta data frå folketeljinga 1960. Variablane ho tok med, var utdanning, bustadstettleik, telefon, giftemålprosent, bilhald, barn i skole, bustadstandard og to aldersvariablar. Ho vegde så desse i ei faktor-analyse. Den vekt dei så fekk på ein sosioøkonomisk dimensjon, var med å avgjere kor viktig kvar av variablane var for sosioøkonomisk status. Her fekk utdanning og telefon høge verdier. Ho summerte dei vegde verdiane til alle variablane for kvart yrke. Desse var klassifiserte etter Standard for

Nordisk yrkesklassifisering på tosiffernivå. På den måten vart yrka rangert. For å gjere det enkelt, delte ho dei rangerte yrka inn i fire grupper. Dette tilsvarte fire lag i ein lagdelingsmodell (Arbeidsdir., 1965).

Til bruken av Skredes yrkesrangering må det innvendast at enkelte velferdskjenneteikn er blitt forelda. Dersom relevante kjenneteikn hadde vorte nytta i ei ny tilsvarande analyse, hadde truleg plasseringa av kvart yrke på ein status-skala ikkje endra seg vesentleg. Dette nyttar Hernes og Knudsen som argument til å gjere bruk av denne rangeringa i levekårsrapporten Utdanning og ulikhet (Hernes og Knudsen, 1976).

Det må til slutt nemnast at Skredes yrkesstatus-skala ligg føre i to versjonar som skil seg lite frå kvarandre. Vi har nytta versjon I.

### 3.3. Utdanning

I dette avsnittet skal vi freiste gje svar på kva høve det er mellom utvalet vårt og folkemengda i Trondheim når det gjeld utdanning. Vi har tidlegare vist til at utdanning går inn i og er ein sentral variabel i den sosio-økonomiske status til ein person.

I slutten av arbeidet - august 1982 - fekk vi spesialutlisting frå SSB som gav oss opplysningar om yrke og utdanning for folkemengda i Trondheim 1980. Før vi fekk desse, samanlikna vi for utdanning med data frå Utdanningsstatistikk 1975 (SSB, 1978). Same standard for klassifisering var nytta både i 1975 og 1980, og truleg galdt dei same atterhald om kor haldbare oppgåvene var. Vi vil difor referere til Utdanningsstatistikk 1975 i vurderinga av samanlikningsdata.

Eininga i vår oppgåve er familien. Samanliknande statistikk er på individnivå. Vi vil av den grunn først skilje mellom ~~mødre~~ og fedrar i utvalet.

### 3.3.1. Klassifisering av utdanning

Spørsmåla på spørjeskjemaet freista vi forme slik at vi kunne få opplysningar som gjorde det mogleg å klassifisere etter same retningslinjer som i Standard for utdanningsgrupperinger (SSB, 1973). På den måten kunne vi samanlikne eigne funn med oppgåvene frå SSB som nyttar denne standarden.

Det kunne oppstå minnefeil og mistydingar om vi berre spurde etter kor mange år samla utdanning dei hadde. For å gjere det så skjønneleg som mogleg, delte vi spørsmåla inn i allmennutdanning og anna utdanning.

Det var få personar med dei to høgaste utdanningsnivåa i høve til dei andre nivåa i Trondheim 1975 (SSB, 1978). Difor slo vi desse to saman i von om å få ei jamn spreiding i utvalet. Respondentane skulle såleis svare på om dei hadde yrkes-/fagskole (kurs) eller universitet og høgskoleutdanning på 2 år og mindre, eller meir enn 2 år. Når vi fastsette utdanningsnivået ved kodinga, tok vi omsyn til samla utdanningstid, dvs. allmennutdanning pluss eventuell yrkesutdanning. Denne klassifiseringa var i samsvar med den nivåinndelinga som er brukt i Standard for utdanningsgrupperinger (SSB, 1973). Enkelte kombinasjonar kunne her vere vanskelege å klassifisere. For eksempel kunne framhaldsskole osv. + yrkes-/fagskole på 2 år og mindre vere både 10 års (kategori 3) og 11-12 års (kategori 4) utdanning. Med støtte i yrkestittel måtte vi her velje på skjøn. Koding kan altså vere ei mogeleg feilkilde.

Utdanningsnivåa er gruppert slik:

|                                     |            |
|-------------------------------------|------------|
| 1. Folkeskoleutdanning              | 7 år       |
| 2. Anna ungdomsskolenivå            | 8-9 år     |
| 3. Gymnasnivå I                     | 10 år      |
| 4. Gymnasnivå II                    | 11-12 år   |
| 5. Universitets- og høgskolenivå I  | 13-14 år   |
| 6. Universitets- og høgskolenivå II | over 14 år |

Denne inndelinga er ofte forenkla slik:

- |                                  |            |
|----------------------------------|------------|
| 1. Ungdomsskolenivå              | 7-9 år     |
| 2. Gymnasnivå                    | 10-12 år   |
| 3. Universitets- og høgskolenivå | over 12 år |

### 3.3.2. Samanliknande statistikk

Utlistinga frå SSB for utdanning var opplysningar om personars utdanningsnivå etter kjønn og alder i Trondheim 1980.

Vi har ikkje spurt etter alderen på foreldra til musikk-skolebarna. SSB har ei aldersgruppe frå 25 til 59 år. Ved å samanlikne med denne, trur vi feila vil bli minst i og med at gjennomsnittsalderen til barna ved TKM var 11-12 år.

SSBs statistikk omfattar alle personar 16 år og over som var registrerte som busette i Noreg 1. oktober 1980. Undersøkinga vår vart gjennomført i mai 1981, så tids-skilnaden har marginal betydning.

I Utdanningsstatistikk 1975 (SSB, 1978) er det gjort greie for feilkilder som truleg også gjeld for 1980-statistikken. Vi skisserer noen.

2,1% av folkemengda på 16 år og over hadde uoppgjeve eller ingen utdanning i 1975. I tillegg til dette vil kvaliteten på opplysningane i statistikken vere påverka av feil og manglar i dei utdanningsopplysningane som er registrerte. Det kan dels vere feil og manglar som stammar frå folketeljingsmaterialet, og dels slike som skriv seg frå oppgåvene over fullførte utdanningar i perioden 1970-1975. Dei fleste feila oppstår under innsamling av oppgåver (feil svar eller mangelfullt utfylte skjema), men ein del kjem føre også under handsaminga av data. Ei kvalitetsundersøking som vart gjort for å analysere kor store slike feil var, synta at utdanning på ungdomsskole-

nivå hadde små feil, medan personar med utdanning på gymnasnivå truleg var litt overrepresenterte.

### 3.3.3. Høvet mellom utdanning til TKM-foreldre og folkemengda i Trondheim

Funna nedanfor er presenterte på personnivå, noe som gjer det mogleg å samanlikne med offentleg statistikk. Vi gjer merksam på at mål både ved mødrer og fedrar er med å fastset den sosiale bakgrunnen til elevane.

Tabell 3.1. Høgast fullført utdanning til TKM-foreldre og folkemengda i Trondheim i alderen 25-59 år etter kjønn i prosent

|            | Menn |       | Kvinner |       | I alt |       |
|------------|------|-------|---------|-------|-------|-------|
|            | TKM  | Tr.h. | TKM     | Tr.h. | TKM   | Tr.h. |
| 7 år       | 4    | 16    | 6       | 21    | 5     | 19    |
| 8-9 år     | 10   | 23    | 21      | 31    | 15    | 27    |
| 10 år      | 8    | 16    | 16      | 21    | 12    | 19    |
| 11-12 år   | 21   | 18    | 14      | 11    | 18    | 14    |
| 13-14 år   | 13   | 11    | 18      | 9     | 16    | 10    |
| Over 14 år | 43   | 14    | 24      | 5     | 33    | 10    |
| Utan svar  | 1    | 2     | 1       | 1     | 1     | 2     |
| Sum %      | 100  | 100   | 100     | 99    | 100   | 101   |
| N          | 866  | 29852 | 908     | 29836 | 1774  | 59689 |

Tendensen til høg utdanning pregar både mødrer og fedrar til TKM-elevane. Nesten halvparten av musikkskoleforeldra hadde høgast fullført utdanning på universitetsnivå. 1/3 hadde utdanning på det høgaste nivået, medan berre 5% hadde høgast fullført utdanning på folkeskolenivå.

Ei samanlikning av utdanningsnivået hos musikkskoleforeldra og folkemengda i Trondheim synte heilt klåre skilnader. Nær halvparten av innbyggjarane i Trondheim i alderen 25-59 år hadde høgast fullført utdanning på ungdomsskolenivå.

Vi kan syne resultata betre ved å setje opp følgjande tabell over prosentskilnader. I multivariate analyser er slike skilnader nytta som enkle mål på effektar av og på ulike variablar (Hernes, 1976).

Tabell 3.2. Prosentskilnader for utdanning mellom TKM-foreldre og folkemengda i Trondheim etter kjønn i prosent (% utdanning i Trondheim - % utdanning hos TKM-foreldre)

|                  | Menn | Kvinner | I alt |
|------------------|------|---------|-------|
| Ungdomsskolenivå | 25   | 25      | 26    |
| Gymnasnivå       | 5    | 2       | 3     |
| Universitetsnivå | -31  | -28     | -29   |

Størst var skilnaden på universitetsnivå, - særleg hos menn. Dette vil seie at TKM-fedrar med universitetsutdanning var den gruppa som skilte seg sterkest frå gjennomsnittet av folkemengda i Trondheim. Sjansane for at TKM-elevane skal ha fedrar med høgast fullført utdanning på universitetsnivå, er vel 1:2, medan gjennomsnittet for Trondheim er 1:4. Tilsvarende tal for ungdomsskolenivå er 2:14 og 2:5.

Det å vere mor eller far til TKM-elevar hadde liten innverknad (effekt) på skilnadene som kom fram. Jamt over har både mødrer og fedrar høg utdanning. Det å vere TKM-foreldre hadde klårt størst effekt på skilnadene.

Med omsyn til tidlegare atterhald for kor haldbare funna våre er, er likevel skilnadene så eintydige at vi her kan konkludere med følgjande:

Musikkskoleforeldre med låg utdanning er sterkt underrepresenterte ved Trondheim Kommunale Musikkskole.

### 3.4. Yrke

I dette avsnittet vil vi freiste finne samansetjinga av yrke i Trondheim og i utvalet vårt.

Før vi fekk SSBs utlisting av yrke i 1980, nytta vi oss av kommuneheftet for Trondheim 1970. Dette hadde noen fleire opplysningar i statistikken for yrke på tosiffernivå enn den siste utlistinga. Statistikk frå begge årstala nytta same retningslinjer for klassifisering av yrke.

I neste avsnitt vil det gå fram at slik vi vel å klassifisere yrke - i samsvar med SSBs statistikk, - er yrke sett på som uavhengig av sosial status. Hovudgrunnen til at vi har valt å følgje ei slik sklassifisering, er at Kari Skrede har rangert yrke etter sosioøkonomiske kriterier, og ho har nytta same klassifisering av yrke. Av omsyn til samanliknande statistikk har vi heller ikkje her presentert frekvensane på familienivå.

#### 3.4.1. Klassifisering av yrke og samanliknande statistikk

Ved å spørje etter namn eller tittel på arbeid pluss eventuell bransje, håpte vi på å få nok informasjon til å kunne plassere kvar enkel etter klassifikasjonen som er brukt i Nordisk yrkesklassifisering. Denne standarden for yrkesgruppering byggjer på eit samarbeid mellom arbeidskraftstyresmaktene i Norden. Den inneheld ei systematisk oppsetjing med koding og definisjonar av yrkesfelt (eittsiffernivå), yrkesområde (tosiffernivå), yrkesgrupper (tresiffernivå) og yrke (femsiffernivå) (Arbeidsdir., 1965).

Den 6. og 7. internasjonale sosialstatistikkonferansen fastsette eit yrke til å vere den type arbeid ein person har, uavhengig av næring eller sosial status.

Ved plassering av ulike yrke i systemet, skulle vi altså føre saman einsarta verksemdar, vanlegvis utan omsyn til den enkelte sin utdanningsnivå, sosial status (eigar,

tilsett) eller bransje. I prinsippet skilte vi ikkje mellom dei som hadde enkare og dei som hadde meir kvalifiserte arbeid av same slaget. Vi valde ei inndeling på tosiffernivå. Utvalet vårt var stort nok til det, og ei inndeling på dette nivået ville gjere det forholdsvis lett å plassere kvar enkel i systemet. Dessutan var statistikken over Trondheim og Skrede si yrkesrangering på dette nivået.

Det er imidlertid mange sider ved den samfunnsmessige posisjon og situasjon til foreldra som ikkje kjem fram i ei slik inndeling. Vi kan nemne slikt som viktigaste kilde til livsopphald, arbeidstid - heiltid, deltid, sesong, næring og bransje, om dei er tilsette eller sjølvstendige, offentleg eller privat, kor mange dei har over eller under seg osv.

Dette er faktorar som burde vere med i ei djuptgåande analyse. Våre ressursar strekte ikkje til i så måte.

Den inndeling som vert presentert i det følgjande må altså sjåast på som svært grov, der vi på den eine sida har ei oppsamling av yrke og yrkesgrupper til yrkesområde og yrkesfelt, og på den andre sida mange manglande kjenneteikn både til ei klasse- og lagdelingsanalyse.

Det som er sagt om samanliknande statistikk for utdanning gjeld også i stor grad for yrke. Standard for Nordisk yrkesklassifisering er nytta for 1980-teljinga. Det var berre få oppgåver på tosiffernivå i lista frå SSB. Tala frå 1970 synte at innan yrkesfelt 0 var teknisk og pedagogisk arbeid sterkast representerte i Trondheim. Detaljert utlisting av utvalet vårt på tosiffernivå er gjeve i Vedlegg 3.5.

#### 3.4.2. Høvet mellom yrke til TKM-foreldre og folkemengda i Trondheim

Tabellen nedanfor er stor og kanskje uoversiktleg. Kvart yrkesfelt er understreka. Kva slags yrkesområde som fell inn under kvart yrkesfelt, kan ein få eit inntrykk av ved å sjå

nærare på vedlegg 3.5 der alle yrke i utvalet vårt er gjeve i detalj på tosiffernivå.

Tabell 3.3. TKM-foreldre og yrkesaktive i alderen 25-59 år i Trondheim kommune etter yrkesfelt og kjønn i prosent

|                                                                            | Menn |       | Kvinner |       | I alt |       |
|----------------------------------------------------------------------------|------|-------|---------|-------|-------|-------|
|                                                                            | TKM  | Tr.h. | TKM     | Tr.h. | TKM   | Tr.h. |
| 0 Teknisk, vitenskapleg, humanistisk og kunstnerisk arbeid                 | 50   | 25    | 56      | 31    | 52    | 27    |
| 1 Administrasjons- og forvaltningsarbeid, bedrifts- og organisasjonsleiing | 6    | 8     | 1       | 2     | 4     | 6     |
| 10 Offentleg adm.- og forv.arbeid                                          | 1    | 1     | 1       | 1     | 1     | 1     |
| 11 Bedrifts- og organisasjonsleiing                                        | 5    | 7     | 1       | 1     | 3     | 4     |
| 2 Kontorarbeid                                                             | 7    | 4     | 25      | 22    | 14    | 12    |
| 3 Handelsarbeid                                                            | 8    | 9     | 7       | 11    | 7     | 10    |
| 4 Jordbruks-, skogbruks-, og fiskearbeid                                   | 2    | 2     | 1       | 1     | 1     | 1     |
| 5 Gruve-sprengningsarbeid                                                  | 0,1  | 0,3   | 0       | 0     | 0,1   | 0,2   |
| 6 Kommunikasjonsarbeid                                                     | 7    | 12    | 3       | 3     | 5     | 8     |
| 7-8 Industri-, bygge- og anleggsarbeid                                     | 17   | 30    | 2       | 6     | 10    | 20    |
| 75 Jern- og metallvarearbeid                                               | 5    | 10    | 0       | 0     | 3     | 6     |
| 76 Elektroarbeid                                                           | 4    | 4     | 0       | 1     | 2     | 2     |
| 77 Trearbeid                                                               | 1    | 3     | 0       | 0     | 1     | 2     |
| 82 Næringsmiddelarbeid                                                     | 1    | 1     | 0,3     | 1     | 1     | 1     |
| 87 Maskin- og motordrift                                                   | 0,3  | 2     | 0       | 0     | 0     | 1     |
| 88 Laste-, loss,- lagerarbeid                                              | 1    | 3     | 1       | 1     | 0,3   | 2     |
| Anna innan 7 og 8                                                          | 5    | 7     | 1       | 3     | 3     | 6     |
| 9 Servicearbeid                                                            | 4    | 5     | 7       | 21    | 5     | 12    |
| 0X Militært arbeid **                                                      | 1    | 5     | 0       | 3     | 1     | 4     |
| Sum * %                                                                    | 102  | 100   | 102     | 100   | 99    | 100   |
| N                                                                          | 862  | 27383 | 644     | 20646 | 1506  | 48029 |

4 fedrar og 268 mødrer er ikkje med i tabellen.

- \* Berre yrkesfelt (dei som er understreka) er summerte.  
 \*\* Yrkesaktive i Trondheim som har militært arbeid og arbeid som ikkje kan identifiserast var ført saman i ein sum i oppgåvene frå SSB. Vi skilte her og sette uidentifiserte og yrkespassive utanfor utregninga. Størst utslag fekk dette for servicearbeid. Vi koda heimeverande husmødrer til "husarbeid" (91). Ein del lønna kvinnearbeid som også fall inn under 91 vart difor ikkje med i statistikken.

Høgt utdanningsnivå hos TKM-foreldra hadde tydeleg innverknad på kva slags yrke som er sterkt representerte. Halvparten av musikkskoleforeldra hadde såkalla akademiske yrke (yrkesfelt 0), medan berre omlag 1/4 av den yrkesaktive folkemengda i Trondheim var i denne yrkeskategorien. Sterkast var pedagogisk arbeid representert der mødrene hadde størst del. Heile 22% av fedrane i utvalet vårt var ingeniørar. Sett under eitt

var dette yrkesområdet sterkt representert i Trondheim totalt også, men etter oppgåver frå 1970-teljinga var teknisk arbeid på langt nær så dominerande.

Vi merka oss at "bedrifts-og organisasjonsleiing" var noe underrepresentert i utvalet vårt. Dette er eit yrkesfelt som det gjerne er knytt høg sosial status og prestisje til. Elles var administrasjons- og forvaltningsarbeid (6), kontor- (2) og handelsarbeid (3) sett under eitt, omlag representerte slik folkemengda i Trondheim fordelar seg.

Sterkast underrepresentert var det Britt Dale kallar "typiske arbeideryrker" (Dale, 1980:14).

Sjansane for at TKM-elevar skal ha fedrar med akademisk yrke er 1:2, medan det i Trondheim elles er 1:4. Tilsvarende tal for arbeideryrke er 1:6 og knapt 1:3.

Hadde vi nytta klasseanalyse i denne oppgåva, kan desse funna sterkt tyde på at arbeiderklassen er underrepresentert ved TKM. Dette stadfester ei av arbeidshypotesene våre.

### 3.5. Ei samanlikning basert på Skredes statusskala

Tidlegare i dette kapitlet har vi nemnt at Skrede har laga ei rangering av yrke på tosiffernivå. Oppgåvene vi fekk frå 1980-teljinga i Trondheim, var mest på eittsiffernivå, som altså er eit grovare mål. Ei inndeling av folkemengda i Trondheim 1980 etter Skredes sosio-økonomiske rangering vart difor umogleg.

Oppgåvene frå 1970-teljinga hadde imidlertid fleire yrke på tosiffernivå. Dette gjorde det mogleg med ei samanlikning, noe vi altså hadde gjort før vi fekk oppgåvene frå 1980-teljinga. Denne samanlikninga var usikker først og fremst med omsyn til skilnad i tid. I tillegg mangla tabellen i Kommunehefte for Trondheim 1970 noen tosiffra yrkesområde og aldersinndeling (SSB, 1973).

I følgje Levekårsundersøkelsen rekna over 90% til dei spurde at fedrane var hovudforsørgarar (Hernes m.fl., 1976). Vi har ikkje spurt etter hovudforsørgar i familien, så ut frå levekårsundersøkinga trur vi at det beste bilete av den sosioøkonomiske status til TKM-familiane var å sjå på statusrangeringa til fedrane.

Høvet mellom den mannlege folkemengda i Trondheim 1970 og fedrane til TKM-elevane var for den høgaste sosioøkonomiske gruppa 23:56, rekna i prosent. Tilsvarande høve for den lågaste gruppa var 18:5.

Om utviklinga av yrkesposisjonane sin struktur og mobilitet heitte det i levekårsundersøkinga at tendensen var aukande materiell velferd, mindre pyramidal yrkesstruktur og aukande strukturmobilitet (Hernes m.fl., 1976). Dette var også det inntrykket vi sat att med ved å samanlikne 1970- og 1980-teljinga. I yrkesfeltet 0 - "akademikeryrka" - var dei fleste og største yrkesfeltområda plasserte i Skredes høgste statusgruppe. For menn hadde desse auka heile 7% dei siste 10 åra. "Bedrifts- og organisasjonsleiing" hadde auka med 3%. Kontor-, handels- og kommunikasjonsarbeid hadde tilsaman gått tilbake med omlag 5%. Sterkast tilbakegang registrerte vi for dei typiske arbeideryrka (yrkesfelt 7 og 8) med heile 8%. Dei fleste yrkesområda som fall inn under dei yrkesfelta som hadde gått tilbake, var i statusgruppene 2-4 etter Skredes rangering. Her var dei fleiste arbeideryrka plasserte i dei to lågaste statusgruppene (3 og 4).

Å berre vurdere status til familien ut frå yrke til menn kan innebere ein del feilkilder. Kvinner med "akademiske" yrke hadde auka med heile 9% frå 1970 til 1980. Både i utvalet vårt og i familiane elles i Trondheim trur vi kvinner ønskjer å gjere seg nytte av utdanninga si i adekvate jobbar. Dei har dermed innverknad på plasseringa til familien på ein statusskala. Skulle vi ta omsyn til dette, hadde det vore umogleg å finne samanliknande statistikk. Vi kan likevel nemne at skilnaden mellom kvinner i Skredes statusgrupper var stor i favør av TKM-mødrene.

Vi vil til slutt ta atterhald for bruk av Skredes yrkesrangering - ikkje minst på grunn av endringane i lønningsutviklinga som skuldast oljeverksemda dei siste 6-7 åra.

I dette avsnittet har vi ved hjelp av Skredes statusskala vurdert høvet mellom sosioøkonomisk status til familiar med barn i TKM og folkemengda i Trondheim. Konklusjonen må bli at høg status til TKM-foreldra kan ikkje berre forklarast ut frå generell auke av velferd. Dei har høgare status enn gjennomsnittet i Trondheim.

### 3.6. Utdanning og status på foreldrenivå

Hittil har vi sett mødrer og fedrar under eitt fordi dei statistikkane vi kjenner, er på individnivå. Vi har tidlegare etterlyste statistikk på familie- eller foreldrenivå.

Vi vil difor syne korleis utdanning og status fordelar seg på familienivå.

Tabell 3.4. TKM-familiar etter høgast fullført utdanning og Skredes statusgrupper i prosent

| Utdanning      | Far og mor har lik | Far høgare enn mor | Mor høgare enn far | Einsleg | Den eine utan svar el. utd. | Sum % | N   | Vertikal prosentfordeling |
|----------------|--------------------|--------------------|--------------------|---------|-----------------------------|-------|-----|---------------------------|
| 7-9 år         | 83                 | -                  | -                  | 14      | 3                           | 100   | 106 | 12                        |
| 10 år          | 39                 | 30                 | 21                 | 10      | 0                           | 100   | 77  | 8                         |
| 11-12 år       | 24                 | 62                 | 11                 | 2       | 1                           | 100   | 176 | 19                        |
| 13-14 år       | 23                 | 46                 | 23                 | 7       | 2                           | 101   | 131 | 14                        |
| 14 år og over  | 42                 | 47                 | 7                  | 3       | 1                           | 100   | 416 | 46                        |
| Sum %          | 40                 | 43                 | 11                 | 5       | 1                           | 100   | 906 | 100                       |
| Status:        |                    |                    |                    |         |                             |       |     |                           |
| Gruppe 1 (høg) | 41                 | 51                 | 4                  | 3       | 1                           | 100   | 511 | 56                        |
| Gruppe 2       | 31                 | 39                 | 23                 | 6       | 2                           | 101   | 248 | 27                        |
| Gruppe 3       | 36                 | 48                 | 9                  | 5       | 2                           | 100   | 124 | 14                        |
| Gruppe 4 (låg) | 58                 | -                  | -                  | 41      | 0                           | 99    | 24  | 3                         |
| Sum %          | 38                 | 46                 | 10                 | 5       | 1                           | 100   | 907 | 100                       |

Utdanning: Begge utan utdanning eller svar: 5

Status: Familiar der begge ikkje har svart: 1

Uidentifiserte einslege /studentar : 3

I denne tabellen er husmødrer tekne med og koda i gruppe 4. Studentar er dels koda i gruppe 1 og dels som uidentifiserte.

I 60% av TKM-familiane hadde ein eller begge foreldra utdanning på universitetsnivå. Omlag like stor prosentdel vart plassert etter Skredes skala i den høgaste statusgruppa. Vi såg at 43% av familiane hadde fedrar med høgare utdanning enn mødrer. I berre 11% av familiane var det omvendt. I 40% av familiane hadde imidlertid begge lik utdanning. 1/5 av

desse hadde utdanning på universitetsnivå.

Vi la elles merke til at forholdsvis mange mødrer i statusgruppe 2 vart rangerte i høgare yrke enn menna sine. Dette kan ha samanheng med at kontorarbeid fell inn i denne statusgruppa, og 1/4 av dei yrkesaktive kvinnene hadde arbeid i dette yrkesfeltet.

Vi hadde slått saman einslege menn og einslege kvinner. Vi kan nemne at dei tre einslege fedrane hadde høgt utdanningsnivå og høyrde til statusgruppe 1. Dei einslege mødrene hadde større spreining både med omsyn til status og utdanning. Men i høve til dei andre familietypane var dei sterkast representerte ved dei låge grupperingane.

Levekårsundersøkinga ordna grupper etter ekteskapleg status og utdanningsnivå, der rekkefølgja frå høgt til lågt utdanningsnivå var slik:

einslege kvinner  
 gifte menn  
 einslege menn  
 gifte kvinner  
 einslege kvinnlege    forsørgarar  
 (Hernes m.fl., 1976:91).

Undersøkinga meinte å påvise at det å gå inn i ekteskapet var eit sterkare brot i livslauget for kvinner enn for menn. Utdanningsnivået hos gifte og ugifte menn var omlag det same, medan det var stor skilnad mellom einslege og gifte kvinner. Einslege kvinner hadde høgast utdanningsnivå, medan gifte kvinner og einsleg kvinnlege forsørgarar hadde lågast utdanningsnivå. Dette mønsteret i samfunnet fann vi altså dels igjen i utvalet vårt.

Hovudinntrykket av tabellen var at fedrane jamt over hadde lågare utdanning enn mødrene til TKM-elevane. Dette gjorde seg sterkare gjeldande når vi såg på status. Det kunne vidare sjå ut som om det var dei ressurssterke familiane

som sterkast var med på å få fram statusskilnaden mellom ektefellene.

### 3.7. Ei relativ statusgruppering av utvalet

Den statusfordelinga som Skredes indeks gav på fedrane i utvalet vårt, var så skeiv at ei vidare analyse med denne som utgangspunkt, kunne bli vanskeleg. Nyansar i dei lågaste gruppene ville komme betre fram, men tilsvarande nyansar vil vi gå glipp av i høgstatusgruppa (gruppe 1).

Det er her verdt å nemne at yrkesstatus etter t.d. Skredes statusskala er eit mål på aggregerte nivå, dvs. eit gjennomsnittsmål for sosioøkonomiske ressursar for heile yrkesområde (tosiffer). Yrkesstatus er difor eit mål på eigenskapar ved ein posisjon og ikkje det enkelte individs spesifikke utdanning, økonomi, livsstil osv. Dette målet vert altså hekta på kvart yrkesaktivt individ som eit kjenneteikn. Utdanning og inntekt kan sameleis vere mål på aggregerte nivå. Resultat og gagn av utdanning og bruk av inntekt til den enkelte kan variere frå person til person.

Ved danning av eigen statusindeks må det drøftast kva slags variablar som skal takast med. Ringdal som tok utgangspunkt i Svalastoga si yrkesrangering, brukte variablane utdanning, yrke og inntekt (Ringdal, 1979). Vi hadde i tillegg opplysning om hald av privat telefon som i t.d. Skredes undersøking synte ein sterk samanheng med yrkesstatus. Vi tok difor telefon med, sjølv om hald av privat telefon sannsynlegvis har minka i verdi som indikator for sosioøkonomisk status etter 20 år. Levekårsundersøkinga synte dessutan at storleiken på barneflokkene som bur heime hadde noe å seie for levekåra - særleg for låginntektsgrupper (Skrede, 1971, Hernes m.fl., 1976).

Vi ordna verdiane til for ei faktoranalyse. Denne analysa gav lite utslag for familiestorleik på ein sosioøkonomisk faktor for utvalet vårt. Grunnen til det kunne nettopp vere at TKM-foreldra ligg over gjennomsnittet for Trondheim når det gjeld status. Denne variabelen var altså ikkje aktuell for ein indeksskonstruksjon i utvalet vårt. Utdanning,

yrkesstatus, inntekt og telefon gav imidlertid tilfredsstillende utslag. Vi brukte den vekt som analysa gav kvar av desse variablane til å dele utvalet vårt inn i tre rangerte grupperingar med omlag like mange einingar i kvar.

Verdiane på variablane som vart med, var alle skeive, dvs. den lågaste verdien var sterkt overrepresentert. Vi gav difor dei som hadde høgast fullført utdanning på 14 år og over høgast verdi på utdanningsvariabelen. Status, inntekt og hald av privat telefon hadde over halvparten av utvalet på den høgaste verdien. Indeksen vi kom fram til vart med andre ord ein indeks som kravde høgare universitetsutdanning for å høyre til vår høgstatusgruppe. (Vedlegg 5).

Vi skulle ha kontrollert denne relative indeksen med sosioøkonomiske variablar som ikkje inngår i den. Helst skulle den ha vorte kontrollert med respondentane sin vurdering av eigen status. Slik variabel tok vi ikkje med på spørreskjemaet. Vi krysstabulerte i staden den nye indeksen med utdanning og status til begge foreldra. Gamma for samanhengane såg slik ut:

|                    |         |            |
|--------------------|---------|------------|
| Utdanning til mor: | 0.623   | Sign. 0.00 |
| Utdanning til far: | 0.980   | Sign. 0.00 |
| Status til mor:    | -0.430  | Sign. 0.00 |
| Status til far:    | -0.995! | Sign. 0.00 |

Den låge samanhengen for status til mor kom av at husmødrer var plasserte i den lågaste statusgruppa til Skrede. Vi brukte status og utdanning til fedrane, men der dette ikkje var identifisert, nytta vi oppgåvene frå mødrene. Gamma synta difor at det var nær samanfall mellom indeksen og dei to variablane. Samanhengen mellom utdanning og status rekna etter oppgåver frå fedrane var dermed høg i utvalet vårt. Samanhengen mellom den nye sosioøkonomiske indeksen og utdanning til mødrene var den beste indikatoren for at vi hadde vore heldige med konstruksjonen. Den synta høg, men ikke for høg samanheng mellom utdanning og status til ektefellane. Dette stemmer med sosiologiske granskingar (Hernes m.fl., 1976).

Vi strekar sterkt under at indeksen er relativ og nemninga "lågstatus" i resten av denne oppgåva går tilbake til den tredjedel av utvalet som låg lågast på den konstruerte skalaen vår.

Vi har sett at TKM-foreldra låg over gjennomsnittet for Trondheim både med omsyn til sosioøkonomisk status og utdanning. Slik den nye indeksen er danna, kan vi altså komme i fare for å plassere relativt velstående familiar i lågstatusgruppa. Rekna etter t.d. Skredes inndeling av samfunnet i 4 sosioøkonomiske lag, vil vi finne ei større spreiding av statusgrupper i vår lågstatusgruppe enn i høgstatusgruppa vår. Med referanse til denne undersøkinga må difor bruken av nemninga "lågstatus" gjerast med varsemd.

K A P. 4

M U S I K A L S K B A K G R U N N

#### 4.1. Innleiing

I dette kapitlet vil vi presentere resultata som har å gjere med barna sin musikalske bakgrunn. Vi byggjer på musikkpedagogisk/psykologisk forskning når vi trur at spesielt gunstige musikkforhold i heimane til TKM-elevane har noe å seie for den musikalske evne og interesse hos elevane (Vea og Leren, 1972). Ut frå teoriar og statistikk kan vi rekne med ein viss samanheng mellom kulturell og sosial bakgrunn. Det er grunn til å tru at kulturell bakgrunn - i vid forstand - er ein dimensjon som kan gje seg utslag ved musikkinteresse til barna (SSB, 1978).

Utvikling av musikalsk evne og musikkinteresse vil vi rekne skjer hovudsakleg gjennom påverknad frå heimane. Miljøet heime kan gje støtte til undervisning og utøving, og i høve til andre miljø, kan det påverke gjennom lengst tid og sannsynlegvis gjennom menneske som står barnet nær. Det er imidlertid andre sosialiseringsfaktorar som t.d. kameratar, skole og media som kan ha sitt å seie i denne samanhengen.

Musikktilhøve heime treng ei nærare presisering. Simonsen la vekt på tre aspekt som ho ut frå teori om klasse og musikkbakgrunn meinte var viktige. Det var økonomiske investeringar i musikk, musikkaktivitet og innhald i musikkaktivitet, - inkludert musikkpreferanse (Simonsen, 1977).

Vi har konsentrert oss om dei to første punkta. Grunnen til at vi har avgrensa oss til dei, er for det første at innhald i musikkaktivitet og musikkpreferanse ville vere plasskrevjande på eit spørjeskjema og likevel hatt mange feilkilder. Dette har tidlegare undersøkingar synt (Diesen, 1973; Tødaas, 1978).

Målet for oss var å halde oss til enkle og eintydige spørsmål som kunne tolkast som uttrykk for musikkinteresse hos foreldra, og dermed gje eit visst inntrykk av barna sin musikalske bakgrunn.

Med musikkinvestering vil vi meine musikkutdanning og kjøp av instrument. Med musikkutdanning tenkjer vi først og fremst på foreldra, men har også spurt om søsken tek eller har teke musikkutdanning. Under investering i musikk høyrer sjølvstøtt avspelingsutstyr. Sidan t.d. Tødaas si undersøking synte at så godt som alle hadde det, ville det vere lite å hente ved eit slikt spørsmål i vår samanheng (Tødaas, 1978). Vi er tilbakehaldne med å spørje etter avspelingsutstyr også fordi det er stor variasjon i pris, bruksmåte og motivasjon for å ha slikt utstyr. Med variasjon i motivasjon meiner vi at hald av avspelingsutstyr kan vere motivert ut frå at det er statussymbol, lytttemiddel eller "leikety" for teknisk interesserte.

Når det gjeld musikkaktivitet, har vi spurt etter om foreldra spelar eller har spelt noe instrument, og om dei tek del i organisert musikkutøving utanfor heimen. I tillegg til dette har vi spurt etter passiv kultur- og musikkaktivitet som konsert-, teater-, museums- og kinovitjingar.

Som vi ser er dei kjenneteikna vi har samla oss om, særst avgrensa og er mål som berre kan gje eit visst inntrykk av det musikalske miljøet heime. Vi kan ikkje skilje mellom meir eller mindre musikalske foreldre, om det vert spela eller lytta til musikk mykje eller lite, eller korleis foreldra interesserar seg for øving og framgang hos elevane.

#### 4.2. Musikkutdanning til foreldra

På spørreskjemaet spurde vi om foreldra hadde noen utdanning i musikk, - og i tilfelle kva slag. På den måten kunne vi registrere mange ulike typar utdanning og til ein viss grad kva folk la i kva musikkutdanning er. Det gjekk fram av svara at enkelte ikkje hadde rekna korpsmedlemskap som musikkutdanning, medan andre hadde det. Om noen ikkje hadde tenkt på tidlegare opplæring i sang eller spel, kunne vi ikkje slå fast, men det var rimeleg at det kunne ha skjedd på same måte som ved korpsmedlemskap. Spørsmålet var uklårt. Dette kan innebere feilkilder.

Sidan det kom så lite presist fram kva som meinast med musikkutdanning, må vi altså rekne med at enkelte gløymde eller ikkje rekna som musikkutdanning det andre tok med. Til vår fordel kan vi tru at dei som valde å ta med dei ulike typar musikkutdanning, gjorde dette fordi dei tilla det ei viss vekt. Vi vil difor forsvare å leggje fram data frå dette spørsmålet. Men vi vil her gjere merksam på variasjon i kven som kan føre opp musikkutdanning. Det kan vere både kultur- og personbestemt. Noen vil vere ivrig til å føre opp alt, medan andre ikkje vil gå på langt nær så grundig i detalj. Dette problemet vil vi også møte når det gjeld spel.

Vi har ikkje funne undersøkingar med opplysningar frå Trondheim som vi kan samanlikne med. Ut frå visse undersøkingar (Tødaas, 1978; Diesen, 1973; Johansen, 1975) og eigne vurderingar kan vi vente at korpsmedlemskap og instrumental opplæring vil vere best representert.

#### 4.2.1. Typar musikkutdanning

Det var 24% av mødrene og 19% av fedrane som svarte at dei hadde musikkutdanning. Tilsaman 34% av respondentane gav opp at anten mor eller far hadde det.

Tabellen nedanfor syner ulike typer musikkutdanning fordelt på kvinner og menn. Sidan ein person kan ha fleire typar utdanning, vert denne representert fleire gonger. Summen vert dermed høgare enn det talet på personar som har gjeve opp at dei har ein eller fleire slags musikkutdanningar.

Tabell 4.1. Typar musikkutdanning etter kjønn i prosent

|                                | Menn | Kvinner | I alt |
|--------------------------------|------|---------|-------|
| Instrumental/sangundervisning, |      |         |       |
| musikkskole, utøvarkurs        | 52   | 73      | 64    |
| Spelt i korps                  | 27   | 6       | 15    |
| Vanleg lærarskole              | 6    | 10      | 8     |
| Grunnfag/mellomfag musikk,     |      |         |       |
| musikklinje ved lærarskole     | 1    | 1       | 1     |
| Konservatorium                 | 3    | 3       | 3     |
| Hovudfag i musikk, høgare      |      |         |       |
| musikkutdanning                | 3    | 0       | 1     |
| Diverse kurs                   | 3    | 3       | 3     |
| Ikkje spesifisert              | 2    | 1       | 2     |
| Sum %                          | 101  | 100     | 100   |
| N typar                        | 188  | 260     | 448   |

Vi ser at det var instrumental/sangundervisning som utgjorde største gruppa for begge kjønn. Tek vi med dei som hadde utøvarkurs og musikkskole hadde 189 - dvs. 1/5 av TKM-mødrene hatt opplæring på eit instrument eller hatt sangundervisning. Utan at vi kan gje konkrete tall, sit vi att med inntrykket av at pianoundervisning var oftast ført opp når instrumentnamn vart oppgjeve. All undervisning som var namngjeve med instrumenttype, koda vi nemleg som instrumental/sangundervisning. Vi ser at det var stor skilnad på menn og kvinner når det galdt instrumentalutdanning. Denne skilnaden var likevel større når det galdt tidlegare korpsdeltaking. Her var menn sterkt overrepresenterte. Totalt sett var kvinnene sterkast representerte ved dei ulike typar utdanning. Fedrane hadde imidlertid høgast utdanning (musikk hovudfag).

Arsakene til desse skilnadene kan truleg henge saman med oppsedingsverdiar i ulike lag av folket. Dette var vi inne på i kapittel 1. Det kan her vere nærliggjande å trekkje fram - rett nok med varsemd - ei forklaring slik Simonsen uttrykkjer den. Nemleg at tidlegare tiders borgerskapskvinner

skulle spele klaver etter gamle idear om "kvinnelige dyder" (Simonsen, 1977:96).

Når det gjeld korpsdeltaking, har det tidlegare vore ein aktivitet for menn. Det er først i dei seinare åra at det her har skjedd ei holdningsendring som har ført til at jentene i større monn har komme med i korpsa. I 1952 kom den første jenta med i eit gutakorps her i byen (Johansen, 1975).

At det er berre menn som hadde hovudfag i musikk, kan henge saman med den generelle tendensen til at menn tek lengst universitetsutdanning (Telhaug, 1978).

Vi prøvde å komme fram til ei fordeling etter høg og låg musikkutdanning. Dei som har ført opp musikkutdanning var så få, at vi let grensa for høg musikkutdanning liggje relativt lågt. Dei som førte opp instrumental/sangundervisning, musikkskole, spelt i korps, vanleg lærarskole, utøvarkurs og diverse kurs som det einaste, vart klassifiserte som personar med låg musikkutdanning. Dei andre vart klassifiserte som personar med høg musikkutdanning. Vi tok altså omsyn til kvalitative og kvantitative storleikar. Det kan reisast mange innvendingar mot denne inndelinga. Eit eksempel kan vera at ein med 10 års undervisning i piano får låg musikkutdanning, medan ein med eitt års musikkutdanning med instrumental opplæring og i tillegg har t.d. eit utøvarkurs vil få høg musikkutdanning. Vi trur likevel at inndelinga vår skil utvalet på ein tilfredsstillande måte.

#### 4.2.2. Musikkutdanning og status

Tabellen syner musikkutdanning både høg, låg og samla fordelt på statusgruppene Einslege fedrar og mødrer er inkluderte i "berre far/mor" eventuelt "utan svar" gruppa. Oppgåver om ein eller begge foreldra hadde musikkutdanning, kom ikkje med i tabellen.

Tabell 4.2. Musikkutdanning i TKM-familiar etter status i prosent

| Status  | Musikkutdanning           |                   |                   |      | Utan oppg-gåver | Sum <sup>*)</sup> % | N   |
|---------|---------------------------|-------------------|-------------------|------|-----------------|---------------------|-----|
|         | Ingen Har musikkutdanning |                   |                   |      |                 |                     |     |
|         | I alt                     | Høg <sup>*)</sup> | Låg <sup>*)</sup> |      |                 |                     |     |
| Låg     | 76                        | 21                | ( 3)              | (19) | 2               | 99                  | 296 |
| Middels | 63                        | 38                | ( 8)              | (29) | 1               | 102                 | 297 |
| Høg     | 55                        | 44                | (15)              | (29) | 1               | 100                 | 286 |
| Sum     | 64                        | 34                | ( 9)              | (25) | 2               | 100                 | 879 |

32 familiar mangla

\*) Prosenttala i parantes er ikkje summerte, men er rekna av N. Dei utgjør summert dei som har musikkutdanning.

Vi ser altså at i 34% av familiene var det noen av foreldra som gav opp at dei hadde musikkutdanning. Av desse hadde 26% høg og 74% låg utdanning. Oftast hadde foreldra låg (25%) musikkutdanning. I berre 9% av familiene hadde noen av foreldra høg musikkutdanning.

Av tabellen kan vi sjå at det eksisterer ein sterk samanheng mellom musikkutdanning og status. Dei som hadde høg musikkutdanning hadde også høg status. Dette galdt særleg der berre mødrer hadde høg musikkutdanning.

Denne tendensen fann vi også for låg musikkutdanning, men

her var fordelinga mykje jamnare på dei tre statusgruppene. I familiar der berre den eine hadde låg musikkutdanning, var det faktisk dei med middels status som var sterkast representert.

Jamt over kan vi seie at dei som førte opp å ha musikkutdanning i størst grad kom frå høgstatusgruppa, medan dei som ikkje hadde ført på slik utdanning var overrepresenterte i lågstatusgruppa.

Skal vi freiste å finne ei grunngeving for desse ulike samanhengane i vårt eige materiale, kan vi sjå på høvet mellom utdanning i musikk og vanleg utdanning i tillegg til yrke.

Vi fann då at det var ein sterkare samanheng mellom musikkutdanning og vanleg utdanning enn mellom musikkutdanning og status både for høg og låg musikkutdanning. Ut av det kan vi trekkje at vanleg utdanningsnivå har noe å seie om folk har musikkutdanning eller ikkje.

Vi såg på høvet mellom musikkutdanning og yrke og merka oss at i arbeideryrke der den eine av foreldra hadde musikkutdanning, var det fedrar som var sterkast overrepresenterte. I dei "akademiske yrka" (0) var mødrene sterkast representerte der berre ein av foreldra hadde musikkutdanning. Det var også tilfelle for yrkesfelta kontorarbeid (2), jordbruk (4) og transport og kommunikasjon (6) når det gjaldt låg musikkutdanning.

Ut frå dette kan vi tru at det var kvinner med høg utdanning gifte med menn frå låg og middels status, som førte til ei forholdsvis jamn fordeling for låg musikkutdanning.

At arbeidermødrer merka seg ut ved å ha mindre musikkutdanning enn menna sine, kan vi sjå i samanheng med klasseteori slik vi finn det forklart i Familien i Klasse-samfunnet. Ved sida av at arbeiderklassen har sin delkultur, er situasjonen i heimen for mødrene i dei to skikta ulike.

"Midlere og øvre funksjonærskikt opprettholder en rekke aktiviteter som substituerer for ektefelles fravær, arbeiderkvinner derimot blir oftere isolert."

(Holter m.fl., 1975:88).

Vi vil her leggje til at dette ikkje nødvendigvis vil seie at arbeiderkvinnene ikkje kan noe om musikk. I dette lag av folket er det nok meir vanleg å lære å spele f.eks. gitar av seg sjølv eller av venner, medan materialet vårt tyder på at høgare lag av folket tyr meir til organisert opplæring på instrument.

Ein statistikk over musikkutdanning på landsplan har vi ikkje komme over, slik at vi kan ikkje samanlikne våre funn med ein landsnorm. På grunn av generelt høgt utdanningsnivå trur vi at det var fleire med musikkutdanning i utvalet vårt enn på landsplan.

#### 4.3. Instrument heime

Tidlegare undersøkingar har funne skilnader i fordelinga av instrument i dei ulike statusgruppene.

Simonsen fann at piano fanst oftast hos høgstatusfamiliar. Gitar og blokkfløyte var imidlertid jamnare fordelt (Simonsen, 1977).

Hvedings undersøking frå Tromsø antyda same tendensen (Hveding, 1966).

Johansen, som undersøkte eit skolekorps i Trondheim, kom fram til at dette korpset var statusmessig jamnt fordelt (Johansen, 1975).

Ei undersøking av amatørkulturen i Stor-Bergen synte imidlertid at fordelinga på høg- og lågstatusgrupper sett i høve til samfunnet elles, gjekk i retning av overvekt av høgstatuspersonar i amatørkulturen (Strømme-Svendsen m.fl., 1970).

I tillegg til piano er strykeinstrument halde for å høyre til gruppa av "klassiske" instrument. Simonsens materiale kunne tyde på at arbeiderklassen var mindre kjend med desse instrumenta (Simonsen, 1977).

Dei fleste instrumenta er dyre i innkjøp. Det er difor rimeleg å tru at høgstatusgruppa har gjennomsnittleg fleire instrument enn lågstatusgruppa.

#### 4.3.1. Metodiske problem med spørjeskjemaet

Musikkskolen låner ut mange instrument til elevane sine. Då denne undersøkinga vart gjort, var vel 500 strykeinstrument til utlån. Det vil seie at så godt som alle som fekk opplæring på eit strykeinstrument, hadde eit lånt instrument.

Skolekorps og orkester låner også ut instrument til medlemmane sine. TKM gjev instrumentalopplæring til ein del skolekorps i byen.

Vi ville vite kor mange og kva slags sjøelveigde instrument som finst i heimane.

Vi spurde etter alle instrument heime utanom dei eleven hadde opplæring på. Alle instrumenta som vart oppgjevne på dette spørsmålet, rekna vi som sjøelveigde. Dersom noen av respondentane hadde ført opp t.d. piano eller el-orgel, og ein av elevane hadde opplæring på dette instrumentet, koda vi ikkje desse instrumenta under dette spørsmålet. Vi hadde alt registrert at familien hadde eit slikt instrument i og med noen hadde det som opplæringsinstrument. Dette kompliserte framhenting av sjøelveigde instrument. I tillegg til dei innkoda instrumenta på spørsmål 7, rekna vi opplæringsinstrumenta blokkfløyte, piano, el-orgel, trekkspel, gitar og blåseinstrument for elevar som ikkje var medlemar i korps eller orkester, som sjøelveigde instrument. Med ei slik ordning av data, danna vi ein ny variabel for kor mange instrument kvar familie hadde. Denne kalte vi "instrument heime".

Vi gjer merksam på det utrygge i å komme fram til oppgåvene over "sjølveigde" instrument eller "instrument heime" på denne måten.

#### 4.3.2. Instrumentinndeling

Ved gruppering av instrumenta tok vi ymse omsyn. Det er i vår samanheng uråd å halde seg til ei logisk inndeling, t.d. ei typologisk. Vi tok omsyn til typar, bruksområde og omfang. Alle har stemme, men ikkje alle synes dei kan synge. Det vart difor vanskeleg å skilje ut aktive sangarar på spørsmålet om spel hos foreldra. Vi gjorde difor ikkje noe for å registrere slike. Vi nemner dette her fordi stemma også er eit instrument. Vi vil følgjeleg også meine vokalopplæring når vi nemner instrumentalopplæring. Dette gjeld særleg i kapitla om eleven.

Det vi kalte pedagogiske instrument, var slike som ofte blir nytta til musikalsk byrjingsopplæring. Her vart blokkfløyter og tussefløyter slegne saman. Eigentleg hørde desse til treblåseinstrument. Det kan imidlertid rettast mange innvendingar mot den måten vi har operasjonalisert dette omgrepet. Det same kan seiast om inndeling av orkesterinstrument. Strykeinstrument kan nyttast både i kunstmusikk og folkemusikk, og det finst mange typar. Fiolin var i fleirtal. For opplæringsinstrument har vi ikkje skilt mellom fiolin og minifiolin.

Grovt samansett var også blåseinstrumenta både med omsyn til type og bruksområde. Særleg gjaldt dette treblåseinstrument der saksofonar, klarinett og tverrfløyter var saman med obo og fagott.

Historiske instrument var det få av. Traverso, cembalo og spinett fall inn under denne kategorien. Vi skilte dei likevel ut frå gruppa andre instrument som på den måten vart forholdsvis lita.

Under gruppa diverse instrument kunne også inndelingane vere grov. Piano og dei få flygel som fanst, slo vi saman.

Vanskelegare var det med orgel. Vi skilte ikkje mellom orgel og el-orgel fordi respondentane i svært mange tilfelle gav opp orgel når dei meinte el-orgel. Dette har vi kontrollert ved å jamføre oppgåvene for opplæringsinstrument og sjøelveigde instrument. Husorgel og el-orgel er det stor skilnad på både i teknisk utforming og bruksområde. Elektronikken har også vore med på å skape mange nye gitar-typar som skil seg frå kvarandre i lyd-kvalitet og bruksområde. Både ulike typar gitarar og trekkspel slo vi saman.

Mange grupper vart altså grovt samansette, men vi fann å måtte gjere dette for at oppgåva ikkje skulle svulme opp. Dette vil få konsekvensar for tolkinga når vi held desse kategoriane saman med t.d. status.

#### 4.3.3. Utbreiing av instrument

Utvalet til Tødaas omfatta over 1000 elevar spreidde på 12 ungdomsskolar i Trondheim. Dei vart mellom anna spurde om foreldra deira spelte, og om kva slags instrument dei hadde heime. Utvalet hans var så stort at det kan danne eit godt bilete av utbreiinga av instrument i familiane til innbyggjarane i Trondheim. Oppgåvene kan imidlertid vere usikre på grunn av tidsskilnad, det var elevane som svarte på spørsmåla, og variasjon som skuldast at dette galdt familiar med barn i ungdomsskolealder. (Tødaas, 1978).

Vidare rekna vi med at utvalet til Tødaas er sosioøkonomisk representativt for folkemengda i Trondheim. Men vi minner om at kor godt skjemaene er utfylte, varierer med status. Dette kan også ha hatt innverknad på resultata til Tødaas.

Tabell 4.3. Instrument i heimane etter status i prosent

|                                      | Status |         |     | Sum % | N    |
|--------------------------------------|--------|---------|-----|-------|------|
|                                      | Låg    | Middels | Høg |       |      |
| Pedagogiske instrument               |        |         |     |       |      |
| Blokkfløyte                          | 20     | 29      | 51  | 100   | 358  |
| Orff- og rytmeinstrument             | 21     | 21      | 58  | 100   | 29   |
| Melodica og magnusorgel              | 50     | 13      | 37  | 100   | 8    |
| Orkesterinstrument                   |        |         |     |       |      |
| I Strykeinstrument                   | 8      | 38      | 53  | 99    | 133  |
| II Blåseinstrument                   |        |         |     |       |      |
| Messingblåse-<br>instrument          | 35     | 27      | 38  | 100   | 111  |
| Treblåseinstrument                   | 19     | 39      | 42  | 100   | 145  |
| III Slagverk                         | 23     | 27      | 50  | 100   | 22   |
| Historiske instrument                | 20     | 80      | 0   | 100   | 5    |
| Diverse instrument                   |        |         |     |       |      |
| Piano                                | 19     | 29      | 51  | 99    | 516  |
| Orgel                                | 54     | 28      | 18  | 100   | 188  |
| Trekkspel                            | 45     | 29      | 26  | 100   | 126  |
| Gitar                                | 32     | 33      | 35  | 100   | 544  |
| Munnspel                             | 22     | 34      | 45  | 101   | 65   |
| Munnharpe                            | 10     | 30      | 60  | 100   | 10   |
| Mandolin                             | 42     | 37      | 21  | 100   | 19   |
| Cither                               | 38     | 31      | 31  | 100   | 13   |
| Spesielle elektroniske<br>instrument | 68     | 33      | 0   | 101   | 3    |
| Andre instrument                     | 7      | 20      | 73  | 100   | 15   |
| SUM                                  | 27     | 33      | 40  | 100   | 2310 |

91 einingar mangla

74 instrument mangla

Omlag 50 meir eller mindre ulike typar instrument låg føre i utvalet vårt. Dei strekte seg frå tradisjonelle instrument som blokkfløyte, gitar, piano og orkesterinstrument til meir spesielle som sekkepipe, cembalo, panfløyte, lur, langeleik og sag.

Gitar, piano og blokkfløyte var mest vanleg i utvalet vårt.

Over halvparten av familiane hadde piano og gitar.

I ei gruppe på mellom 100 og 200 instrument låg orgel, trekkspel, stryke- og blåseinstrument.

Det var omlag like mange familiar som hadde instrument heime både hos TKM-elevar og i heimane til ungdomsskole-elevane. Utbreiinga av gitar, trekkspel, messingblåseinstrument og slagverk var temmeleg like i dei to utvala. Av desse var gitar mest utbreidd. Ca. 60% av familiane hadde dette instrumentet heime. Strykeinstrument, treblåseinstrument, el-orgel og piano hadde markert større prosentdel hos TKM-familiane. Dette trur vi skuldast både skilnad i tid og skilnad i status. Vanskelegast har vi for å skjønne skilnaden for treblåseinstrument. Det kan vere at fleire korps har satsa meir på denne gruppa, slik at vi kan forklare skilnaden ut frå tid. Vi kan imidlertid ikkje underbyggje dette med statistikk. Når det gjeld dei andre instrumenta vil vi komme inn på dei etter kvart. Her vil vi berre nemne at prosentskilnaden var størst for piano (57 - 26). Det vil seie at TKM-heimane skil seg sterkest ut frå gjennomsnittet i Trondheim ved ofte å ha piano.

Vi nemner også at etter Tødaas si undersøking å dømme, har vel 80% av ungdomsskoleheimane i Trondheim blokkfløyte. Berre 40% av TKM-elevane hadde det heime. Skilnaden var neppe så stor. Den generelt låge status vi trur blokkfløyte har som instrument hos vaksne i tillegg til minnefeil, kan ha ført til at dette instrumentet i mindre grad vart rekna med av TKM-foreldra.

Vi må skilje mellom haldning til instrument - mellom anna som opplæringsinstrument - og hald av instrument når det gjeld rangering. Her spørst det kva slags kriterier ein rangerer ut frå. Det kan vere ut frå klangfarge, utsjånad, prestisje i ulike samanhengar og ikkje minst bakgrunn og interesse til den som vurderer. Instrument etter sosio-økonomisk status kan kaste lys over noe av dette ut frå ein samfunnsmessig synsvinkel.

#### 4.3.4. Instrument og status

Materialet vårt synte at enkelte instrument hadde klåre skilnader i fordelinga på dei tre statusgruppene (Tabell 4.3).

Strykeinstrument synte størst differanse mellom høg- og lågstatusgruppa med 8% i låg- og 53% i høgstatusgruppa. Treblåseinstrument, orff- og rytmeinstrument var også tydeleg overrepresenterte i høgstatusgruppa.

Fordelinga av piano og el-orgel hadde også heilt markerte skilnader. Piano var sterkast representert i høgstatusgruppa, medan orgel var overrepresentert i lågstatusgruppa. Trekkspel var også sterkt representert i lågstatusgruppa. Gitar og messingblåseinstrument var jamnast fordelt. Overraskande var det å finne blokkfløyte så sterkt overrepresentert i høgstatusgruppa. Sidan dette kanskje er det mest vanlege opplæringsinstrumentet i skolen, venta vi ei jamnare fordeling. Ei forklaring i tillegg til dei vi alt har nemnt, kan vere at høgstatusgruppa gjev alle barna i familien kvar si blokkfløyte, medan dei andre statusgruppene deler ei blokkfløyte på alle barna. I materialet var det nemleg mange som oppgav å ha fleire fløyter (blokkfløyter).

Pedagogiske yrke var sterkt overrepresenterte i utvalet (Vedlegg 3.5). Vi vil forsiktig antyde at det også kan vere ei anna forklaring til at pedagogiske instrument var overrepresenterte i høgstatusgruppa.

Tradisjonelt har piano og fiolin vore instrument som finst mellom borgarskapet i byane, medan orgel har høyrte mest til bygdene og særleg miljøet kring bedehuset. Truleg heng noe av innstillinga til desse instrumenta igjen.

I høve til "husorgel" trur vi det var el-orgel som hadde størst del av utvalet. Det er eit forholdsvis nytt instrument. Japan har brukt Noreg som forsøksland til sal av el-orgel. Kanskje er lågstatusgruppene mindre kritiske

overfor reklamepresset dette medfører, og er i større grad enn høgstatusgruppa blitt påverka til å investere i el-orgel.

Pop-musikken nyttar el-orgel mykje. Popkulturen, i alle fall i dei yngre aldersklassane er sosialt jamnt fordelt. Ønske om å høyre til dei klassiske tradisjonane med "verdifull" musikk kan vere ei forklaring til at el-orgel ikkje var sterkt utbreidd hos høgstatusgruppa.

Ei anna forklaring kan ligge i sjølve tonedanninga eller oppbygging av instrumenta. Tonedanninga på strykeinstrument og piano krev større presisjon og styrke enn bruk av el-orgel, som i dag er utrusta med mange moglege registreringar med akkord- og rytmetilføyingar. (Svend Aagård har drøfta dette i si hovudoppgåve som er under arbeid og avsluttast ved MIT 1982.) (Aagård, 1982)

Trekkspelet kom etter 1850 i bruk som dansemusikkinstrument i Noreg. Då grammofonen og radio kom, vart trekkspel for alvor populært, og så godt som alle sangarar og pop-orkester tok det i bruk i mellomkrigstida. Nordisk trekkspelkultur har lenge vore ei blanding av tradisjonell folkemusikk-kultur og amerikansk varietémusikk. I dei seinare åra er trekkspel også blitt jamnt godteke som konsertinstrument. Det har også vorte ein del nytta i jazz- og pop-samanheng (Faukstad og Thuen, 1980).

Vi kan kanskje difor vente at trekkspelet vert oppvurdert som instrument og vil gå mot ei jamnare fordeling mellom statusgruppene.

#### 4.3.5. Tal på instrument heime og oppsummering

Det synte seg at pedagogiske, orkester- og historiske instrument hadde sterkast representasjon i familiar med fleire enn 5 instrument. Blokkfløyta skilte seg ut og var sterkast representert i familiar med 3-4 instrument. Trekkspel, piano og særleg el-orgel var sterkast representerte

i familiar med 1-2 instrument. Dei som hadde orgel, hadde altså i størst grad tendens til å ha dette som einaste instrument, medan dei som hadde piano i større grad hadde fleire instrument heime. Det var likevel piano og orgel som var dei instrumenta som vi oftast fann i familiar med berre 1-2 instrument.

Tabell 4.4. Tal på instrument heime etter status i prosent

| Instrument            | Status |         |     | Sum % | N   |
|-----------------------|--------|---------|-----|-------|-----|
|                       | Låg    | Middels | Høg |       |     |
| Ingen                 | 63     | 24      | 14  | 101   | 59  |
| 1-2 instrument        | 40     | 36      | 24  | 100   | 405 |
| 3-4 instrument        | 25     | 35      | 41  | 101   | 304 |
| 5 og flere instrument | 19     | 31      | 51  | 101   | 111 |
| Sum                   | 34     | 34      | 33  | 101   | 879 |

32 familiar mangla

2,6 instrument i gjennomsnitt pr. familie.

Det var 63 familiar som ikkje hadde instrument heime som dei eigde sjølve. Desse kom hovudsakleg frå lågstatusgruppa. Av dei som hadde fleire enn 5 instrument kom over 50% frå høgstatusgruppa. Mest vanleg var det å ha 1-2 instrument. Gjennomsnittleg tal på instrument pr. familie var 2,6. Det var noe lågare enn det Simonsen fann i utvalet sitt, men skilte berre litt i høve til det Tødaas fann. Simonsen fann 4, medan Tødaas fann 2,4 instrument pr. familie (Simonsen, 1977; Tødaas, 1978).

Det eksisterer altså ein klår samanheng mellom tal på instrument pr. familie og status.

Forklaringa til dette kan dels vere økonomisk og dels kulturell. Høgstatusgruppa har nok større økonomisk overskot til å investere i musikkinstrument, men som vi har vore inne på tidlegare, går det også kulturelle skilje som ligg meir eller mindre parallelt med statusgruppene. Vi vil tru at tal på instrument heime også er eit uttrykk for musikkinteresse. Vi hadde ikkje mål for i kor stor

grad desse instrumenta vart nytta.

Vi fann eit lågare gjennomsnittleg tal på instrument heime enn Simonsen. Det krevst gjennomsnittleg ein god musikalsk bakgrunn for å komme inn på musikkgymnas. Ei tilsvarande utsiling av elevar med høg eller låg musikalsk bakgrunn skal formelt sett ikkje finnast ved TKM. 7% av familiane hadde ikkje noe instrument heime som dei eigde sjølve. Sett på denne bakgrunnen kan vi slutte at TKM rekk lenger ut til ikkje musikalske og lite musikalske miljø enn det utvalet Simonsen undersøkte.

Dersom fordelinga av dei som har eller ikkje har instrument heime kan vere ein indikator for slike miljø, kan det etter Tødaas si undersøking faktisk sjå ut som TKM-heimane avspeglar gjennomsnittet i Trondheim. Utbreiinga av typar instrument - særleg piano - skil imidlertid TKM-familiane frå det som er vanleg i heimane i Trondheim. Bortsett frå el-orgel er "typiske høgstatusinstrument" overrepresenterte.

Dei fleste av elevane i utvalet vårt må altså seiast å ha vakse opp under gunstige musikalske tilhøve, etter det vi kan seie så langt. Vi tenkjer då på det høve dei har hatt til å få prøve seg ut og bli kjende med t.d. piano og gitar. Vi kan spørje korleis foreldra i dei 63 familiane utan instrument vart så interesserte i musikk at dei ville gje barna sine musikkopplæring. Storparten av desse var frå lågstatusgruppa. Av dei som ikkje hadde instrument, var det altså lågstatusgruppa som nytta seg mest av tilbodet til TKM. Vi kan her nemne at utlån av instrument kan vere med å jamne ut den skeive rekrutteringa til TKM. Hadde dei utlånte instrumenta vore trekkspel, el-orgel og gitar, kunne kanskje den sosiale utjamninga vore endå større. Messingblåseinstrument vert utlånt i korps. Det er instrument som på same måte som gitar fordelar seg jamnt på statusgruppene. Messingblåseinstrument var dei opp-læringsinstrumenta som var mest vanleg mellom dei som ikkje hadde instrument heime.

#### 4.4. Kor mange musikkaktive familiemedlemmar

I det følgjande skal vi ta for oss spel og organisert musikkutøving til foreldra. Først vil vi freiste danne oss eit inntrykk av musikkaktiviteten i TKM-heimane.

Med musikkaktivitet til ein person meiner vi ein person som spelar eller har spelt eit instrument, er eller har vore med i organisert musikkutøving - eller tek eller har teke musikkundervisning eller musikkutdanning.

Vi hadde ikkje opplysningar for alle familiemedlemmane om dette, dels fordi vi tykte det ville bli for omfattande å ta med for søsken og dels fordi definisjonen ikkje låg så klårt føre ved utarbeiding av spørjeskjemaet.

Om foreldra kunne spele eller hadde kunne spelt, hadde vi med. Vi spurde også om dei var med i kor, orkester o.l. - altså organisert musikkutøving. Her rekna vi opplysningar om dei tidlegare hadde vore med i slik utøving. Musikkundervisning og musikkutdanning har vi drøfta tidlegare i dette kapitlet. Grensene for organisert musikkutøving, musikkundervisning og musikkutdanning kan vere flytande. Meir presiserte spørsmål på spørjeskjemaet kunne ha betra kommunikasjonen med respondentane, men vi ville likevel ikkje komme utanom feilkilder p.g.a. subjektive vurderingar av kva som meinast med omgrepa.

Musikkaktiviteten til foreldra hadde størst interesse for oss. Dette fordi foreldra rekna vi som det mest konstante ledd i familien. Storleiken på søskenflokken varierte. Om eleven var eldre eller yngre enn andre søsken varierte sjølvstøtt også. Andre søsken hadde mykje å seie for den musikalske bakgrunnen. Dette kom også fram i spørsmål 11E, der mange gav opp at søsken var viktig grunn til at eleven tok til med musikkopplæring. Vi nøydde oss imidlertid med å registrere om andre søsken hadde eller hadde hatt musikkundervisning eller var sjølvvlært på noe instrument. Vi skilte altså ikkje mellom kor mange søsken som var

musikkaktive på denne måten (kap. 6).

Opplysningane om musikkaktivitet har vi henta frå spørsmål 1b, 2, 6b, 8 og 9.

#### 4.4.1. Samanliknande statistikk

Vi fann ikkje statistikk som vi på denne måten kunne samanlikne med for Trondheim.

Dei undersøkingane vi valde å samanlikne med, var "sosial rekruttering til musikklereryrket" (Helen m.fl., 1977) og "Rekruttering til musikklinjer i den videregående skole" (Simonsen, 1977).

Hamarundersøkinga (Helen, 1977) gav ein oversikt over musikalsk aktivitet i heimane til lærarskolestudentane. Det synta seg at ca. 75% av studentane kom frå heimar der fleire enn dei sjølve var "musikalsk aktive".

Samanlikning med denne undersøkinga kunne berre vere omtrentleg. Den spurde etter familiemedlemmar som var musikalsk aktive. Utan skikkeleg definisjon kan dette omgrepet oppfattas både snevrare og vidare enn slik vi har definert musikkaktivitet.

Undersøkinga til Simonsen gav ein oversikt over spel i heimane til musikklinjeelevar ved vidaregåande skolar fordelt på familiemedlemmar. Her synta det seg at heile 94% av elevane kom frå heimar der fleire enn dei sjølve spelte eit instrument. Også denne undersøkinga let seg berre omtrentleg samanlikne med vår. Musikkaktivitet omfatta fleire variablar enn spel.

Den gjennomsnittlege alderen på foreldre til lærarskolestudentar og gymnasiastar er høgare enn alderen til musikkskoleforeldre. Det gav oss nye atterhald for ei samanlikning.

For det første vil eit truleg stort innslag av småbarns-

familiær ved TKM medføre eit mindre tal på familiær med musikkaktive søsken.

Dessutan har kanskje dei unge musikkskoleforeldra hatt høve til å nyte godt av ei stadig utbygging av ulike musikktilbod og generell auke i velferden.

Hamarundersøkinga og undersøkinga til Simonsen antyda at elevar som viser ei viss grad av musikkinteresse med m.a. å velje spesiallinje i musikk, i stor utstrekning kjem frå musikkaktive heimar (Simonsen, 1977).

#### 4.4.2. Musikkaktive familiemedlemmar

Det var rimeleg å tru at ein open musikkskole ville trekke til seg elevar med lågare grad av musikkaktiv bakgrunn enn elevar ved musikklinje både i den videregående skole og ved lærarskoler.

Tabell 4.4. TKM-familiær etter kven av familiemedlemmane som var musikkaktiv

| Musikkaktive personar      | %   |
|----------------------------|-----|
| Eleven einaste aktiv       | 9   |
| Berre mor                  | 10  |
| Berre far                  | 7   |
| Berre søsken               | 11  |
| Mor, far                   | 10  |
| Mor, søsken                | 14  |
| Far, søsken                | 12  |
| Mor, far, søsken           | 23  |
| Utan fullstendige oppgåver | 4   |
| Sum %                      | 100 |
| N                          | 911 |

Tabellen syner ein oversikt over familiemedlemmar som var eller hadde vore musikkaktive. Det viste seg at berre i 9% av familiane var eleven den einaste musikkaktive. I

mest kvar fjerde familie var både foreldre og minst ein av søskena aktive. Musikkaktive søsken hadde mykje mindre del av totalen i høve til Simonsens undersøking. Av dei familiane som vi mangla fullstendige oppgåver over, mangla berre 3 musikkaktivitet heilt. Dei 37 andre hadde vi altså delvis opplysningar om. Vi kan med andre ord rekne at i ca. 90% av musikkskolefamiliane var det andre enn berre eleven som var eller hadde vore musikkaktive. Dette var eit resultat som låg over det vi hadde venta. Det gav grunn for refleksjon. Kunne det finnast metodiske feil, eller kjem elevane i musikkskolen stort sett frå heimar som er eller har vore musikkaktive?

Metodisk kunne vi lettast samanlikne med Simonsens undersøking. For å komme nærast mogleg ei samanlikning, såg vi bort frå søskenaktivitet og berre på om foreldra spelte eller hadde spelt.

Då syntte det seg at musikkskoleforeldra i større utstrekning enn foreldre til elevar ved musikklinja i den vidaregåande skolen spelte eller hadde spelt noe instrument. Ca. 77% av musikkskoleforeldra mot 72% av musikklinjeforeldra spelte eller hadde spelt.

Vi må her ha i minnet at musikkskoleforeldra hadde svart sjølve, medan det var musikklinjeelevane som hadde svart for foreldra sine.

Vi kan altså med visse atterhald antyde følgjande: Elevane i ein open musikkskole kjem stort sett frå musikkaktive heimar, ja, kanskje gjer dei det i same eller til og med i større utstrekning enn musikklinjeelevar ved vidaregåande og pedagogiske høgskoler.

Svar på kvifor det er slik, har vi lite grunnlag for å seie noe om. Truleg spelar det inn at avgjersla om å ta til på musikkskolen ligg hos foreldra. På den måten kjem foreldreinteressene betre fram i musikkskolene enn dei andre nemnte skoleslaga - der elevane sjølve kan velje.

#### 4.4.3. Status og tal på musikkaktive personar i familien

Tal på musikkaktive personar i familiane fordelt på status kan kanskje gje oss ein ide om utbreiing av musikkaktivitet har samanheng med at utvalet vårt er så sosialt skeivt i høve til folkemengda.

Vi gjer merksam på det tvilsame i å samanlikne tal på musikkaktive personar med musikkaktive eller ikkje musikkaktive familiar.

Vi tok ikkje med aktive søsken for å redusere akkumulering.

Tabell 4.5. Tal på musikkaktive personar i TKM-familiar etter sosioøkonomisk status

| Musikkaktive personar | Status |         |     | Sum % | N   |
|-----------------------|--------|---------|-----|-------|-----|
|                       | Låg    | Middels | Høg |       |     |
| Eleven åleine         | 50     | 32      | 18  | 100   | 170 |
| Mor eller far         | 37     | 37      | 26  | 100   | 377 |
| Mor og far            | 19     | 31      | 50  | 100   | 296 |
| Ufullstendige svar    | 43     | 34      | 23  | 100   | 36  |
| Sum                   | 34     | 34      | 33  | 101   | 879 |

32 familiar mangla.

Tabellen syner at det var klår tendens mellom tal på musikkaktive personar i familien og status. Til høgare status ein familie har, til større sjanse er det for å finne fleire musikkaktive personar. Dette gjorde seg også gjeldande dersom vi tok med søsken.

Familiar med hovudforsørgar i arbeideryrke var overrepresenterte der det var få musikkaktive. Dei hadde også den største del av ufullstendige svar. Dette kan gje oss eit veikt vink om at arbeiderfamiliane er meir reserverte i å gje opp kva som er musikkaktivitet.

Tendensen var imidlertid klår. Samanhengen kunne tyde på

at eit representativt utval av folkemengda ville gje ein mindre prosentdel familiar med medlemmar utanom eleven som er eller har vore musikkaktive.

At høgstatusfamiliane oftare enn familiar i dei andre statusgruppene hadde fleire personar som var eller hadde vore musikkaktive, kan nok ha både ei økonomisk og kulturell forklaring. Vi vil i det følgjande gå nærare inn på dei ulike aktivitetane og vil venteleg ved ei oppsummering ha betre grunnlag for å seie noe om samanhengen mellom sosial og musikalsk bakgrunn.

#### 4.5. Spel hos TKM-foreldre

Vi spurde foreldra om dei hadde spelt noe instrument det siste halvåret. På den måten meinte vi å kunne registrere kor mange familiar det var der ein eller begge foreldra kunne spele. Det er som tidlegare nemnt både person- og kulturbestemt kven som kallar det dei presterer på eit instrument for spel. Terskelen for kva den einskilde vil kalle spel, er ulik.

Vi spurde etter ei konkret handling i eit visst tidsrom for å freiste vende tankane bort frå det kvalitative. Dels av same grunn spurde vi dei som ikkje var spelande, om dei tidlegare hadde spelt.

For å gjere det enkelt, skil vi i det følgjanda mellom spel "no" og spel "før".

Tabell 4.6. Familiar der ein eller begge foreldra spelar eller har spelt i prosent

|                          | %   |
|--------------------------|-----|
| Spelar no                | 55  |
| Spelte før <sup>*)</sup> | 22  |
| Aldri spelt              | 22  |
| Utan oppgåver            | 1   |
| Sum %                    | 100 |
| N                        | 911 |

<sup>\*)</sup> Dette er familiar der ingen av foreldra hadde spelt det siste halvåret, men anten ein eller begge hadde spelt før.

Det synta seg altså at foreldra i 77% av familiane spelte eller hadde spelt. I 503 av desse hadde ein eller begge av foreldra spelt det siste halvåret. Der ingen av foreldra hadde spelt "no", var det 22% av familiane der mødrer, fedrar eller begge hadde spelt før.

I omlag kvar femte familie hadde foreldra aldri spelt.

Vi hadde familien som eining. Difor vart noen personar som hadde ført opp at dei hadde spelt tidlegare, ikkje tekne med. Dei hadde med andre ord ektemakar som spelte "no". Det dreide seg om 73 mødrer og 51 fedrar.

Det same gjeld for følgjande tabell som syner kven av foreldra som spelte eller hadde spelt.

Tabell 4.7. TKM-foreldre etter spel

|                           | Spelar "no" | Spelte "før" |
|---------------------------|-------------|--------------|
| Berre mor                 | 34          | 35           |
| Berre far                 | 33          | 33           |
| Begge                     | 25          | 21           |
| Ein spelar, ein utan svar | 9           | 10           |
| Sum %                     | 101         | 99           |
| N                         | 503         | 203          |

Vi legg her merke til den jamne prosentvise fordelinga mellom spel "no" og "før". I mellom 20% og 30% av familiane der foreldra spelte eller hadde spelt, spelte begge foreldra.

Fordelinga mellom mødrer og fedrar syntes å vere lik. I neste tabell vil det imidlertid gå fram at det var ein del fleire mødrer enn fedrar som spelte eller hadde spelt. Det var altså flest mødrer under rada "ein spelar, ein utan svar". Vi må her minne om at det var fleire einslege mødrer enn fedrar i utvalet.

Vi fann altså at omlag like mange mødrer som fedrar spelte. Tilsaman var det 42% av TKM-familiane der ein av foreldra

spelte, medan begge foreldra spelte i 14% av utvalet. Simonsen fann at ein mykje større del av elevane ved musikkgymnas hadde foreldre der begge kunne spele (37%). Omlag like stor del av musikklinjeelevane som det vi fann i utvalet vårt, hadde foreldre der den eine spelte (37%). Her var fedrane litt i fleirtal (Simonsen, 1977).

Tødaas fann at berre 7% av ungdomsskoleelevane hadde foreldre der begge spelte. 20% av elevane hadde imidlertid foreldre der den eine spelte (Tødaas, 1978).

Spel hos foreldra kan altså synes å ha stor innverknad på musikkåtferda til barna. Spel som musikalsk aktivitet i heimane til elevar på musikklinjegymnas syntes å vere mykje utbreidd. Denne aktiviteten var noe svakare for TKM-foreldre. Men i høve til gjennomsnittet for Trondheim var musikkaktiviteten spel mykje meir vanleg i musikk-skoleheimane.

#### 4.5.1. Kva slags instrument foreldra spelte eller hadde spelt

I dette avsnittet skal vi sjå nærmare på instrumentfordelinga til foreldra. Vi vil leite etter skilnader på instrument, kjønn og tid. Men først vil vi forklare korleis tabellen skal lesast.

##### Forklaring til tabellen

Neste tabell syner fordelinga av instrument både på mødrer og fedrar og familien som heilskap. Under kolonna "no" er ført opp instrument som respondentane svarte at dei hadde spelt på det siste halvåret. Dei som svarte negativt på dette, vart spurde om dei tidlegare hadde spelt noe instrument. Desse er førte opp under kolonne "før". Noen førte imidlertid dobbelt (32 mødrer og 49 fedrar). Desse er tekne med her. Tabellen gjev altså trass i desse få, ikkje svar på kva slags instrument dei som spelte "no" hadde spelt "før".

Samla prosentsum avvik frå 100. Dette fordi vi har brukt personar - og ikkje instrument - til basis for prosentutrekninga. Delar vi på 100 får vi tal på spelte instrument pr. person eller familie.

Dei relative skilnadene innan kvar kolonne vert dei same, men mellom kolonnene varierer tala etter tal på gjennomsnittleg spelte instrument.

Her er eit eksempel på korleis tabellen skal lesast:  
22% av mødrene som spelte "no", spelte gitar.

Det kunne hende at ein person spelte fleire instrument innan same instrumentgruppe. I slike tilfelle vil tala liggje noe for høgt, men det vil her vere snakk om små skilnader. Det er oppgåvene under orkesterinstrument som er mest utsett for dette.

Dei siste to kolonnene er rekna ut på familienivå. Det vil seie at dersom eit instrument eller ei instrumentgruppe er representert ein eller fleire gonger, får dette instrumentet eller denne instrumentgruppa berre ei uttelling. Det er berre mødrer og fedrar som er tekne med.

Det oppstår då ein differanse mellom tal på instrument og tal på familiar som desse instrumenta blir nytta i. Grunnen til denne differansen kjem av at begge foreldra kunne ha spelt same instrumenttype, eller ein eller begge kunne ha spelt fleire instrument innan same instrumentgruppe. For instrument gjeld differansen som eit mål på kor vidt det er vanleg for begge foreldra å nytte dei. For instrumentgrupper er det i tillegg eit mål for kor vidt det er vanleg å spele fleire instrument innan samme gruppe.

I tabellen fører vi ikkje opp denne differansen, men vil her nemne dei største skilnadene.

Ikkje heilt uventa var det messingblåseinstrument under kolonna "før" som hadde størst prosentvise differanse. Det

kom nok både av at mange hadde korpsbakgrunn og mange hadde spelt ulike korpsinstrument. Skiljet mellom piano og el-orgel var også her interessant. I 11% av pianospelende familiar spelte begge foreldra dette instrumentet. I heile 21% av orgelspelende familiar var orgelet i bruk av begge foreldra. Tankar om kvifor det er slik, vil vi komme tilbake til i oppsummeringa av dette avsnittet.

Tabell 4.8. Instrument som foreldra spelte eller hadde spelt på etter kjønn og familienivå i prosent\*)

|                                          | Kjønns |       | Fedrar |       | Familienivå |       |
|------------------------------------------|--------|-------|--------|-------|-------------|-------|
|                                          | Mødrer |       |        |       | I alt       |       |
|                                          | "No"   | "Før" | "No"   | "Før" | "No"        | "Før" |
| Pedagogiske instrument                   |        |       |        |       |             |       |
| Blokkfløyte                              | 6      | 11    | 6      | 3     | 6           | 8     |
| Orff- og rytme-<br>instrument            | 1      | 0     | 0      | 1     | 0,3         | 0,2   |
| Orkesterinstrument                       |        |       |        |       |             |       |
| Strykeinstrument                         | 20     | 9     | 19     | 11    | 21          | 11    |
| Blåseinstrument                          |        |       |        |       |             |       |
| I Messingblåse-<br>instrument            | 1      | 11    | 8      | 37    | 5           | 23    |
| II Treblåse-<br>instrument               | 3      | 3     | 8      | 9     | 6           | 6     |
| Slagverk                                 | 0      | 0     | 1      | 5     | 0,3         | 3     |
| Historiske instrument                    | 1      | 0     | 1      | 0     | 1           | 0     |
| Diverse instrument                       |        |       |        |       |             |       |
| Piano                                    | 62     | 40    | 38     | 17    | 56          | 33    |
| El-orgel                                 | 15     | 12    | 20     | 8     | 18          | 11    |
| Gitar                                    | 22     | 30    | 36     | 18    | 33          | 26    |
| Trekkspel                                | 3      | 3     | 18     | 10    | 12          | 8     |
| Munnspel                                 | 1      | 1     | 4      | 3     | 3           | 2     |
| Mandolin                                 | 0,3    | 0,4   | 2      | 2     | 1           | 2     |
| Cither                                   | 1      | 1     | 0      | 0     | 0,3         | 1     |
| Andre instrument                         | 1      | 0     | 1      | 1     | 1           | 0,2   |
| Sum i prosent *)                         | 134    | 121   | 156    | 126   | 164         | 134   |
| Sum tal på instrument                    | 430    | 271   | 488    | 270   | 823         | 489   |
| Sum einingar (personar/<br>familiar) (N) | 319    | 223   | 306    | 214   | 503         | 372   |

\*) Sum i prosent avvik frå 100 fordi "Sum einingar" - og ikkje "Sum tal på instrument" er nytta som basis for prosentrekninga. Ved å dele på 100 får vi antall spelte instrument i gjennomsnitt for kvar kolonne på personnivå, og tal på type instrument i gjennomsnitt for kvar familie på familienivå.

### Tolking av tabellen

Det er mykje å finne i denne tabellen. Vi vil trekkje fram noen punkt som vi meiner har mest å seie for den musikalske bakgrunnen til elevane.

Dei resultata vi kom fram til må handsamast med same atterhald som vi tok for spel.

I utvalet vårt var det noen få fleire kvinner enn menn som spelte. Menn spelte derimot gjennomsnittleg fleire instrument. Også her var skilnaden liten. I gjennomsnitt spelte foreldra 1,8 instrument (1,6 typar instrument) i dei 55% av familiane som det vart spelt i.

I over halvparten av familiane der foreldra spelte, var det noen som spelte piano. I kvar tredje familie spelte foreldra gitar og i kvar femte strykeinstrument og el-orgel.

#### 4.5.2. Samsvar mellom instrument i heimen og spelte instrument

Samanlikna vi med utbreiinga av instrument heime og spelte instrument ("no"), fann vi ein del interessante avvik. Vi fekk eit visst inntrykk av kva slags instrument som ikkje var i bruk eller som var i bruk av barna.

Dei pedagogiske instrumenta viste seg å ha dei største skilnadene. Berre 37 foreldre spelte blokkfløyte. Ca. 350 familiar hadde den heime. Ein tilsvarande tendens galdt gitar. Truleg var det barna som nytta desse instrumenta, og vi kan i så fall, med ein viss rett, kalle dei pedagogiske. Vi trur også at det kan vere eit moment at desse instrumenta kan ha hatt lågare rang som instrument. Spelte dei samstundes til dømes fiolin eller piano, kunne dei lett tenke at dei pedagogiske instrumenta spelte dei riktig nok på, men ikkje så gjerne som fiolin eller piano. Dermed vart desse instrumenta lett utelatne, når dei fortalde kva instrument dei spelte.

Av orkesterinstrument var det særleg blåseinstrument som hadde stort avvik. Det var nærliggjande å tru at mange av desse var i bruk av barna i orkestersamanheng. Det var imidlertid mange foreldre som hadde spelt blåseinstrument tidlegare, og desse kan nok ha instrument liggjande.

Strykeinstrument var den gruppa som hadde størst samsvar mellom instrument heime og spel. Dette skuldast utan tvil opplegget med minifiolin. Konsekvensar av dette tek vi opp i neste avsnitt.

Piano, el-orgel og trekkspel vart nytta av foreldre i omlag halvparten av familiane som hadde desse instrumenta. Dette var over gjennomsnittet på 30-40% i utvalet.

#### 4.5.3. Instrument etter kjønn

Enkelte instrument og instrumentgrupper hadde klåre skilnader mellom kjønna. Om dette avspeglar eit mønster for typiske kvinne- og mannsinstrument i samfunnet, vil - som vi skal sjå, vere å trekkje materialet for langt. Skilnadene er nok både kultur- og tidspåverka. Eit godt eksempel på dette er den store delen av fedrar som tidlegare hadde spelt messingblåseinstrument. Det er med liten risiko vi kan gå ut frå at desse hadde spelt i korps. Tradisjonelt har desse vore dominert av det maskuline kjønn både i skole- og vaksenkorps. For skolekorps har dette endra seg no - noe vi vil komme tilbake til under opplæringsinstrument.

Når det gjeld minifiolinopplegget er det ein føresetnad at foreldra skal følgje eleven i undervisninga fram til skolepliktig alder. Mange held fram med undervisning saman med eleven også etter den tid - ja, heilt opp til 9-10-årsalderen.

TKM held instrument for elevane fram til vaksen alder, men foreldra må sjølve halde seg med instrument. Ein del foreldre førte ikkje opp fiolinspel, trass i at dei hadde minifiolinelevar. Materialet vårt var likevel stort nok

til å slå fast at det var flest mødrer som stelte saman med elevane. Her må det føyast til at minifiolinlærarar som vi har snakka med, hevdar at det etter kvart er blitt fleire og fleire fedrar som er med eleven i undervisninga.

Med dette vil vi ha peikt på at både omfang og skilnad i kjønn for strykeinstrument hadde sine spesielle føresetnader og let seg såleis vanskeleg samanlikne med dei andre oppgåvene.

Piano var det instrumentet som mest var utbreidd både mellom fedrar og mødrer. Men nær to av tre spelande mødrer var aktive på piano, medan berre vel ein av tre fedrar var det.

Om det var flest kvinner som spelte piano, så var menn i fleirtal av dei som spelte el-orgel og trekkspel.

Vi har tidlegare funne at piano oftast fanst i høgstatusfamiliar, medan el-orgel og trekkspel var det flest av i lågstatusfamiliar. Ser vi samla på spel "no" for foreldra fordelt på status, finn vi ei forsterkning av denne tendensen når det gjeld piano og trekkspel. El-orgel fekk ei jamnare fordeling samla, men skilnaden mellom mødrer og fedrar var her stor. 63% av mødrene som spelte el-orgel kom frå lågstatusfamiliar. Materialet syner også at der noen av foreldra spelar orgel, var det meir vanleg at begge gjorde det enn tilfellet var for piano ( s. 100). Dei foreldre som brukte piano og orgel, synte altså skilnader i status, kjønn og utnytting.

Ei vanleg oppfatning er at bykvinner frå bedrestilte familiar ofte spelar piano. Materialet kunne synast å støtte opp under denne. Men biletet er meir nyansert. Piano var nemleg også det instrumentet som var mest vanleg å spele mellom fedrar. Dei pianospelande fedrane var dessutan i større grad høgstatusfedrar enn mødrene var det.

At fleire menn spelte el-orgel kan ha ei så umusikalsk årsak

som at el-orgelet appellerar til det "tekniske" i mannen, men dette er berre ein spekulasjon. Det kan vere viktigare grunnar.

At det var meir vanleg at begge foreldra spelte orgel enn i pianofamiliar, kan kanskje ha sine økonomiske grunnar. Eit orgel er også dyrt, og sidan det var lågstatusfamiliar som oftast hadde el-orgel, var kanskje dette det einaste instrumentet dei hadde (s. 100). Dette som her er sagt om el-orgel er berre spekulasjonar. Det er eit nytt instrument med rask utbreiing. Økonomiske grunnar for å ha det eller spele på det er kanskje ikkje utslagsgjevande i det heile. Lågstatusfamiliar kunne nok ha råd til piano, men tradisjon og kulturtilknytnad kan spele inn slik at dei heller vil ha el-orgel.

Skilnad i speleteknikk og noteutval har nok også noe å seie. Det er eit spørsmål om el-orgelet etter kvart tek over den plassen som trekkspellet tradisjonelt har hatt, - ein eksponent for populærmusikk i tida. Sett på grunnlag av status og kjønn hadde orgel og trekkspel-instrumenta mykje felles. Men meir enn det kunne materialet vårt ikkje seie om dette spørsmålet.

Vi har ikkje kommentert utbreiing av spel på alle instrument. Det var vesentleg å peike på at piano var det instrumentet som flest foreldre spelte på. I over halvparten av TKM-heimane spelte ein eller begge dette instrumentet. Særleg var det mange mødrer som kunne å spele på det. I det heile var det flest mødrer som gav opp at dei spelte på noe instrument. Vi har spekulert litt på høvet mellom piano og el-orgel sidan dei synte stor skilnad i statustilknytnad. Vi bør imidlertid ikkje la vere å framheve at gitar var det instrumentet nest etter piano, flest foreldre kunne spele på.

#### 4.6. Organisert musikkutøving

Med organisert musikkutøving meiner vi om ein person tek del i eller har teke del i kor, korps, orkester eller liknande. På spørjeskjemaet spurde vi berre etter dei som var aktive i organisert musikkutøving. Vi gjekk difor glipp av opplysningar om TKM-foreldra hadde vore med i slikt tidlegare. Slike opplysningar kunne seie litt om i kor stor grad TKM-foreldra hadde vore aktive i musikalske fritidsverksemdar som yngre. Johansen peikte på at det var samanheng mellom musikkinteresse og tidlegare medlemskap i skolekorps (Johansen, 1975). Opplysningar om dette kunne difor vere viktige for å kunne seie noe om musikalsk bakgrunn.

Vi tok ikkje med spørsmålet om tidlegare organisert musikkaktivitet fordi vi i Kulturstatistikk 1977 (SSB, 1978) eller anna statistikk ikkje fann oppgåver å samanlikne med. Dessutan var det avgrensa plass på spørjeskjemaet. Vi rekna det imidlertid som viktig å få opplysningar om foreldra tok del i organisert musikkutøving. Vi meinte at dei som prioriterte slike musikkaktivitetar som vaksne, måtte vere ekstra interesserte i musikk og ha god bakgrunn i musikk.

Spørsmålet var ope. Vi fekk difor mange typar utøving som vi måtte klassifisere. Her tok vi omsyn til omfang av kvar aktivitet slik at gruppene ikkje vart for små. Kor og korps var uproblematisk. Strykeorkester hadde mange nemningar og omfattar her orkester der vesentleg strykarar er sterkt representerte. Spelemannslag, gammaldansorkester og trekkspelorkester slo vi saman. Over halvparten av desse var med i trekkspelorkester eller trekkspelklubb. Jazz- og pop/danse-orkester hadde omlag like mange deltakarar kvar.

Før vi går nærare inn på typar organisert utøving, vil vi sjå i kor mange TKM-familiar foreldra var med i slike aktivitetar.

Tabell 4.9. TKM-foreldre som tok del i organisert musikkutøving i prosent

|                              |     |
|------------------------------|-----|
| Berre mor                    | 30  |
| Berre far                    | 34  |
| Begge                        | 15  |
| Ein aktiv, ein utan oppgåver | 8   |
| Begge utan oppgåver          | 13  |
| Sum %                        | 100 |
| N                            | 165 |

Det synte seg at i 16% av TKM-familiane var foreldra med i organisert musikkutøving. Det var ein del som ikkje hadde svart på dette spørsmålet. Det kunne tyde på at det var uklårt eller at noen var usikre på om dei skulle føre opp aktivitetar som grensa opp til kor, korps eller orkester.

Tala våre let seg best samanlikne med Kulturstatistikk 1977 (SSB, 1978), og det synte seg at undersøkinga vår låg litt over landsgjennomsnittet.

På personnivå låg det på 6%. Undersøkinga vår hadde 10% jamnt fordelt på mødrer og fedrar. Jamnt var også landsgjennomsnittet. Aldersgruppa 25-44 år hadde også ein del-takarprosent på 6, men Trøndelagsfylka låg over landsgjennomsnittet med 8%.

Ei samanlikning med foreldre til musikklinjestudentar ved lærerskolen og den vidaregåande skole let seg vanskelegare gjere. Desse hadde nemleg også med søskenaktivitet. Samanlikninga kunne tyde på at utvalet vårt hadde færre aktive familiar i organisert musikkutøving. Ei viktig forklaring til dette kan vere at småbarnsforeldre, som utvalet vårt truleg hadde mange av, er meir opptekne med oppgåver i heimen.

Tilbodet i byane og dei ulike bydelane spelar også inn her. Dette kan avspegle seg ikkje minst i typar musikkutøving.

Tabell 4.10. Typar organisert musikkutøving etter kjønn og familienivå i prosent<sup>\*)</sup>

|                                                          | Kjønn  |        | Familienivå |
|----------------------------------------------------------|--------|--------|-------------|
|                                                          | Mødrer | Fedrar | I alt       |
| Kor                                                      | 82     | 45     | 62          |
| Korps                                                    | 7      | 25     | 17          |
| Strykeorkester                                           | 12     | 12     | 13          |
| Spelemannslag/gammal-<br>dans- og trekkspel-<br>orkester | 1      | 12     | 8           |
| Jazz- og pop/danse-<br>orkester                          | 0      | 13     | 6           |
| Dirigent                                                 | 4      | 8      | 5           |
| Andre                                                    | 1      | 1      | 1           |
| Sum % <sup>*)</sup>                                      | 107    | 116    | 112         |
| Sum tal på aktivitetar                                   | 88     | 89     | 161         |
| Sum einingar (N)                                         | 82     | 85     | 144         |

<sup>\*)</sup> Sum % avvik frå 100 fordi "Sum einingar" - og ikkje "Sum tal på aktivitetar", er basis for prosentutrekninga.

Det synte seg altså at kor-deltaking var den absolutt mest vanlege organiserte musikkutøving mellom foreldre i musikkskolen. At sangverksemd var så utbreidd, er eit ankepunkt mot førre del om musikkaktivitet - nemleg spel. Der var ikkje sang teke med. Det er dermed grunn til å tru at mange sangaktive foreldre ikkje vart registrerte.

62% av familiane som driv med organisert musikkutøving var med i kor, medan 50% deltok i utøving der vesentleg musikkinstrument er i bruk.

Simonsens undersøking synte ei heilt anna fordeling. Der var korps sterkast representert. Ho har teke med søskenaktivitet og tidlegare deltaking.

Høvet mellom utbreiinga av kor, korps og orkester har vi diverre ikkje for Trondheim i denne aldersgruppa.

#### 4.6.1. Organisert musikkutøving etter kjønn og status

Samla organisert musikkutøving spegla ikkje av kjønns-skilnader. Desse var likevel så markerte i fordelinga på dei ulike aktivitetane, at vi vil ta med noen ord om det.

I gjennomsnitt var menn oftare med i fleire organiserte utøvingar enn kvinner. Det var berre i strykeorkester det var jamn kjønnsfordeling. Dei fleste mødrene var med i kor - og her var det tale om kor frå domkor til sangkvartettar. Noen var med i fleire kor. I denne samanheng kan vi nemne at dei fleste dirigentane oppgav å synge i kor. Truleg var desse også dirigentar for kor. Berre 3 av dei 10 dirigentane var kvinner.

Familiefedrane var framleis oftare enn mødrene å finne i korps. Det var berre fedrane som var med i mindre grupper som spelemannslag, gammaldans- og trekkspelorkester og jazz- og pop/danseorkester.

Skilnaden i status var liten. Samla var det litt overvekt i høgstatusgruppa. Vi merka oss at i 22 av 32 familiar som ikkje var statusrangerte, var foreldra med i organisert musikkutøving.

Dei 25 familiane som ikkje hadde svart på dette spørsmålet høyrde til låg- og middelsstatusfamiliane. Generelt hadde lågstatusfamiliane i denne oppgåva størst ikkje-svar-prosent.

Med desse atterhalda var kanskje samla organisert musikkutøving jamnt fordelt på statusgruppene.

Vi kan nemne at Simonsen fann heller ikkje markerte klasse-skilnader (Simonsen, 1977). Landsgjennomsnittet for deltaking i kor, korps, orkester eller liknande støtter desse funna med ei jamn fordeling på både ulike utdanningsnivå og inntektsnivå (SSB, 1978).

Typar utøving fordelt på status synte at kor var jamnt fordelt. Korps og trekkspelorkester var ikkje uventa mest

representerte frå lågstatusfamiliar, medan strykeorkester har mest høgstatusfamiliar. Dirigentar kom mest frå høgstatusfamiliar. Jazz-orkester hadde flest frå høgstatusgruppa, medan pop/danseorkester mest frå lågstatusgruppa.

Talmaterialet var her så lite og usikkert at det bortsett frå kor ikkje var grunnlag for vidare drøfting.

Inntrykk frå eigen deltaking i kor går imot desse funna. Her spelar det kanskje inn at TKM-foreldra jamnt hadde høg utdanning i tillegg til at klassifiseringa av kor spanner vidt.

#### 4.7. Gjesting på konsert

Vi vil rekne konsertvitjing til foreldre også som musikkaktivitet. Ved å spørje etter om dei hadde vore på konsert det siste året, meinte vi å fange opp aspekt som ikkje går på musisering, men har like fullt noe å gjere med musikk, og kan dermed takast med under det vi har kalla musikalsk bakgrunn.

Foreldra sin interesse for å lytte til musikk kom til ei viss grad fram her. Ei gjesting i konsertsalen er ein aktivitet både på den måten at dei går ut og set av ein kveld til det, og dei lyttar aktivt til musikk.

Det kan imidlertid vere grunnar utanfor musikkinteressa som gjer at folk går på konsert. I vår samanheng kan vi nemne konsertane som musikkskolen og kor, korps og orkester som er knytt til den, arrangerar. Foreldra som møter på desse, gjer det truleg av interesse for å sjå og høyre barna sine opptre. Under siste spørsmålet (sp. 14b) kom det fram at ein del ønskte at også deira barn skulle få opptre på konsert (Vedlegg 3.5).

Tabell 4.11. Mødrer og fedrar etter vitjingar på konsert med klassisk musikk, jazz, vise eller pop det siste året i prosent

| Kjønn  | Konsertvitjing |                     |                    |                    |                          | Utan svar | Sum % <sup>*)</sup> | N   |
|--------|----------------|---------------------|--------------------|--------------------|--------------------------|-----------|---------------------|-----|
|        | Ingen          | Har vore på konsert |                    |                    |                          |           |                     |     |
|        |                | I alt               | 1-2<br>gon-<br>ger | 3-5<br>gon-<br>ger | 6 og<br>fleire<br>gonger |           |                     |     |
| Mødrer | 25             | 61                  | (27)               | (21)               | (13)                     | 13        | 99                  | 908 |
| Fedrar | 27             | 56                  | (26)               | (17)               | (13)                     | 16        | 99                  | 866 |

\*) Prosenttala i parantes er ikkje summerte. Summert utgjær dei samla sum for konsertvitjing.

Det var mange som ikkje svarte på spørsmålet. Det kan komme av måten det er sett opp på spørreskjemaet, det kan vere vanskeleg å hugse, og kanskje vanskeleg å svare på for andre (dersom berre ein av foreldra fylte ut skjemaet). Tok vi ikkje omsyn til fråfallet, ville den prosentvise fordelinga av vitjingar for fedrar falle litt betre ut.

Vi ser at gjestinga på konsert var omlag den same for mødrer og fedrar. Over halvparten har vore på konsert siste året. 13% har vore det fleire enn fem gonger.

Samanlikning med Kulturstatistikk 1977 (SSB, 1978) måtte bli omtrentleg. Vi hadde slått saman alle slags konsertar, medan Kulturstatistikk 1977 skilte mellom konsertar med klassisk musikk på den eine sida, og jazz-, vise- eller popkonsertar på den andre.

Landsgjennomsnittet for dei to konserttypene var 11-12%. Jazz-, vise-, popkonsertar var ikkje uventa mest vitja av ungdom mellom 16 og 24 år (34%), medan 12% av aldersgruppa 25-44 år hadde gått på slike konsertar. For "klassiske" konsertar var gjestinga lik for dei to aldersgruppene (13%). Trøndelagsfylka hadde høgast konsertsøking av alle fylker med 18%. Utdanning synes å spele mykje inn på konsertvitjing, for 30% av dei med universitets- og høgskoleutdanning hadde vore på konsert med klassisk musikk.

2% av dei med dette utdanningsnivået hadde vore på konsert fleire enn fem gonger på eitt år.

Tok vi omsyn til stad, alder og utdanningsnivå, var ikkje gapet mellom utvalet vårt og eit tilsvarende gjennomsnitt i folkemengda så stort som det først såg ut til. Vi kan likevel slå fast at utvalet vårt går oftare og i større utstrekning på konsert enn landsgjennomsnittet for same aldersgruppe og på same utdanningsnivå. Utslaga var så klåre at dette gjeld også for Trondheim.

#### 4.7.1. Konsertvitjing og status

I det følgjande vil vi gå litt nærare inn på kven som går på konsert. Vi skil ikkje mellom typar konsert. Det kunne vore interessant å undersøkje statusbakgrunn til publikum på ulike typar konsertar. Dette ligg utanfor oppgåva vår.

Tabell 4.12. Konsertvitjing ein gong og fleire det siste året på familienivå etter status i prosent

|                 | Status |         |     |       | N   | Vertikal prosentfordeling |
|-----------------|--------|---------|-----|-------|-----|---------------------------|
|                 | Låg    | Middels | Høg | Sum % |     |                           |
| Ingen           | 45     | 34      | 21  | 100   | 205 | 23                        |
| Berre ein       | 31     | 34      | 34  | 99    | 134 | 15                        |
| Begge           | 25     | 34      | 41  | 100   | 446 | 51                        |
| Begge utan svar | 50     | 32      | 18  | 100   | 94  | 11                        |
| Sum             | 34     | 34      | 33  | 101   | 879 | 100                       |

32 familiar mangla.

I kvar fjerde familie hadde ikkje noen av foreldra vore på konsert det siste året. Omlag halvparten av desse kom frå lågstatusgruppa. Halvparten av dei som ikkje hadde svart kom også frå denne gruppa. Der begge hadde vore på konsert, kom dei mest frå høgstatusgruppa (41%). I familiar der berre ein av foreldra hadde vore på konsert, var fordelinga mellom dei tre statusgruppene jamn.

Det var skilnad på kven som ofte gjekk på konsert. Omlag

halvparten av dei som hadde gått på fleire enn fem konsertar det siste året, kom frå høgstatusgruppa. Statusfordelinga på dei som hadde gått ein eller to gonger var imidlertid jamn.

I vurderinga av resultata om konsertvitjing og status måtte vi også her ta omsyn til låg svarprosent i lågstatusgruppa. Det kunne ha vore tvil om kva som skulle reknast som konsert. Tvilstilfelle kan vere konsertar på restaurantar.

Vi har freista femne alle typar konsertar og håpte med det å få ei jamn fordeling av dei ulike musikk-kulturane. Resultatet kan tyde på at vi ikkje lukkast i dette.

Både repertoar og menneske i ein konsertsal kan verke framand for mange som kanskje gler seg over musikk i andre samanhengar. Vi kunne ha spurt etter "tilstelningar hvor dere kommer i kontakt med musikk", slik Diesen gjorde det (Diesen, 1973:58). Tanken var då å prøve å femne danse-tilstellingar, gjesting på restaurantar med musikk, lag- og møteverksemd med musikkunderhaldning og liknande. Vi tok imidlertid Diesens dårlege erfaring med denne formuleringa til følgje.

Vi gjer då merksam på at vi truleg har fanga opp ein avgrensa måte å gle seg over musikk på, nemleg konsertforma - og denne måten synte materialet, hadde ei sosioøkonomisk slagside.

Om vi hadde målt dans, lag- og møteverksemd der musikk var i bruk, hadde kanskje statusfordelinga sett annerleis ut. Men grensene til utanom-musikalske aktivitetar er ved slike tilstellingar så flytande, at vi ikkje ville kunne kalle dette for musikkaktivitet åleine.

#### 4.8. Danning av relativ indeks for musikalsk bakgrunn

På same måten som sosioøkonomisk status vil vi freiste danne eit samla mål for elevane sin musikalske bakgrunn. Til indikatorar for ein slik indeks vil vi nytte variablane

som tidlegare er omtale under kapitlet om musikalsk bakgrunn.

Ved konstruksjon av indeks oppnår vi redusert datamengde, auka reliabilitet og validitet, og med det aukar sjansane for å finne sterke samanhengar med andre variablar (jfr. kap. 2.7.2).

På dei fleste variablane registrerte vi positive og negative svar. Kvaliteten ved denne indekskonstruksjonen har vi såleis teke lite og ingen omsyn til.

Vi kunne også ha teke med fleire indikatorar frå materialet vårt. Vi tenkjer då på søskenaktivitetar. Vi valde å avgrense den musikalske bakgrunnen til å gjelde foreldra. Dette for å la småbarnsfamiliane telje på lik linje med familiar der barna hadde vakse til og har hatt høve til å utvikle seg musikalsk.

Dei rammene vi sette for musikalsk bakgrunn var avgrensa og femner kanskje ikkje alle. Val av indikatorar og mangel på vektlegging av kvalitet kunne vere grunn til det.

Det mål vi kom fram til kan altså gje skeive utslag. Vonleg vil det likevel vere treffande for dei fleste.

#### 4.8.1. Val av tilordningsmåte for indekskonstruksjon

Det er ulike måtar å lage ein indeks på. Vi freista noen.

Ved danning av indeks for sosioøkonomisk status forsvarte vi å la fedrane telje for familien. I ein indeks for musikalsk bakgrunn måtte vi anten ta med høgaste verdi for kvar familie eller summere for begge foreldre. Ein tredje måte var å skilje lite mellom familiar der ein eller begge har positivt svar på ein indikator.

Vi ordna indikatorane slik at dei hadde lik høgste og minste verdi. Graderinga var imidlertid ulik. Denne

varierte vi etter skjøn. Heilt fri for veking var indikatorane altså ikkje.

Mange hadde ikkje svart på alle spørsmåla. For å unngå eit stort fråfall talde vi opp alle "utan svar" på familienivå og hadde ikkje med einingane som hadde meir enn fire "utan svar" på dei ni variablane (1+2x4). "Utan svar" talde då som null, og negativt svar som ein (Babbie, 1973).

Høgaste verdi varierte vi mellom 4 og 5 på dei ulike indikatorane (Vedlegg 5).

#### 4.8.2. Faktoranalyse av indikatorar på musikalsk bakgrunn

Vi faktoranalyserte indikatorane på musikalsk bakgrunn med dei verdiane som synt i vedlegg 5.

Tabell 4.13. Korrelasjonsmatrise for fem indikatorar for musikalsk bakgrunn

| Variablar                   | 1)<br>Inst-<br>rument<br>heime | 2)<br>Musikk-<br>utd. | 3)<br>Spel | 4)<br>Org.<br>mus.<br>utd. | 5)<br>Kons.<br>vitjing |
|-----------------------------|--------------------------------|-----------------------|------------|----------------------------|------------------------|
| 1. Instrument heime         | 1.00                           |                       |            |                            |                        |
| 2. Musikkutdanning          | 0.20                           | 1.00                  |            |                            |                        |
| 3. Spel                     | <u>0.40</u>                    | <u>0.35</u>           | 1.00       |                            |                        |
| 4. Organisert musikkutøving | 0.11                           | 0.13                  | 0.15       | 1.00                       |                        |
| 5. Konsertvitjing           | 0.14                           | 0.14                  | 0.22       | <u>0.31</u>                | 1.00                   |

Denne matrisa fortel oss kor mykje i slekt indikatorane er med kvarandre. Vi kan slå fast at ingen av dei ligg så nær at dei overlappar kvarandre (koeffisientar nær 1). Noen ligg imidlertid langt frå kvarandre.

Vi analyserte strukturen i matrisa ved ei faktoranalyse. Den skilte ut to dimensjonar som kom fram på ladningane på to faktorar.

Tabell 4.14. Faktoranalyse av indikatorar på musikalsk bakgrunn. Varimax Rotasjon.

|                          | Faktorladningar |             |
|--------------------------|-----------------|-------------|
|                          | Faktor 1        | Faktor 2    |
| Instrument heime         | <u>0.45</u>     | 0.13        |
| Musikkutdanning          | <u>0.39</u>     | 0.25        |
| Spel                     | <u>0.86</u>     | 0.06        |
| Organisert musikkutøving | 0.12            | <u>0.44</u> |
| Konsertvitjing           | 0.12            | <u>0.67</u> |

Det vil her føre for langt å føre ein uttømmende diskusjon om kva slags dimensjon som skjuler seg bak desse ladningane.

Ved sida av dei musikalske sider, trur vi at det her kan vere forhold som har med familiesituasjonen å gjere. Vi valde difor å kalle den underliggjande felles eigenskapen på faktor ein for "musikkaktivitet heime" og på faktor to "musikkaktivitet ute".

Indikatorane musikkutdanning og organisert musikkutøving fekk låg ladning på faktorane. Dette stemde ikkje med den vekt vi ønskte å gje desse variablane. Dette er kjenneteikn som etter vårt syn skil dei med ekstra stor bakgrunn i musikk frå den jamne hopen.

Indeksane som vi kunne konstruert ved hjelp av faktoranalysen ville difor komme på sida av oppgåva vår.

#### 4.8.3. Ein additiv indeks

Vi ønskte å komme fram til eit samla mål for musikalsk bakgrunn. Ved bruk av ein additiv indeks kunne vi oppnå eit mål på ordinal nivå, - eit rangeringsmål. Variablane tel då likt.

Vi summerte indikatorane etter inndeling i vedlegg 5. Utvalet delte vi så godt det let seg gjere i tre like store

grupper. Høvet mellom låg, middels og høg musikalsk bakgrunn vart då 33:33:35 i prosent.

Vi brukte dei same indikatorane og danna additive indeksar for mødrer og fedrar og delte inn omlag på same måten. Desse prøvde vi så på variablane utdanning og subjektiv vurdering av eigen musikkinteresse.

Vi tek med tabellen for subjektiv vurdering av eigen musikkinteresse.

Tabell 4.15. Mødrer og fedrar sin subjektive vurdering av eigen musikkinteresse etter indeks for musikalsk bakgrunn<sup>1)</sup>

| Indeks for musikalsk bakgrunn | Kjønn  | Subjektiv vurdering av musikkinteresse |               |                |                 | Sum % | N   | $\bar{x}$ |
|-------------------------------|--------|----------------------------------------|---------------|----------------|-----------------|-------|-----|-----------|
|                               |        | Svært intr. (1)                        | Noe intr. (2) | Lite intr. (3) | Ikkje intr. (4) |       |     |           |
| Låg                           | mødrer | 15                                     | 79            | 4              | 2               | 100   | 164 | 1.9       |
|                               | fedrar | 12                                     | 73            | 11             | 4               | 100   | 187 | 2.1       |
| Middels                       | mødrer | 28                                     | 71            | 1              | 0               | 100   | 529 | 1.7       |
|                               | fedrar | 30                                     | 67            | 3              | 0               | 100   | 467 | 1.5       |
| Høg                           | mødrer | 65                                     | 35            | 0              | 0               | 100   | 207 | 1.3       |
|                               | fedrar | 69                                     | 31            | 0              | 0               | 100   | 194 | 1.3       |
| Sum                           | mødrer | 34                                     | 64            | 1              | 0               | 99    | 900 | 1.7       |
|                               | fedrar | 35                                     | 60            | 4              | 1               | 100   | 848 | 1.7       |

1) Indeks konstruert for mødrer og fedrar kvar for seg etter verdiane i vedlegg 5.

Einingar som mangla: Mødrer: 8

Fedrar: 28

Gamma: Mødrer: -0.616 Sign.: 0.00

Fedrar: -0.679 Sign.: 0.00

Gamma for musikalsk bakgrunn mot utdanning:

Mødrer: 0.469 Sign.: 0.00

Fedrar: 0.346 Sign.: 0.00

Dei positive utfalla av desse testane styrkjer oss i oppfatninga av at vi har komme fram til eit brukbart mål for musikalsk bakgrunn.

#### 4.9. Musikalsk bakgrunn og status. Ei oppsummering

Tabell 4.16. Familiar som har indikatorar på musikalsk bakgrunn etter status i prosent

|                               | Status |         |     | Sum % | N   | Total prosent<br>*) |
|-------------------------------|--------|---------|-----|-------|-----|---------------------|
|                               | Låg    | Middels | Høg |       |     |                     |
| Musikkutdanning               | 21     | 37      | 42  | 100   | 300 | 34                  |
| Instrument heime              | 32     | 35      | 34  | 101   | 820 | 93                  |
| Spel                          | 30     | 33      | 37  | 100   | 682 | 78                  |
| Organisert musikk-<br>utøving | 33     | 33      | 34  | 100   | 144 | 16                  |
| Konsertvitjing                | 27     | 34      | 39  | 100   | 520 | 66                  |

\*) Prosent er rekna etter dei som er komne med i status-inndelinga bortsett frå organisert musikkutøving der alle er med.

Tabellen ovanfor syner ei jamn statusfordeling på dei ulike indikatorane. Dette kan tyde på at musikkinteresse og musikkaktivitet går på tvers av sosioøkonomiske lag i folket. Kven som hadde høg utdanning i musikk slik vi operasjonaliserte dette i avsnittet om musikkutdanning, hadde fleire instrument heime, spelte fleire instrument, og gjekk ofte på konsert var avhengig av status. Høg-statusfamiliar var her sterkast representerte.

Materialet var så mangfoldig at skilnader i eksponentar for ulike musikk-kulturar synte seg. Vi vil her trekkje fram el-orgel og trekkspel som var meir utbreidd i dei lågare sosioøkonomiske lag av folket enn til dømes piano og strykeinstrument. Ein viss skilnad i kjønn kom også fram. Det var mest vanleg at kvinner spelte piano, medan det var mest berre menn som spelte eller hadde spelt korpsinstrument og trekkspel. Dette har komme fram også i andre undersøkingar.

Tabell 4.17. Indeks for musikalsk bakgrunn etter indeks for sosioøkonomisk status i prosent

| Musikalsk bakgrunn | Status |         |     | Sum % | N   | Vertikal prosentfordeling |
|--------------------|--------|---------|-----|-------|-----|---------------------------|
|                    | Låg    | Middels | Høg |       |     |                           |
| Låg                | 51     | 33      | 16  | 100   | 280 | 32                        |
| Middels            | 31     | 35      | 35  | 101   | 281 | 33                        |
| Høg                | 19     | 33      | 47  | 99    | 304 | 35                        |
| Sum                | 33     | 34      | 33  | 100   | 865 | 100                       |

Gamma: 0.409

Sign.: 0.00

46 familiar mangla.

Ut frå det vi har sett tidlegare, var det rimeleg å finne eit samsvar mellom musikalsk bakgrunn og status. Men det må rettast kritikk mot den kvantitative måten vi har konstruert indeksen for musikalsk bakgrunn på. Den favoriserar ressurssterke familiar. Dette kjem delvis fram i tabellen over yrkesfelt etter musikalsk bakgrunn.

Tabell 4.18. Yrkesfelt etter musikalsk bakgrunn

| Yrkesfelt                                                   | Musikalsk bakgrunn |         |     | Sum % | N   | Vertikal prosentfordeling |
|-------------------------------------------------------------|--------------------|---------|-----|-------|-----|---------------------------|
|                                                             | Låg                | Middels | Høg |       |     |                           |
| 0 Teknisk, vitenskapelig, humanistisk og kunstnerisk arbeid | 22                 | 31      | 47  | 100   | 424 | 50                        |
| 1 Adm. forv./bedr. or org.leiingsarbeid                     | 23                 | 40      | 38  | 101   | 48  | 6                         |
| 2 Kontorarbeid                                              | 48                 | 36      | 17  | 101   | 59  | 7                         |
| 3 Handelsarbeid                                             | 39                 | 38      | 23  | 100   | 66  | 8                         |
| 4 Jordbruks-, skogbruks-, og fiskearbeid                    | 42                 | 33      | 25  | 100   | 12  | 1                         |
| 6 Kommunikasjonsarbeid                                      | 49                 | 42      | 9   | 100   | 57  | 7                         |
| 7-8 Industri, bygg- og anleggsarbeid                        | 46                 | 30      | 24  | 100   | 138 | 16                        |
| 9 Servicearbeid                                             | 58                 | 26      | 16  | 100   | 31  | 4                         |
| 0X Militærarbeid                                            | 33                 | 22      | 44  | 99    | 9   | 1                         |

66 familiar mangla.

"Den som har, får" eller Matteuseffekten (Matt. 25.29) synes vanskeleg å komme utanom også når det gjeld status og musikk.

Samsvaret mellom status og musikalsk bakgrunn var likevel ikkje så overlappande at det var hensiktslaust å ta med begge indeksane. Kvar femte lågstatusfamilie hadde trass alt høg musikalsk bakgrunn.

Ei samanlikning med Kulturstatistikk 1977 (SSB, 1978) for utbreiinga av tre av indikatorane for musikalsk bakgrunn - spel, organisert musikkutøving og konsertvitjing, kunne berre bli omtrentleg. Vi tok omsyn til alder, utdanningsnivå og geografisk plassering utvalet vårt representerte då vi nemnde landsgjennomsnittet. Slik også i det følgjande.

Trass i mange usikre sider ved ei slik samanlikning var skilnadene så klåre, at vi kan slå fast følgjande:

Elevane i ein open musikkskole kjem frå heimar der musikkaktivitet ligg over landsgjennomsnittet og gjennomsnittet for Trondheim.

Eit mål for kor mykje over landsgjennomsnittet det dreiar seg om, har vi ikkje grunnlag for å gjere oss. Men ei samanlikning med bakgrunnen til musikklinje-elevar ved den vidaregåande skole og ein lærarskole antyda at utbreiinga for spel i utvalet vårt var like stor som for dei andre. Det vart sagt at aktivitetsgraden for desse var stor. Her var aktivitet målt ut frå spel på instrument (Simonsen, 1977). Samanlikna med foreldra til ungdomsskoleelevane i Trondheim var det i TKM-familiane meir vanleg at foreldra kunne spele. Særleg var skiljet markant for hald og spel av piano (Tødaas, 1978).

Med dette som grunnlag kan det tyde på at elevane i ein open musikkskole i stor utstrekning kjem frå musikkaktive heimar.

## K A P. 5

## K U L T U R E L L   B A K G R U N N

### 5.1. Innleiing

Interesse for musikk hos foreldra og utslag dette gjev seg i heimane er ein del av ein samla kulturell bakgrunn for elevane. Foreldra kan vere sterkare orientert i andre former for kunst og kultur enn musikk, og vi trur dette kan føre med seg ei positiv haldning til instrumental musikkopplæring.

Utdanning er halde for eit godt mål i denne samanhengen. Dette fordi utdanning og kulturaktivitet har høgt samsvar (SSB, 1978). Vi har alt brukt utdanning som ein indikator på sosioøkonomisk bakgrunn. Her vil vi difor nytte oss av indikatorar som går direkte på aktivitet. Desse har vi valt sidan dei i følgje Kulturstatistikk 1977 (SSB, 1978) har meir eller mindre brei tilslutning i folket.

På grunnlag av talet på vitjingar i teater, kunstutstilling, museum og kino freista vi å komme fram til foreldre som var kulturaktive.

Indikatorane var her få, og truleg var dei for mange lite treffande. Vi delte difor utvalet berre inn i to og skilte såleis mellom ei gruppe som var "kulturaktiv" og ei "mindre kulturaktiv".

Vi vil først ta for oss fordeling av kulturtilboda på kjønn og status.

Tabell 5.1. Tal på vitjingar til foreldre i teater, kunstutstilling, museum og kino i prosent

| Tal på vitjingar | Teater, kunstutstilling og museum |        | Kino   |        |
|------------------|-----------------------------------|--------|--------|--------|
|                  | Mødrer                            | Fedrar | Mødrer | Fedrar |
| Ingen gonger     | 12                                | 15     | 18     | 19     |
| 1-2 gonger       | 33                                | 33     | 33     | 30     |
| 3-5 gonger       | 26                                | 22     | 25     | 24     |
| 6 og fl. gonger  | 21                                | 16     | 14     | 15     |
| Har vore i alt   | 81                                | 71     | 72     | 70     |
| Utan svar        | 7                                 | 14     | 10     | 11     |
| Sum %            | 100                               | 100    | 100    | 100    |
| N                | 908                               | 866    | 908    | 866    |

Tabellen syner foreldrevitjingar til ein del kulturtilbod. Vi slo saman teater, kunstutstilling og museum også på spørjeskjemaet. I følgje Kulturstatistikk 1977 hadde desse aktivitetane i sentralitet 3 (Oslo, Bergen, Kristiansund, Stavanger og Trondheim) ein vitjingsprosent på respektive 40 (saman med opera), 30 og 40. Kino hadde ein vitjingsprosent på 57.

Ut frå desse tala meinte vi ved ei to-deling å få med både ein indikator for ein meir allmenn kultur (kino) og ein for det som ofte er kalle "finkultur".

Samalikna med Kulturstatistikk 1977 var utvalet vårt meir flittig til å vitje alle desse kulturinstitusjonane.

På grunnlag av desse data skilte vi ut familiar der foreldra for det første gjekk meir eller mindre på kino enn dei andre nemnde kulturtilboda, og for det andre ofte vitja alle desse tilboda.

Tilordning av data til familienivå var lik den for konsertvitjing (Vedlegg 5).

## 5.2. Status og kultur

Vi trekte ut dei som gjekk mest på kino og dei som gjekk mest i teater, kunstutstilling og museum. Vi skilte ikkje her så mykje mellom tal på vitjingar som kulturtype. Ei mellomgruppe som hadde lik utteljing på begge aktivitetstypene vart ikkje tekne med.

Tabell 5.2. TKM-familiar der foreldra går mest på kino i høve til teater, kunstutstilling og museum, og mest i teater, kunstutstilling og museum i høve til kino etter status i prosent

|                                          | Status |         |     | Sum % | N   |
|------------------------------------------|--------|---------|-----|-------|-----|
|                                          | Låg    | Middels | Høg |       |     |
| Mest på kino                             | 48     | 29      | 23  | 100   | 278 |
| Mest i teater, kunstutstilling og museum | 20     | 38      | 43  | 101   | 331 |

Tabellen syner at familiane der foreldra oftast gjekk i teater, kunstutstilling og museum hadde størst prosent frå høgstatus, medan familiar der foreldra gjekk mest på kino oftast kom frå lågstatusgruppa. Desse funna byggjer opp under oppfatninga av at det er sosioøkonomisk skilnad på publikum hos dei nemnde kulturtypene.


## 5.3. Samla kulturvariabel

Vi valde å nytte oss av ei to-deling av utvalet der vi skilte ut familiar med foreldre som ofte nyttar seg av kulturtilboda nemnt ovanfor.

Vi tok gjennomsnittleg tal på vitjingar til begge foreldre og fann at 34% av familiane hadde i gjennomsnitt fleire enn tre vitjingar i teater, kunstutstilling og museum og fleire enn fem vitjingar på kino. Desse kalla vi "kulturaktive". Dei andre kalla vi "mindre kulturaktive". Det var feil å kalle noen "kulturpassive" ut frå slike kriterier.

Sett i samanheng med indeks for sosial og musikalsk bakgrunn var det eit forventa stort samanfall.

Ein modell for dette kan illustrerast slik:



Vi rekna her med at sosioøkonomisk status var ein sterk forklaringsfaktor for både musikalsk og anna kulturbakgrunn. Musikalsk og anna kulturell bakgrunn er eit kunstig skilje i og med at musikk også er kultur.

Vi er merksam på det misvisande i å bruke vitjing i teater, kunstutstilling, museum og kino som indikatorar for eit så vidt omgrep som kulturaktivitet. Det hadde vore naturleg å trekkje inn fleire variablar som t.d. generell interesse for kunst, lesing av bøker og aviser og ulike haldningar. Det ville for oss føre for langt.

Med indikatorane som vi valde, hadde vi von om å vise at foreldre som har låg musikkinteresse (indeks for musikalsk bakgrunn), likevel kan ha høg interesse for anna kultur. Dette kan igjen gje seg utslag i ei positiv innstilling til musikkundervisning. I følgjande analyse vil vi difor spesielt merke oss denne gruppa.

Med utgangspunkt i variablane sosial, musikalsk og kulturell bakgrunn, kan vi få følgjande tabell.

Tabell 5.3. Samla kulturell bakgrunn - musikalsk og "kulturaktiv" - etter status i prosent

| Samla kulturbakgrunn                     | Status |         |     | Sum % | N   |
|------------------------------------------|--------|---------|-----|-------|-----|
|                                          | Låg    | Middels | Høg |       |     |
| Låg musikalsk bakgr. og kulturaktive     | 38     | 35      | 28  | 101   | 58  |
| mindre kulturaktive                      | 55     | 32      | 14  | 101   | 209 |
| Middels musikalsk bakgr. og kulturaktive | 23     | 34      | 43  | 100   | 91  |
| mindre kulturaktive                      | 35     | 35      | 31  | 101   | 185 |
| Høg musikalsk bakgr. og kulturaktive     | 10     | 29      | 61  | 100   | 153 |
| mindre kulturaktive                      | 28     | 38      | 34  | 100   | 143 |
| Sum                                      | 34     | 34      | 33  | 101   | 839 |

72 familiar mangla.

Høvet mellom "kulturaktive" og "mindre kulturaktive" var omlag 1:3. Halvparten av dei kulturaktive hadde høg musikalsk bakgrunn. 61% av desse var høgstatusfamiliar. Samanhengen mellom samla kultur og status er altså stor.

Denne tabellen får imidlertid fram ein del interessante grupper. 1/4 av utvalet hadde etter våre kriterier fått lite utslag på samla kulturell bakgrunn. Av desse var 114 familiar frå lågstatus og 29 frå høgstatus.

Gruppa representerer truleg ein større del av folket i Trondheim enn det utvalet vårt avspeglar, og den er interessant fordi den er eller burde vere ei målgruppe for musikkskolen.

Sosioøkonomisk status til ein familie verkar altså inn på kulturinteresse og kulturaktivitet. Dette har andre undersøkingar også påvist (kap. 1). I den vidare analysen vil vi difor konsentrere oss om sosioøkonomisk bakgrunn. Vi vil også trekkje inn musikalsk bakgrunn, men vere meir forsiktige med å nytte "kultur"-variabelen.

Trass i at TKM har teke imot alle som har søkt, var det likevel resurssrike familiar som nytta seg mest av tilbodet. TKM hadde då undersøkinga vart gjort, praktisert ope opptak i 6 år, og på det viset freista nå alle grupper i samfunnet. Det er uråd å seie noe ut fra undersøkinga vår om det er sosioøkonomisk rørsle i søkjarmassa. Vi måtte då hatt lik undersøking på to tidspunkt med helst fleire års mellomrom.

Eit relevant spørsmål til nytte for ei sosial utjamning er: Kva slags stengsler er i funksjon sidan det framleis er stor skilnad i sosioøkonomisk status hos søkjarmassa?

Eit eintydig svar på dette er uråd å gje. Den vidare analysa av sosiale/kulturelle grupper vi har komme fram til, vil kanskje kunne antyde visse svar.

## K A P. 6

## M U S I K K O P P L Æ R I N G   T I L   S Ø S K E N

### 6.1. Innleiing

I dette kapitlet vil vi ta føre oss det vi har av opplysningar om musikkopplæring utanom TKM for søsken.

Ikkje berre foreldra er med på å påverke elevane heime. Også søsken - særleg eldre søsken, kan stimulere barna til musikkaktivitet.


Vi fann det rimeleg å spørje kva slags familiar som hadde fleire elevar ved TKM, og i kor stor utstrekning andre former for musikkundervisning var vanleg i familiane til TKM-elevane. Vi har også spurt om tidlegare undervisning i sang eller spel og om elevane har søsken som har lært å spele sjølv. Samla kan dette gje eit visst inntrykk av musikkaktiviteten til søsken. Vi får ikkje svar på kor mange søsken som er eller har vore aktive eller kva type undervisning. Vi viser til tabell 7.8 der det er ein oversikt over kor mange elevar og musikkskoleplassar kvar familie hadde.

Skal vi minske faren for feilslutningar, må vi først sjå på høvet mellom det totale talet på søsken og inndelinga av familiane i tre like store statusgrupper.

## 6.2. Fleire enn eitt barn i TKM og status

Dersom ei statusgruppe hadde fleire heimebuande barn enn dei andre statusgruppene, var det rimeleg at dette ville spele inn på kva slags statusgruppe som oftast hadde fleire enn eitt barn i TKM. Dette gjekk fram av ei samanlikning mellom alle barn som bur heime og alle TKM-elevar i utvalet vårt etter status. Familiar som gav opp 4 eller fleire barn som budde heime fekk verdien 4 heimebuande barn.

Figur 6.1. Høvet mellom talet på søsken som bur heime og talet på elevar ved TKM etter status i prosent



32 familiar mangla.

Ser vi på alle TKM-elevane i utvalet fordelt på status til foreldra, kan det i første omgang sjå ut som det var høg-statusfamiliar som oftast var representerte med fleire enn eitt barn i TKM. Figur 6.1 syner imidlertid at statusgruppene er omlag representert i TKM etter kor mange barn som bur heime i kvar statusgruppe.

Dette kan tyde på at skilnaden mellom statusgruppene er liten når det gjeld å gje fleire enn eitt barn instrumental og vokal opplæring ved TKM.

Skilnad var det imidlertid, og denne kom betre fram då vi

grupperte etter tal på barn ved TKM og status.

Tabell 6.1. Familiar etter talet på barn ved TKM og status i prosent

| Tal på barn ved TKM | Status |         |     | Sum % | N   |
|---------------------|--------|---------|-----|-------|-----|
|                     | Låg    | Middels | Høg |       |     |
| 1 barn              | 38     | 34      | 27  | 100   | 622 |
| 2 barn              | 22     | 34      | 44  | 100   | 234 |
| 3-4 barn            | 22     | 26      | 52  | 100   | 23  |
| N                   | 31     | 34      | 36  | 101   | 879 |

32 familiar mangla

Det går fram av tabellen at 30% av utvalet hadde fleire enn eitt barn ved TKM. Tendensen var at dess fleire barn i TKM, dess sterkare var høgstatusgruppa representert. Slik var tendensen også for barn som budde heime, men skilnaden mellom statusgruppene var større for dei med eitt barn og mindre for dei med 3-4 barn.

Ut frå dette kan vi antyde ein viss samanheng mellom status og tal på barn i TKM, men tendensen er ikkje eintydig. Det er også ein samanheng mellom tal på barn som budde heime og tal på barn ved TKM og den kan forklare noe av skilnaden i status.

Vi tok føre oss lågstatusgruppa og såg kven som var kulturaktiv og hadde middels og høg musikalsk bakgrunn. Vi fann då at dette galdt for halvparten av familiar med eitt barn i TKM, medan det galdt for 2/3 av dei med fleire enn to barn i TKM.

Vi kan altså seie at status og kulturell bakgrunn til ein viss grad kan forklare kven som har fleire enn eitt barn ved TKM. Men gjensidig påverknad av søsken og/eller ønskje frå foreldra om å handsame barna likt, synes å vere ein vel så stor forklaringsfaktor.

### 6.3. Musikkopplæring utanom TKM

I Trondheim fins det sjølvsagt også tilbod om instrumental privatundervisning. Det er eit interessant spørsmål kva slags familiar som nyttar seg av desse tilboda samanlikna med TKM-foreldre. Ei antyding om dette kan vi få ved å sjå på familiar som både har privatundervisning og TKM-undervisning for barna sine.

Formuleringa "undervisning i sang/spill utenom TKM" kan omfatte meir enn privatundervisning. I kapitlet om musikk-utdanning til foreldre synte det seg at noen sannsynlegvis rekna deltaking i korps/orkester som undervisning, og noen gjorde det truleg ikkje. Det kan også tenkjast at enkelte rekna med opplæring i skolen.

Tødaas si undersøking gav oss eit inntrykk av korleis tilbodet om musikkundervisning var i Trondheim. Den synte at 32% hadde eller hadde hatt opplæring med privat lærar, 23% på musikkskole, 29% på skolen og 30% hadde lært seg sjølv. Det var stor overlapping i oppgåvene. Korps og orkester vart t.d. oppgjeve som opplæringsmåte for 43% av dei som spelte eller hadde spelt (Tødaas, 1978). Undersøkinga vart gjort i 1975. Hadde den vore gjort i 1981, hadde truleg musikk-skolen hatt ein større prosentdel. Privatundervisning var altså forholdsvis sterkt representert.


Eit skilje av ulike kategoriar kunne vore interessant for oss også, men vi valde denne formuleringa til fordel for eit meir komplisert og langt spørjeskjema.

Utan store atterhald kan vi påstå at privatundervisning i t.d. piano og fiolin i gjennomsnitt kostar meir enn TKMs årsavgift. Ut frå dette og tradisjon er det rimeleg å vente at ressursrike familiar oftast nyttar seg av privatundervisning eller både privat- og TKM-undervisning.

Ein del hadde nok søsken som hadde lært å spele på eiga hand. Spørsmålet var om det var berre høgstatusfamiliar som var

flinke til å gje undervisning til barn som synta interesse for spel. Kanskje var musikalsk og kulturell bakgrunn viktigare.

Figur 6.2. Oversikt over a) søsken med sang- og spelundervisning no, b) søsken som tidlegare har hatt undervisning i sang/spel (også tidlegare TKM-elevar) og c) søsken som har lært å spele sjølv etter sosial og musikalsk bakgrunn



M = indeks for musikalsk bakgrunn (17 fam. mangla)

S = indeks for sosioøkonomisk status (32 fam. mangla)

Høgast frekvens hadde familiar der søsken til TKM-eleven tidlegare hadde hatt musikkundervisning. I berre 52 familiar var noen av søskena sjølvlærte på eitt eller fleire instrument. I 36 av desse var det samanfall mellom gruppe a og/eller b. Generaliseringsverdien vart difor mindre enn for dei to første gruppene.

Få søsken i utvalet var sjølvlærte i høve til dei som tidlegare hadde hatt undervisning. Det kan ha samanheng med det generelt skeive utvalet i høve til folkemengda i Trondheim.

Sosialt sett syntes gruppe a og b å ha same status-mønster. Vi har tidlegare sett at høgstatusfamiliar i utvalet vårt

hadde flest barn som budde heime. Skilnadene mellom statusgruppene i figur 6.2 kan difor til ei viss grad forklarast ut frå familiestorleik.

Noe sosialt mønster syntes interessant nok ikkje å komme fram i gruppa sjølv lærte søsken. Lågstatusgruppa låg over gjennomsnittet, men det gjorde også høgstatusgruppa.

Musikalsk bakgrunn gav eit meir eintydig mønster for alle gruppene. Over halvparten av familiane med barn i undervisning utanom TKM hadde høg musikalsk bakgrunn, og 80% av familiane med sjølv lærte barn hadde middels eller høg musikalsk bakgrunn.

Ut frå materialet vårt kan vi ikkje påvise ein klår skilnad i status for familiar der barn har undervisning i sang og spel utanom TKM. Ut frå dette kan vi spørje om foreldre med barn i TKM og foreldre til barn med berre privatundervisning kjem frå same sosiale lag. Ei undersøking om dette ville vere interessant.

Då det galdt musikalsk bakgrunn, synté imidlertid materialet vårt klåre skilnader. I familiar der mange søsken var eller hadde vore musikkaktive anten ved TKM eller utanfor, hadde foreldra høg musikalsk bakgrunn.

Det er rimeleg at foreldre som sjølv er musikkaktive, er kvalitetsmedvitne når det gjeld musikkopplæringa til barna sine. Satsar desse heller på privatundervisning, sjølv om det er dyrare?

Gruppa "tidlegare undervisning" inkluderte også tidlegare TKM-elevar og utgjorde så mykje som 1/3 av utvalet vårt. Her hadde nær halvparten av familiane foreldre med høg musikalsk bakgrunn. Ei mogleg forklaring til dette kan vere at når barna når eit visst nivå ved TKM, er det i musikkaktive familiar ein tendens til å gje barna privat undervisning. Det kan også tolkast slik at musikkaktive foreldre stimulerer barna til å halde fram med ei vidare utvikling etter TKM (kap. 1.4).

Desse problemstillingane er interessante, men utvalet og presisjonsnivået for søsken var ikkje primært retta inn på eit slikt problemfelt, og dermed er grunnlaget for spinkelt til å trekkje konklusjonar.

## K A P. 7

## E L E V G R U P P E R   O G   H E I M E B A K G R U N N

### 7.1. Innleiing

I dette kapitlet vil vi ta føre oss ulike elevgrupper og freiste finne skilnader i sosial og musikalsk bakgrunn. Vi fann det naturleg å ta til med bakgrunnsdata som alder og kjønn. I innleiingskapitlet gjekk det fram at det er teoriar om at familien har ulik innverknad på barn i ulike aldrar. Også kjønnsroller kan verte etablerte i heimemiljøet. Vi ventar difor å finne skilnader i alder og kjønn med omsyn til bakgrunnstilhøve. Barn frå høgare sosiale lag vil truleg vere overrepresenterte i dei yngste aldersgruppene.

Støtte og hjelp heimanfrå ville ha innverknad på kor lenge elevane held seg ved musikkskolen. Undersøkingar kan tyde på at det i høgstatusfamiliar oftast blir gjeve slik støtte.

I Levekår i storby vart det peikt på at det er samanheng mellom avstand til fritidstilbod og sosial bakgrunn (Aase og Dale, 1978). Undersøkinga var basert på data frå Bergen. Vi vil sjå om det er samanheng mellom avstand og sosial bakgrunn for TKM-elevane. Er det høgstatuselevane som reiser lengst for å ta musikkopplæring?

Val av instrument kan vere avhengig av alder, kjønn, tilknytning til korps, kor eller orkester. Vi vil freiste finne ut om det innan desse gruppene også finst skilnader i sosial og musikalsk bakgrunn.

Først vil vi gje noen merknader om metodiske problem som knyter seg til val av eining.

Primært skulle kvar familie vere representert med berre ein elev i undersøkinga. Opplysningar om denne var henta frå spørjeskjemaet og data-lister ved TKM. Desse listene hadde opplysningar om eventuelle søsken som samtidig var elevar ved TKM. Slike opplysningar var alder, kjønn, opptaksår ved TKM og opplæringsinstrument. Ved å ta med desse opplysningane fekk vi eit større og sikrare analysemateriale for desse variablane.

Vi vil i det høve peike på ein del metodiske problem. Det gjeld endring av eining. Dersom vi vil seie noe om elevmassen ved TKM kan vi nytte fleire representantar frå ein familie fordi dette er faktum for elevmassen. Skal vi sjå enkelte elev-variablar i lys av sosial, musikalsk eller kulturell bakgrunn, kan ein familie reknast så mange gonger som den har representantar ved TKM. Vi rekna då at søsken hadde same foreldre sjølv om dette er ei sanning med modifikasjonar. Spørsmålet om grupper var over- eller underrepresenterte i høve til utvalet, må då sjåast i samanheng med den fordelinga den aktuelle bakgrunnsvariabelen får etter talet på alle elevar i utvalet. Figur 6.1 er eit døme på dette for status.

På variablar der opplysningane var henta frå data-lister ved TKM vart då talet på einingar 1194. Dette er talet på elevar ved TKM som er handsama i denne undersøkinga. På variablar der opplysningane er henta frå spørjeskjemaet - og gjeld eleven - er talet på einingar det same som talet på familiar.

## 7.2. Alder og kjønn

Alderen på elevane ved TKM følgjer stort sett skolepliktig alder. Men musikkskolen har tilbod til barn heilt ned til 4 år. For førskolebarn er det imidlertid ein forutsetning at foreldra skal ha opplæring saman med barna, men foreldra vert ikkje talde som elevar ved TKM.

I informasjonsbrosjyra for TKM er det gjort greie for kven som kan få opplæring utover grunnskolealder (Vedlegg 2). Retningslinjene syntest her å vere romslege.

Tabell 7.1. Elevane ved TKM etter alder og kjønn i prosent

| Alder      | Kjønn  |       | Sum % | N    |
|------------|--------|-------|-------|------|
|            | Jenter | Gutar |       |      |
| 4-6 år     | 49     | 51    | 100   | 35   |
| 7-9 år     | 56     | 44    | 100   | 268  |
| 10-12 år   | 57     | 43    | 100   | 462  |
| 13-15 år   | 61     | 39    | 100   | 322  |
| 16-21 år*) | 64     | 36    | 100   | 107  |
| Sum %      | 58     | 42    | 100   | 1194 |

\*) Eldste eleven var 21 år

Tabellen syner at skilnaden mellom gutar og jenter varierer med alderen. Førskolebarna hadde jamn fordeling, medan jente-fleirtalet auka med aukande alder. Totalt var høvet mellom jenter og gutar 3:2.

Fødselstalla for Trondheim i perioden 1964-1976 fordelar seg på kjønna slik vi fann det i aldersgruppa 4-6 år for TKM-elevane (Statistisk oversikt for Trondheim 1979). Aldersgruppa 16-21 år var omlag den same som Simonsen undersøkte. Kjønnsskilnaden for denne aldersgruppa låg nær opp til kva ho fann. Ho peikte på at dette stemte lite med kjønnsfordelinga mellom artianarar (Simonsen, 1977).

Den skeive kjønnsfordelinga kan skuldast visse trekk ved jente- og guterolla i vårt samfunn. Tradisjonelt er jentene meir opptekne med estetiske og "mjuke" verdiar, medan gutane let seg oftare engasjere av "tøffare" syslar som t.d. sportsaktivitetar.

Tore Lindbekk refererer i boka Skolesosiologi til ei undersøking av skoleprestasjonar for sjuandeklassingar. Der gjekk det fram at jentene hadde betre karakterer i flid, orden og dugleiksfag. Dette vart oppfatta som ei positiv sanksjonering frå skolen si side overfor trekk ved jentene sin allmenne tilpasning til skolesituasjonen. Vidare vart dette tolka slik at jentene i større grad enn gutane samvetsfullt utfører dei oppgåvene dei vert stilt overfor (Lindbekk, 1974).

Instrumental og vokal opplæring må reknast som ein del av estetiske og "mjuke" verdiar og dessutan som eit dugleiksfag.

Våre funn kan tyde på at desse rolleforventningane får større effekt med aukande alder, og det er freistande å spørje om ikkje skolen er ein aktiv bidragsytar for dette i og med skilnaden i kjønn tek til å syne seg alt dei første skoleåra.

Ei svensk undersøking som samanlikna same barn med omsyn til kreativ musikalsk aktivitet i barnehagealderen og 10-14-årsalderen, konkluderte med at det virka som om eigen musikalsk skaping til barna minka fort, så snart dei kom i skolepliktig alder. Eigen musikalsk skaping syntes ikkje å vere til stades utanom i enkelte tilfelle, der aktiviteten elles var stor. Det var berre jenter som framleis var kreative (Hagman og Håkansson, 1969). Undersøkinga hadde få einingar, var svensk og ligg noen år tilbake i tid, så resultata må handsamast med varsemd.

Det finst også andre svar på kvifor jentene er i fleirtal. Det er nok eit samspel av fleire årsaksfaktorar. For dei eldste aldersgruppene gjeld det kanskje at jentene tradisjonelt ikkje treng å ta stilling til yrkesval så tidleg som gutane. I Musikopleven og Musikformidling heitte det at det finst få pålitelege undersøkingar om musikalsk interesse og aktivitet for ungdomar (ca. 13-21 år). Her vart det peikt på at sosial referanse til vaksengruppa kunne vere årsak til plutseleg fall i musikkinteresse for gitar kring 12-13-årsalderen. Ein ting er å bli samanlikna med andre barn, ein ganske annan er å måle seg med Arve Tellefsen, Robert Levin eller Eva Knardahl. Det var her snakk om interesse for kunstmusikk. Interesse for rock og pop-musikk vart imidlertid sett i samanheng med ungdomskulturar. Undersøkingar på dette feltet vart etterlyst (Jensen og Poulsen, 1975). Dette er i noen grad retta på mellom anna ved MIT (Hovudoppgåve til Solveig Welde, venta ferdig ved MIT, vår 1983). Dei skilnader som vi har trekt inn her, kan vi kaste lys over ved å sjå på sosiale bakgrunnstilhøve og

alder og kjønn (Vedlegg 4).

### 7.2.1. Alder og status

Gjennomsnittsalderen til TKM-elevane då denne undersøkinga vart gjort var 11½ år. Alderen spenner likevel så vidt som frå 4 til 21 år. Foreldre, skole, kameratar og media har ulik innverknad på åtferda til barna på ulike aldersnivå. Det er grunn til å tru at foreldre har mest å seie for barna i tidleg alder (kap. 1.4). Tradisjonelt er foreldre med høg utdanning haldne for å la barna alt tidleg ta del i "positive" aktivitetar som t.d. musikkopplæring og speidarverksemd. Dersom dette gjeld, kan vi vente oss ein overrepresentasjon av høgstatusfamiliar i dei låge aldersgruppene.

Tabell 7.2. Elevar ved TKM etter alder og status i prosent

| Alders-<br>grupper | Status |         |     | Sum % | N    |
|--------------------|--------|---------|-----|-------|------|
|                    | Låg    | Middels | Høg |       |      |
| 4-6 år             | 18     | 21      | 62  | 101   | 34   |
| 7-9 år             | 27     | 32      | 41  | 100   | 264  |
| 10-12 år           | 31     | 35      | 35  | 101   | 443  |
| 13-15 år           | 37     | 34      | 29  | 100   | 312  |
| 16-21 år           | 29     | 34      | 36  | 99    | 102  |
| Sum                | 31     | 34      | 36  | 101   | 1155 |

32 familiar med tilsaman 39 barn mangla.

Det går fram av tabellen at aldersgruppene under 10 år var sterkast representerte frå høgstatusfamiliene. Førskolebarna skilte seg særleg sterkt ut, der 62% kom frå høgstatusfamiliar. Her var imidlertid utvalet tynt. Den eldste skolepliktige aldersgruppa var overrepresentert frå lågstatusgruppa, medan elevar over 15 år var jamnt fordelt på statusgruppene i høve utvalet vårt.

Forklaringa til dette kan liggje både i holdningar til foreldra og tilbodet som musikkskolen gjev. Truleg vert innverkanden til foreldra mindre med aukande alder på barna,

som då meir sjølve kan velje kva dei vil nytte fritida til. Funna våre tyder på at det vert ei større sosial utjamning for musikkskoleelevar i den høgste skolepliktige aldersgruppa. Valfag i skolen og fellesinnmelding av skolekorps er forklaringsfaktorar som må nemnast her. Vi vil også leggje til at den musikalske bakgrunnen var jamnare enn den sosiale for denne aldersgruppa (Vedlegg 4).

Alderen er rekna frå den alder elevane hadde hausten 1980. Den største aldergruppa var 10-12 år, men gruppa 13-15 år var også stor (27%). Våren 1982 var ein stor del av desse ferdig med skolepliktig alder, og denne våren var det ein aksjon på møtet til Sør-Trøndelag fylkesskolestyre for å berge ca. 300 TKM-elevplassar. Dette galdt elevar ved TKM som ville få eller hadde fått undervisning etter niårig skole.

Dei store alderskulla ved TKM kan tyde på at auken i undervisningsetterspurnaden etter skolepliktig alder vil halde fram. Dersom statusfordelinga er den same for dei som held fram, trur vi eit slikt tilbod kan yte sitt til ei sosial utjamning av TKM-elevane.

Resultata våre synte altså at det var ein samanheng mellom status og alder. Skilandene var ikkje store i grunnskolealder. Størst var den i den yngste aldersgruppa, der høgstatusgruppa var sterkest overrepresentert. Dermed vart ei av arbeidshypotesene våre stadfest. Det var i høgstatusgruppa for barn under 7 år at vi fann gutefleirtal. Dette var den einaste gruppa vi kunne registrere det i. Elles kunne vi ikkje registrere ein klår samanheng mellom kjønn og status i dei ulike aldersgruppene. Det kunne vere ein svak tendens til at jentefleirtalet var størst i dei midtre og låge statusgruppene for dei eldste aldersgruppene (Vedlegg 4). Andre analysemetodar ville kanskje påvise klårare samanheng mellom kjønn og status i dei ulike aldersgruppene. Dette gjekk vi av tidsmessige grunnar ikkje nærare inn på.

### 7.3. Kor lenge er elevane ved TKM

I eit fritidstilbod som musikkskolen, er spørsmålet ikkje berre å nå mange, men også å la flest mogleg oppleve glede og framgang ved spel og samspel. Ein indikator for kor vidt ein lukkast i dette kan vere å sjå på kor lenge elevane held fram ved skolen.

Tødaas og Johansen har peikt på at dei fleste av dei som slutta med instrumental opplæring eller slutta i skolekorps gjorde det fordi dei etter kvart mista interessa (Tødaas, 1978; Johansen, 1975). Vi vil freiste finne grunnar som kan liggje bak eit slikt tap av interesse for musikkopplæring. Variablane kjønn, musikalsk- og sosial bakgrunn fann vi interessante å ta med i ein slik samanheng. Viktig var også kor mange år elevane hadde vore ved TKM. Vi vil difor rette noen kritiske merknader til denne måten å nytte materialet på.

Dersom søkjarmassa kvart år hadde vore lik både med omsyn til tal, alder, kjønn, musikalsk og sosial bakgrunn, kunne vi seië noe sikkert om kven som er lang eller kort tid ved TKM. Sidan freistnaden med open musikkskole tok til i 1975, har det imidlertid skjedd ei stor auke i talet på elevar, og vi vil også tru at det har gått føre seg ei rørsle i bakgrunnen til elevane (kap. 7.5.2). Auken i storleiken på opptakskulla hadde stagnert ca. 1980, og dei siste åra er det registrert ein variasjon i tilsiget. Merkbar tillegg i årsavgift har gjeve seg utslag i redusert søkjarmasse. Dette hevda tilsette ved TKM å gjelde for t.d. hausten 1982. Variasjonen må nok tilskrivast også andre faktorar som t.d. marknadsføring og PR for TKM. Når det gjeld resultata for opplæringstid må det difor takast atterhald for variasjon i samansetninga av tidlegare årskull.

Vi vonar likevel å få fram nyttige skilnader med ei inndeling som fokuserer ytterverdiane. Vi slo såleis saman dei som tok til ved TKM i åra 1973 til 1976. Det utgjorde ein knapp femtedel av elevane. Dei som gjekk 2.-4. året var naturleg nok den største gruppa (52%), medan elevane som tok til i

1980 eller våren 1981 (65 elevar) utgjorde omlag ein tredjepart. Vi hadde ikkje høve til å telje i skoleår, så vi gjer merksam på det upresise i å telje i kalenderår.

### 7.3.1. Opplæringstid og kjønn

Vi har tidlegare stilt spørsmål om jentefleirtalet ved TKM kan skuldast at jentene i gjennomsnitt er lengre i musikk-skolen enn gutane. Tødaas si undersøking av ungdomsskole-elevar kunne tyde på dette. Ei samanlikning med hans undersøking er ikkje heilt god, men kan likevel vere nyttig.

Tabell 7.3. Opplæringstid ved TKM etter kjønn i prosent

| Opplæringstid | Kjønn  |       |       |
|---------------|--------|-------|-------|
|               | Jenter | Gutar | I alt |
| 1. året       | 30     | 31    | 30    |
| 2.-4. året    | 53     | 50    | 52    |
| 5.-8. året    | 17     | 20    | 18    |
| Sum %         | 100    | 101   | 100   |
| N             | 697    | 497   | 1194  |

Tabellen avslører små skilnader mellom kjønna når det gjeld opplæringstid. Gjennomsnittleg hadde alle elevane vore 2,9 år ved TKM. Gjennomsnittet var litt høgare for gutane enn for jentene (berre ca 1/10 år skilte). Rimeleg nok hadde aldersgruppa over 12 år vore lengst ved TKM, og dei fleste elevane tok til med TKM-opplæring før dei var 12 år. Skilnaden i kjønn var størst i aldersgruppa 10-15 år for dei som hadde vore lengre enn fire år ved TKM. Særleg aldersgruppa 13-15 år hadde gutane relativt fleire med lang opplæringstid (Vedlegg 4).

Dette kan tyde på at ved tidlegare årskull har også rekrutteringsmønsteret vore slik at jentefleirtalet har auka med aukande alder. Prosentvis var det imidlertid like stor del av gutane som jentene over 15 år som både hadde vore meir enn 4 år ved TKM (45-44%) og som gjekk 2.-4 året (48-46%).

Ut frå det samla materialet vårt gjekk det altså ikkje fram at jentene i gjennomsnitt er lengre ved TKM enn gutane. Tvert om er det gutane som har ein liten tendens til å halde lengst ut.

Vi heldt dette saman med Tødaas si undersøking av 7.-9.-klassingar og der gjekk det fram at 33% av jentene og 23% av gutane hadde hatt opplæring på instrument lengre enn 3 år. Omlag dobbelt så mange jenter (10%) som gutar (6%) hadde hatt opplæring utover 5 år (Tødaas, 1978). Dette stemde lite med våre funn både når det galdt lengst opplæringstid og kjønn. 31% av TKM-elevar mellom 13 og 15 år hadde nemleg meir enn fire års opplæringstid, medan det tilsvarende tal for Tødaas sitt utval var 8%.

Begge undersøkingane vart gjennomført i Trondheim med 6 års mellomrom. Utvala var så store at vi kan spørje om vi her har fanga inn skilnader som syner ein tendens til at unge i større grad enn tidlegare tek lang musikkopplæring. Det var i så fall nærliggjande å tru at TKM med sitt høge medlemstal sterkt har vore med på å styrke denne tendense. Dersom det vert vahleg at mange har instrumental opplæring i aldersgruppene som tidlegare har hatt høg fråfallsprosent, kan presset til å kutte ut bli mindre - eller flytta til ei høgare aldersgruppe.

Skilnaden mellom dei to undersøkingane med omsyn til kjønn var vanskelegare å forklare. Kan det vere at musikkskolen tilbyr eit opplegg der gutar så vel som jenter finn sine interesser i like stor grad over lengre tid. Metodiske skilnader må også takast med her. Tødaas sitt utval var elevar som både hadde og hadde hatt instrumental opplæring, medan alle i vårt utval hadde det. Dessutan omfatta hans utval fleire typar opplæring.

### 7.3.2. Opplæringstid og status

Vi har tidlegare vore inne på kor vidt foreldre frå høgare lag av folkemengda tek seg av barna på ein ulik måte i høve andre lag. Vi nemnde at skilnad i støtte og oppmuntring kan

vere ein grunn til at fleire elevar ved TKM kjem frå høgare lag av folket enn gjennomsnittet. Støtte og oppmuntring kan også gje seg utslag i at elevane ikkje gjev opp i periodar der det er ingen framgang å spore eller motivasjonen er borte. Det er også nærliggjande å tru at liksom i skolen kan skilnad i holdning og reaksjonsmønster hos barn frå ulike lag av folket bli ulikt sanksjonert både hos lærarar og medelevar ved TKM. Opplegg og repertoar kan også føre til skilnad for kor lenge elevar frå ulike lag er ved TKM.

Figur 7.1. Elevar ved TKM etter opplæringstid og status i prosent

|                           |  |         |         |         |
|---------------------------|--|---------|---------|---------|
| Opplæringstid: 5.-8. året |  | 17      | 20      | 17      |
| 2.-4. året                |  | 50      | 47      | 59      |
| 1. året                   |  | 34      | 33      | 25      |
| Status                    |  | Låg     | Middels | Høg     |
|                           |  | N = 357 | N = 387 | N = 411 |

Av figur 7.1 går det fram at høg og lågstatusgruppene hadde like stor prosent som hadde opplæring meir enn 4 år. Skilnaden er imidlertid merkbar for dei med opplæring i 2-4 år. 1/3 av lågstatusgruppa heldt på med 1. året medan berre 1/4 av høgstatusgruppa gjorde dette.

Resultata er altså ikkje eintydige og kan berre delvis støtte dei tidlegare resonnementa. Det kan vere minst to grunnar til at lågstatusgruppa var forholdsvis sterkt representert 1. opplæringsåret. For det første kan dette avspegle at denne gruppa har hatt stor fråfallsprosent etter kort tid. Dersom dei siste årskulla før 1981 hadde omlag same sosiale samansetning, kan det vere rett med ei slik grunngjeving.

Ei anna forklaring kan vere at TKM får stadig fleire medlemar

frå statusgrupper som ligg lågare enn gjennomsnittet for musikkskolen. Dette kom tydeleg fram i materialet vårt. Kanskje er det slik at når elevane kjem over ein viss terskel, så spelar ikkje sosial bakgrunn så mykje inn berre dei får høve til å halde fram med å dyrke musikkinteressa si. Det kan altså sjå ut som det ikkje er samanheng mellom tilknytning til sosial status og kven som er lengst ved TKM. Dette avkreftar ei av arbeidshypotesene våre.

Vi må her ta atterhald for feilkilder som skilnader i tidlegare rekruttering og avgang kan føre med seg.

Nye undersøkingar på dette feltet ville kunne avdekkje kven av desse forklaringane som gjeld mest.

### 7.3.3. Opplæringstid og musikalsk bakgrunn

Vi har sett på variasjonar i opplæringstida etter kjønn og status. Det er grunn til å tru at musikalsk bakgrunn i større grad enn kjønn og status har hatt innverknad på kor lenge elevane har teke musikkopplæring. Forskning har synt at musikalske aktivitetar i heimemiljøet stimulerer og utviklar den musikalske evna til barn (kap. 1.4). Dersom foreldre eller søsken spelar eller syner stor interesse for musikk på anna måte, er det all grunn til å tru at barn frå slike heimar i gjennomsnittet sjeldnare "går lei" av instrumental opplæring.

Figur 7.2. Elevar ved TKM etter opplæringstid og musikalsk bakgrunn i prosent

|                          |         |         |         |
|--------------------------|---------|---------|---------|
| Opplæringstid: 5.-8 året | 16      | 13      | 25      |
| 2.-4. året               | 51      | 56      | 49      |
| 1. året                  | 33      | 31      | 27      |
| Musikalsk bakgrunn:      | Låg     | Middels | Høg     |
|                          | N = 353 | N = 382 | N = 436 |

1/4 av dei med høg musikalsk bakgrunn hadde altså hatt opplæring lengre enn fire år. Mellom dei med middels eller låg musikalsk bakgrunn hadde ein forholdsvis mindre del så lang opplæringstid. Derimot hadde omlag 1/3 av desse gruppene opplæring første året. Same resonnementet som for sosial bakgrunn kan også gjelde for musikalsk bakgrunn når det gjeld å forklare den kortaste opplæringstida.

Resultata synte ein klår samanheng mellom opplæringstid og musikalsk bakgrunn. Vi kan difor konkludere med at musikalsk bakgrunn har mykje å seie for kor lenge elevane har hatt opplæring ved TKM.

Det finst ein metode som kan få fram høvet mellom effekten kvar av variablane kjønn, sosial og musikalsk bakgrunn har hatt på opplæringstida til elevane (Hernes, 1976).

Vi valde å finne effekten av status, musikalsk bakgrunn og kjønn på den gruppa som hadde hatt lengst opplæringstid, - dvs. lengre enn fire år. Metoden krevde ei todeling av kvar av dei avhengige variablane. Vi slo difor saman låg og middelsverdiane for sosial og musikalsk bakgrunn og fekk dermed ei fokusering på høgaste verdi. Utrekning av effekt byggjer på prosentdifferansar mellom dei ulike variablane. Ved bruk av fleire variablar vert den endelege effekt eit gjennomsnittsmål for mange prosentdifferansar (Hernes, 1976).

Vi kom då fram til følgjande gjennomsnittlege effekt på opplæringstid av kvar variabel:

|                               |        |
|-------------------------------|--------|
| Effekt av kjønn:              | 3,25%  |
| Effekt av status:             | 4,25%  |
| Effekt av musikalsk bakgrunn: | 10,25% |

Dette kan formulerast slik: Jamnt over 3,25% av tendensen til å vere meir enn fire år ved TKM kan tilskrivast kjønn. Det vil her seie det å vere gut. Verknaden av sosial bakgrunn var 4,25%, medan musikalsk bakgrunn hadde over dobbelt så stor effekt som sosial bakgrunn.

Gjekk vi nærare inn på dei ulike prosentdifferansane gav det oss eit utydeleg bilete av samspel mellom dei ulike variablane.

Vi vil berre avrunde med det klåraste resultatet: Mest sannsynleg for å vere lenge i TKM har ein gut frå høg musikalsk bakgrunn og frå låg eller middels sosial bakgrunn.

Det er grunn til å ta atterhald for desse måla. Særleg er verdigrupperinga utslagsgjevande. Same metode med gruppering av musikalsk og sosial bakgrunn der middels og høg var slått saman, gav ingen meiningsfylte utslag.

#### 7.3.4. Rekruttering og fråfall ved TKM

Eit studium i samansetninga av opptakskull og "fråfallskull" over tid kan avdekkje kva slags rørsler det er i elevsaman-setninga ved TKM. For å få ei styring med utviklinga er det viktig å vite kvifor samansetninga av tilsig og fråfall er som det er. Då kan det vere mogleg å måle effekt av ulike tiltak.

Vi har imidlertid berre hatt høve til å sjå på rekrutteringsmønsteret ved eit visst tidspunkt ut frå visse kriterier. Vi har også freista danne oss eit bilete av kven som har hatt tendens til å vere lenge ved musikkskolen. Manglande kjennskap til samansetninga av tidlegare årskull var her med å svekke utsagnskrafta. Under føresetnad av at endringane i tilsiget har vore lite, freista vi også å danne oss eit bilete av samansetninga av "fråfallskulla" ved omlag same tidspunktet. Eit sentralt spørsmål til denne gruppa var: "Kvifor slutta dei?"

Det var her nærliggjande å samanlikne med Tødaas og Johansen sine undersøkingar. Der gjekk det fram at manglande interesse var viktigaste grunnen til at instrumental-elevar og korpsdeltakarar hadde slutta (Tødaas, 1978; Johansen, 1975). Johansen peikte på at den manglande interessa som regel innebar at dei kort og godt var gått lei. Til Tødaas gav den nest største gruppa opp at for dårleg tid var grunnen til at

dei slutta. Dette vart sett i samanheng med at ungdom i den alderen har for mange fritidstilbod på ein gong. Alle krev dei meir og meir av den enkelte slik at noe må kuttast ut. Reine preferanseomsyn vert lagt til grunn når ein må slutte, og at musikken må ta sin del av dette, er naturleg nok. Større krav frå skolen og endring av handlingsmønster og miljø mellom kameratar bør også nemnast som avslutningsgrunnar. Det kan kallast underliggjande grunnar.

Vi har freista peike på tre slike underliggjande grunnar for å slutte. Ut frå materialet vårt har vi tolka funna slik:

- Barn med låg sosial og musikalsk bakgrunn har tendens til oftast å slutte etter kort tid ved ein open musikkskole. Barn med høg sosial bakgrunn vert noe lengre, medan det ikkje synast å vere samanheng mellom sosial bakgrunn og kven som er lengst ved TKM. Derimot spelte høg musikalsk bakgrunn inn på kven som var lenge i musikkskolen.
- Høvet mellom fråfallet av gutar og jenter etter kort tid i ein open musikkskole er omlag likt med tilsiget, men dei gūtane som vert att har ein tendens til å vere lengre enn jentene.

Desse utsegna bør helst testast ved ei tids- og prøveundersøking. Det bør her også føyast til at variablane som vi har valt å sjå på som forklaringsfaktorar, er berre få av mange i eit meir eller mindre komplisert samspel.

#### 7.4. Avstand til opplæringsstaden

I Levekår i storby kom det fram at avstand mellom heim og aktivitetsstad hadde noe å seie for kva slags grupper som oppsøkte dei ulike fritidstilboda. Der heiter det mellom anna:

"Det går fram at avstanden mellom boligstrøket og de ulike tilbudspunktene har avgjørende innflytelse på benyttelse av fritidstilbudene. Elevene utviste stort sett høyest deltagelse i de aktiviteter som fantes innen 2 km avstand fra bostedet." (Aase og Dale, 1978:131).

Vidare gjekk det fram at ikkje alle tilbod var like kjenslevare for avstand og at

"...betydningen av avstand var forskjellig for ulike sosialgrupper. For høystatuselever i høystatusstrøk spiller avstanden til en del av tilbudene mindre rolle for bruken enn tilfellet er for de andre elevkategorier. ... Høystatuselevene hadde høy deltagelse i en del "intellektuelle" og engasjementskrevende sysler som ... sang og musikk, ..." (Aase og Dale, 1978:132).

Denne skilnaden i bruken kunne skuldast at i denne gruppa fanst dei mest ressursrike og motiverte elevane. God økonomi og høgt privat bilhald mellom foreldra vart nemnde som moglege årsaker til at denne gruppa var meir mobil enn dei andre. Denne undersøkinga vart gjort i Bergen kommune. Bystrukturen er ein annan for Trondheim kommune. Likevel reiser spørsmålet seg om avstand mellom heim og TKM sine opplæringsstader er så stor at noen grupperingar let vere å nytte seg av tilboda av den grunn.

Vi hadde berre høve til å sjå på dei som hadde nytta seg av tilbodet. Dersom høgstatusgruppa er sterkt representert mellom dei som har lang veg, er det likevel nærliggjande å tru at elevar frå dei andre statuskategoriane med like lang veg har halde seg borte på grunn av avstand. Det vil i så fall gå fram at barn frå høgstatusfamiliar oftast vil gjere bruk av ressurskrevjande framkomstmiddel som privatbil og offentleg kommunikasjonsmiddel.

Vi spurde ikkje direkte etter avstand, men etter reisetid og reisemåte frå heimen til undervisningsstaden. Vi fastsette at dei som til vanleg gjekk i opptil ein halvtime og sykla/sparka opptil eit kvarter, hadde kort veg. Resten hadde lang veg. Då fekk 38% av elevane kort veg og 62% lang. Målet for avstand er såleis unøyaktig. Grovt sett får vi likevel fram grupper med kort og lang veg.

Tabell 7.4. TKM-elevar som til vanleg nytta motorisert framkomstmiddel til undervisningsstaden etter status i prosent

| Reisemåte  | Status |         |     | Sum % | N   |
|------------|--------|---------|-----|-------|-----|
|            | Låg    | Middels | Høg |       |     |
| Buss/trikk | 38     | 34      | 28  | 100   | 292 |
| Privatbil  | 34     | 29      | 37  | 100   | 207 |
| Sum        | 37     | 32      | 32  | 101   | 499 |

Tabell 7.5. TKM-elevar etter reiseveg og status i prosent

| Reiseveg | Status |         |     | Sum % | N   |
|----------|--------|---------|-----|-------|-----|
|          | Låg    | Middels | Høg |       |     |
| Kort veg | 30     | 36      | 34  | 100   | 330 |
| Lang veg | 36     | 32      | 32  | 100   | 545 |
| Sum      | 34     | 34      | 33  | 101   | 875 |

I utvalet vårt kom det ikkje fram markerte skilje som gjekk på avstand til opplæringsstaden. 88% brukte mindre enn ein halvtime fram til undervisningsstaden, og dei som brukte meir, skilte seg ikkje ut korkje med omsyn til sosial og musikalsk bakgrunn. Det var få som brukte meir enn tre kvarter. For desse var den sosioøkonomiske bakgrunnen jamn, men 9 av dei 11 det galdt for, hadde middels eller høg musikalsk bakgrunn.

Resultat frå Bergen-undersøkinga gav grunnlag for å tru at elevar frå høgstatusfamiliar ville vere overrepresenterte i den gruppa som hadde lengst veg. Den svake tendensen i utvalet vårt var omvendt.

Ei forklaring til dette kan liggje i skilnad i alderssamansetninga av dei to utvala. I den nemnde undersøkinga vart det poengtert at resultata galdt ungdomsskoleelevar, og vektlegging på avstand kunne vere ein heilt anna for andre grupper.

Vi fann at elevane på dei to lågaste alderstrinna stort sett vart køyrte med privatbil til undervisningsstaden. Som vi har sett, var høgstatusfamiliane overrepresenterte på desse alderstrinna. Tilsvarande var dei eldre aldersgruppene statusmessig jamnare fordelt. Desse aldersgruppene nytta mest offentleg kommunikasjonsmiddel. Vi merka oss imidlertid at over halvparten av dei som til vanleg nytta privatbil i aldersgruppa 13-15 år hadde foreldre frå lågstatusfamiliar.

Vi meiner med dette å ha gode grunnar til å tru at bruk av privatbil til opplæringsstaden kan meir enn ut frå avstand forklarast ut frå statusmessig samansetning på dei ulike alderstrinn.

Vi kunne altså ikkje påvise markerte skilje mellom dei ulike statusgruppene når det galdt avstand mellom heim og undervisningsstad. Større mobilitet på grunn av privatbilhald og god økonomi kan vere ein medverkande grunn til at høgstatusgruppa er sterkt overrepresentert i dei låge aldersgruppene.

Av mange atterhald til desse resultata vil vi nemne to. For det første er avstand rømsleg definert ut frå reisetid og reisemåte. Geografisk sett er Trondheim gryteforma og TKM ligg i botnen. Ein syklist kan difor rulle langt på mindre enn eit kvarter. For det andre var utvalet vårt sosioøkonomisk sett over gjennomsnittet for Trondheim. Britt Dale fann at nettopp for barn frå ressursrike familiar hadde avstand til aktivitetsstaden mindre å seie (Aase og Dale, 1978).

Det er sjølvsagt eit gode å ha opplæringsstaden så nær heimen som mogleg. Frå 1. januar 1980 vart ny målformulering gjort gjeldande for TKM. I grunngjevinga for denne vart det mellom andre prinsipp lagt vekt på prinsippet om desentralisering og tiltak i nærmiljø. Der heiter det:

"Så langt det har vært mulig med de (lærer)ressurser en rår over, har TKM søkt å legge sin undervisning til "heimeskolene" om ettermiddagen." (Dalin m.fl. 1981: 366).

Vi vil åtvare mot å vise til våre funn som prov på at dette prinsippet har vorte gjennomført. Til det er vårt presisjonsnivå for lågt. Vi kan her nemne at 15 av respondentane gav opp "kort vei" eller "får opplæring på sin skole" som grunn for at dei var nøgde med TKM. 4 meinte at "for lang vei" var eit negativt trekk for dei i høve til TKM (Vedlegg 3.5).

Undersøkinga om levekår hadde grunnlag nok for å slå fast at avstand syntes å ha meir å seie enn sosiale bakgrunns-tilhøve for bruken av fritidstilbod. Dette kunne tyde på at fritidsbruk var ein faktor som ein lett kunne påverke. Vidare heitte det:

"Særlig ser deltagelse blant elever med lavere og middels sosial statusbakgrunn ut til å kunne økes gjennom bedre tilbudsdekning i lokalmiljøet."  
(Aase og Dale, 1978:132).

Om musikkskøler som TKM held fram med å strekkje seg mot undervisning i lokalmiljøa, trur vi dette på sikt vil vere med på å gjere sitt til ei sosial statusutjamning mellom elevane.

### 7.5. Val av opplæringsinstrument

Det er mange spørsmål som reiser seg i høve val av opplæringsinstrument.

Val av instrument kan vere knytt til kvifor eleven tok opplæring. Var det etter eige ønskje eller ønskje frå foreldra som førte til at eleven tok til med musikkundervisning. Johansen peikte på at kva venner og skolekameratar gjorde, var avgjerande både for dei som vart med og ikkje vart med i skolekorps (Johansen, 1975). Kan det vere at den sosiale samversforma i tilknytning til musikkundervisninga var viktigare enn ønske om spesielle instrument?

Det er rimeleg å tru at foreldra i samråd med musikkskolen avgjorde valet for dei yngste elevane. I informasjonsbrosjyra for TKM vert det lagt vekt på slike samtalar med eleven og

føresette. Der er også ei liste over instrument som vert tilrådd for ulike aldrar (Vedlegg 2). Det er berre få instrument - minifiolin, minicello og no også minitrekkspel som er tilpassa dei yngste alderstrinna. Tilbodet om minifiolinundervisning for førskolebarn saman med foreldre har vekt pedagogisk interesse og synt seg vere vellukka (Dalin m.fl., 1981).

Sjølv om spørsmålet om instrumenttype for dette tilbodet ikkje står i sentrum, er det vel neppe tvil om at brei satsing på minifiolin har konsekvensar for utbreiing for strykeinstrument på seinare alderssteg. Satsing på andre instrumentalternativ for tilsvarande opplegg vil sjølvstøtt verte ressurskrevjande. Vil det i så fall etter kvart føre til ei anna utbreiing på dei ulike instrumenta? Spørsmålet om lærarkrefter må også takast med som ein avgrensande og styrande faktor.

Vi vil vidare nemne at tanke på prestisje, utvikling av talent og/eller seinare medlemskap i kor, korps eller orkester (heretter avkorta til k/k/o) kunne vere avgjerande for val av instrument. Andre blir motivert til eller vil lære spele på instrument dei har heime. Kanskje har dei høyrte eller sett foreldre, eldre søsken eller andre spele spesielle instrument og dermed vart interessa vekt.

Mange treng altså ikkje ha spesielle ønskje, medan andre er meir medvitne i val av instrument. Med andre ord er det vanskeleg å svare på i kor stor grad utbreiinga av dei ulike instrument avspeglar barna, foreldra eller musikk-skolen sine interesse. Kanskje er utbreiinga av enkelte instrument resultat av marknadsføring frå næringslivet eller kulturpolitiske holdningar frå meir eller mindre klårt definert hald.

Desse spørsmåla er ein freistnad på å syne at forklaringar til utbreiing av instrument kan vere mange og innfløkte. Dei spenner frå mikro-til makro-plan, frå individ til organisasjons- og samfunnsmessige forklaringar.

I denne rapporten har vi konsentrert oss om sosial og musikalsk heimebakgrunn. Frå desse innfallsvinklane vil vi freiste finne skilnader for kvart instrument. Dette kan så vere med på å forklare utbreiing av kvart instrument.

I kapitlet om musikalsk bakgrunn fann vi at typar instrument som fanst i heimane og instrument foreldra spelte eller hadde spelt var ulikt representert i statusgruppene. Det er rimeleg at liknande tilhøve vil gjere seg gjeldande for opplæringsinstrument. Vi kan vidare vente at den musikalske bakgrunnen vil variere for elevar med ulike typar opplæringsinstrument. Det er her nærliggjande å spørje kor vidt barna tek opplæring på instrument foreldra spelte eller har spelt, og kor vidt opplæringsinstrumentet er det einaste instrumentet i heimen.

Dei ulike instrumenta kan variere med omsyn til sosial og musikalsk bakgrunn til elevane som får opplæring på dei. Skilnader i samanheng mellom desse to variablane for kvart instrument kan avdekkje ulike vurderingar av instrument mellom foreldregrupper.

#### 7.5.1. Noen metodiske problem

Det hadde her vore interessant å ta føre seg kvar undervisningsdisiplin i dette kapitlet. Mykje stoff har imidlertid ført til avgrensingar. Det har vi gjort ved å slå saman instrument som har ein del sams trekk. Vi vil følgje same inndeling som vi har nytta under kapitlet om musikalsk bakgrunn.

Vi har gått inn for samanslåing av messingblåseinstrument, strykeinstrument og treblåseinstrument (utanom blokkfløyte). Dette er gjort fordi det er grupper som for det første er lik i spelemåte, og for det andre høyrer heime i orkester-samanheng.

Denne forenklinga fører sjølvsagt til tap av informasjon. I vår samanheng er det også god grunn til å spørje om kriteriane for samanslåinga kan forsvarast. Mest tvilsom

er samanslåing av treblåseinstrument. Saksofonar og klarinett på den eine sida og obo og fagott på den andre er brukt i ulike samanhengar - noe som foreldrebakgrunnen til elevane også vil avspegle. I vedlegg 4 vil vi difor ta med ei fordeling for kvart instrument etter sosial og musikalsk bakgrunn. I handsaminga vil vi imidlertid av plassøkonomiske grunnar sjå gruppene under eitt. Vi vil dessutan vie mest plass til instrumenta med mange utøvarar. Kyrkjeorgel med berre fire elevar og blokkfløyte (14) vil såleis verte lite kommenterte.

Under handsaming av opplæringsinstrument er det naturleg å stille spørsmål om enkelte instrument oftare enn andre vert skifta frå eller til. Dette vil ikkje bli gjort fordi vi manglar data om dette emnet.

Mange familiar har fleire enn ein musikkskoleplass. Dette kan vere fordi eleven har opplæring på to instrument eller fordi søsken er elevar. Vi har valt å telje alle opplæringsinstrumenta i kvar familie. På den måten har tallet på einingar auka frå 911 til 1245. Dei metodiske problem dette fører til, vil vi freiste redusere ved å ta med kva slags instrument som oftare enn andre er representerte i kvar familie. Tre interessante spørsmål reiser seg her:

- 1) Kva slags instrument vert ofte kombinert for dei som har to opplæringsinstrument?
- 2) Same instrument kan av søsken vere nytta til opplæringsinstrument. Kva slags instrument vert i størst grad nytta på denne måten?
- 3) Eit instrument kan vere representert ein eller fleire gonger i ein familie, men også andre instrument kan vere representerte. Spørsmålet vert då: Kva slags instrument vert oftast nytta i familiar med fleire enn ein elev ved TKM?

I tillegg til instrument etter kjønn og alder, vil svar på desse tre spørsmåla danne bakgrunn for handsaminga av instrument etter sosial og musikalsk bakgrunn.

### 7.5.2. Instrument etter kjønn og alder

Vi har funne at det var eit jentefleirtal ved TKM, og at skilnaden i kjønn auka med aukande alder. Vi nemnde ulike grunnar til kjønnsskilnaden. Her vil vi freiste å finne ut om materialet gjev grunnlag for å seie om enkelte instrument er "jente- eller gute-typiske".

Før vi vurderer dette, vil vi ta føre oss litt om dei ulike instrumenta etter alder. Tabellar over instrument etter alder og kjønn og kor lang tid utøvarane på kvar disiplin har vore elevar ved TKM, er gjeve i vedlegg 4. Her ligg mykje informasjon gøymt. Vi tek med følgjande.

#### Alder

Fleirtalet av TKM-elevane var under 13 år. Dette spegla seg att på aldersfordelinga på dei ulike instrumenta. Høgast gjennomsnittsalder hadde elvar på gitar (13,2 år) og sang (12,4 år). Over halvparten av elevane på desse instrumenta var over 13 år. Lågaste gjennomsnitt hadde elevar på blokkfløyte (9,7 år) og strykeinstrument (9,9 år). Gjennomsnittsalderen for jenter og gutar på dei ulike instrumenta var omlag den same. Sang skilte seg imidlertid sterkt ut. Gutane med sangundervisning hadde nemleg lågast gjennomsnittlege alder for alle instrument (8,6 år), medan jentene hadde høgast (14,4 år). Utanom slagverk der jentene hadde gjennomsnittsalder på 13 og gutane på 11,9 år, varierte alderen mellom kjønn mindre enn 0,7 år.

Ser vi bort frå sang, kan dette tyde på at skilnaden i kjønn synes lite å vere avhengig av alder til elevane på dei ulike instrumenta. Derimot kan enkelte instrument vere "alders-typiske".

Forklaringar til dette kan gjevast ut frå pedagogiske prinsipp. Blokkfløyte og minifiolin er lette i vekt og i alle fall det sistnemnde instrumentet er tilpassa alderen. Kan den låge gjennomsnittsalderen tyde på at mange sluttar eller går over til andre instrument? For blokkfløyteelev

kunne det sjå slik ut, men av strykeinstrument-elevane hadde heile 25% vore meir enn 4 år ved TKM. Tilslutninga til minifiolinopplegget var aukande fram til 1980 - frå det årstalet vi rekna kor lang tid elevane hadde vore i TKM. Det er difor mogleg at gjennomsnittsalderen for strykarar vil auke med tida. Resultata våre tyder ikkje på at gitar var eit instrument mange skifte over til. Berre 9% av gitarelevane hadde vore meir enn 4 år i TKM, medan 41% gjekk 1. året. Dette såg ut til å vere eit instrument eldre elevar tok til med som opplæringsinstrument. Høg gjennomsnittsalder og 28% med meir enn 4 år i TKM kunne tyde på at trekkspel var eit instrument elevane fann seg tilfredse med eller at ein del skifta over til dette instrumentet.

Skilnaden for sangelevane ut frå kjønn og alder kan for det første forklarast ut frå samarbeidet mellom TKM og Nidarosdomens guttekor. Gutane kring stemmeskiftsalderen prioriterer tydeleg nok andre instrument enn sang. Ymse jentekor kan for ein stor del forklare kvifor jentene var i fleirtal i aldersgruppa 12-16 år, men i dei eldste aldersgruppene var det rimeleg at ei aukande interesse for solo-sang gjorde seg gjeldande. Mange foreldre oppga at "eleven skulle få utvikle stemmen" som grunn til at eleven tok til ved TKM.

Tabell 7.6. Opplæringsinstrument etter alder i prosent

| Instrument                  | Alder     |           |             |             |             | Sum % | N    | $\bar{x}$ |
|-----------------------------|-----------|-----------|-------------|-------------|-------------|-------|------|-----------|
|                             | 4-6<br>år | 7-9<br>år | 10-12<br>år | 13-15<br>år | 16-21<br>år |       |      |           |
| Orkesterinstrument          |           |           |             |             |             |       |      |           |
| I Strykeinstrument          | 14        | 33        | 33          | 16          | 5           | 101   | 240  | 9,9       |
| II Blåseinstrument          |           |           |             |             |             |       |      |           |
| Messingblåse-<br>instrument | 0         | 9         | 48          | 30          | 13          | 100   | 96   | 12,3      |
| Treblåseinstru-<br>ment     | 0         | 11        | 44          | 31          | 14          | 100   | 118  | 12,4      |
| III Slagverk                | 0         | 7         | 60          | 27          | 7           | 101   | 30   | 12,1      |
| Blokkfløyte                 | 0         | 50        | 43          | 7           | 0           | 100   | 14   | 9,7       |
| Piano                       | 0         | 22        | 42          | 29          | 7           | 100   | 449  | 11,6      |
| El-orgel                    | 0         | 24        | 39          | 30          | 6           | 100   | 142  | 11,5      |
| Kyrkjeorgel                 | 0         | 0         | 25          | 50          | 25          | 100   | 4    | 14,0      |
| Trekkspel                   | 0         | 16        | 34          | 41          | 9           | 100   | 32   | 12,3      |
| Gitar                       | 0         | 7         | 29          | 47          | 16          | 100   | 55   | 13,2      |
| Sang                        | 0         | 32        | 15          | 25          | 28          | 100   | 65   | 12,4      |
| Sum                         | 3         | 22        | 39          | 27          | 9           | 99    | 1245 | 11,5      |

Skilnadene i kjønn for kvart instrument, må sjåast i saman-  
heng med det vi veit om alder og instrument, alder og kjønn  
og instrument etter kor lang tid elevane har vore ved TKM.

Tabell 7.7. Opplæringsinstrument etter kjønn i prosent

| Instrument             | Kjønn  |       | Sum % | N    |
|------------------------|--------|-------|-------|------|
|                        | Jenter | Gutar |       |      |
| Orkesterinstrument     |        |       |       |      |
| I Strykeinstrument     | 50     | 50    | 100   | 240  |
| II Blåseinstrument     |        |       |       |      |
| Messingblåseinstrument | 46     | 54    | 100   | 96   |
| Treblåseinstrument     | 72     | 28    | 100   | 118  |
| III Slagverk           | 10     | 90    | 100   | 30   |
| Blokkfløyte            | 43     | 57    | 100   | 14   |
| Piano                  | 71     | 29    | 100   | 449  |
| El-orgel               | 58     | 42    | 100   | 142  |
| Kyrkjeorgel            | 75     | 25    | 100   | 4    |
| Trekkspele             | 31     | 69    | 100   | 32   |
| Gitar                  | 29     | 71    | 100   | 55   |
| Sang                   | 66     | 34    | 100   | 65   |
| Sum <sup>*)</sup>      | 59     | 41    | 100   | 1245 |

\*) Skilnaden i kjønn avvik frå det vi fann for tallet på elevar. Her er skilnaden tufta på samla tal for opplæringsinstrument.

Ved sida av sang skilte piano, el-orgel og treblåseinstrument seg ut som "typiske jenteinstrument". Etter ei vurdering ut frå dei nemnde variablane kan det sjå ut som piano er det mest jentetypiske av alle instrumenta. Det har jamn spreiding på alle alderstrinn, og stor prosent som har lang opplæringstid. El-orgel hadde til dømes gutefleirtal etter skolepliktig alder.

Instrument som var typiske for gutar, var gitar, trekkspele, slagverk og sang for dei som var under 10 år. Særleg interessant var det å merke seg at trass i høg gjennomsnittsalder hadde gitar og trekkspele eit markert gutefleirtal.

Jamnast var strykeinstrument og messingblåseinstrument. Særleg syntest strykeinstrument å ha ei jamn utbreiing på kjønn i dei ulike aldersgruppene.

Messingblåseinstrument vel vi å sjå i samband med korpsverksemda. Det synte seg at 60% av k/k/o/medlemmane var jenter. Prosentdelen for blåseinstrument, slagverk og kor hadde naturleg nok auka for desse medlemmane sett i høve til utbreiinga til det totale tal for alle undervisningsdisiplinar. Vi har før funne at korpsdeltaking syntes å vere dominert av menn i foreldregenerasjonen. Blåseinstrumentgruppa sett under eitt kunne tyde på at jentene var i fleirtal for korpsinstrument. Ei utvikling frå reine gutekorps til korps med jentedominans stemmer godt med røynsla til mange korps dei siste ti-åra. Vi må ta atterhald i våre tolkingar ved å minne om at funna våre ikkje synte utbreiinga slik den var i korps, men heller slik kjønnsfordelinga var for korpsmedlemmar som tok undervisning i tillegg til korpsdeltakinga.

Ca. 20% av einingane gav opp at barna deira tok til ved TKM fordi dei var knytt som aspirant eller medlemmar til kor, korps eller orkester (k/k/o). 36% oppgav å vere med i k/k/o og samtidig spelte orkesterinstrument eller hadde opplæring i sang. Over halvparten av utvalet oppgav å vere med i k/k/o. Noen hadde altså opplæring på ikkje-orkesterinstrument eller sang og var samtidig med i "det frivillige musikk-liv". Dette seier noe om at grunnane til å ta til ved TKM kan vere samansette. Det peikar også på kor mangfoldig og samstundes mykje utbreidd samkvemet med det frivillige musikk-livet er.

Vi vil til slutt reise spørsmål om kva som kan føre til utjamning mellom kjønna ved TKM. Spørsmålet rører ved frå kulturelle utviklingspsykologiske sider så vel som praktiske tiltak. Ei større satsing på og marknadsføring av "typiske" guteinstrument er nok eit for enkelt svar. Det synes å vere semje i dag om at tidleg påverknad av barn er med å formar interesse og handlingsmønster seinare. Dersom undervisninga har like positiv verknad for begge kjønn i dei yngste aldersgruppene, trur vi satsing på gode pedagogiske opplegg vil hjelpe til med ei utjamning på sikt. I så fall er TKM på god veg.

### 7.5.3. Familiar med fleire enn ein musikkskoleplass

Vi har teke med alle musikkskoleplassane i kvar familie. Dette kan føre til feilvurderingar for kvart enkelt instrument dersom dette vert oversett. Fleire instrument eller instrumentkombinasjonar kan vere ulikt utbreidd i familiar med fleire enn ein musikkskoleplass.

Vi vil freiste finne svar på dei tre spørsmåla vi tok opp under kap. 7.5.1. Desse resultata kan hjelpe til å skape eit bilete av kva slags instrument som har vorte utsett for såkalle akkumulerte effektar. Det vil mellom anna seie at når sosial og musikalsk tilknytning til kvart instrument vert vurdert, kan enkelte instrument vere sterkt representerte fordi mange frå same familie har tendens til å ta opplæring på dette instrumentet.

Tabell 7.8. Opplæringsinstrument etter 1) elevar med to opplæringsinstrument, 2) talet på like instrument pr. familie og 3) talet på musikkskoleplassar pr. familie

| Instrument             | 1)<br>Dobbel-<br>instr. | 2)<br>Same<br>instr.<br>$\bar{x}$ | 3)<br>Musikk-<br>skole-<br>plassar<br>pr. fam.<br>$\bar{x}$ | N<br>disi-<br>plinar | N<br>fami-<br>liar |
|------------------------|-------------------------|-----------------------------------|-------------------------------------------------------------|----------------------|--------------------|
| Orkesterinstrument     |                         |                                   |                                                             |                      |                    |
| I Strykeinstrument     | 20                      | 1,22                              | 1,71                                                        | 240                  | 196                |
| II Blåseinstrument     |                         |                                   |                                                             |                      |                    |
| Messingblåseinstrument | 9                       | 1,05                              | 1,42                                                        | 96                   | 91                 |
| Treblåseinstrument     | 14                      | 1,06                              | 1,62                                                        | 118                  | 111                |
| III Slagverk           | 1                       | 1,00                              | 1,43                                                        | 30                   | 30                 |
| Blokkfløyte            | 1                       | 1,07                              | 1,69                                                        | 14                   | 13                 |
| Piano                  | 37                      | 1,24                              | 1,57                                                        | 449                  | 361                |
| El-orgel               | 5                       | 1,21                              | 1,32                                                        | 142                  | 117                |
| Kyrkjeorgel            | 2                       | 1,00                              | 1,75                                                        | 4                    | 4                  |
| Trekkspeil             | 0                       | 1,07                              | 1,33                                                        | 32                   | 30                 |
| Gitar                  | 2                       | 1,02                              | 1,38                                                        | 56                   | 54                 |
| Sang                   | 11                      | 1,12                              | 1,64                                                        | 65                   | 58                 |
| Sum                    | 102                     | 1,37                              | 1,37                                                        | 1245                 | 911                |

Tala i første kolonne er absolutte. 51 elevar (4,3%) fordelt på 44 familiar hadde dobbel opplæring. I andre kolonna er gjennomsnittet for like instrument pr. familie ført opp. I gjennomsnitt var det t.d. 1,22 musikk-skoleplassar med strykeinstrument pr. familie. Sagt med andre ord skuldast 22% av det samla talet på strykeinstrumentelevene at mange familiar hadde fleire enn ein elev i denne instrumentgruppa. I den tredje kolonna tok vi føre oss familiar der kvart instrument var representert ein eller fleire gonger. Samanhalde med dei to første kolonnene og utbreiinga av alle opplæringsinstrument gav gjennomsnittet av talet på musikk-skoleplassar som desse familiane hadde, eit inntrykk av kva slags instrument som vart mykje nytta i kombinasjon med andre innan ei familie.

Ein generell tendens var at instrument med mange musikk-skoleplassar hadde høge verdjar i dei tre nemnde kolonnene. Strykeinstrument, piano og el-orgel vart oftast nytta av fleire innan ei familie. I familiar med elevar på dei to førstnemnde instrumenta, vart også andre instrument i stor utstrekning teke opplæring på. Dette galdt ikkje for familiar med elevar på el-orgel, trekkspel og gitar. Blåseinstrument var det få innan same familie som nytta seg av til opplæring. Det var imidlertid mange av dei som spelte treblåseinstrument som anten kombinerte dette med andre instrument eller hadde søsken som hadde opplæring på andre instrument. Sang skilte seg ut fordi denne disiplinen trass i låg utbreiing, vart forholdsvis ofte nytta som kombinasjonsinstrument og forholdsvis mange frå same familie hadde opplæring på denne disiplinen. Mellom anna som ein følgje av at dette instrumentet vart mykje nytta som kombinasjonsinstrument, vart også mange andre instrumentdisiplinar representerte i familiar der noen hadde sangundervisning. For dei samanslegne instrumentgruppene kan det gjelde at dei er kombinert med seg sjølve.

Forklaringar til desse funna kan mellom anna liggje i kvart instruments tilknytning til k/k/o. Vi vil også tru at mykje kan forklarast ut frå sosioøkonomisk og kanskje også musikalsk

bakgrunn til utøvarane på dei einskilde instrumenta. Dette skal vi ta føre oss i neste avsnitt om eleven. Der tel vi ikkje kvar enkel familie der dei ulike undervisningsdisiplinane er representerte, men musikk-skoleplassar er eining. Resultata vi nett har synt til, vil difor danne bakgrunn for resultata i kommande avsnitt.

#### 7.5.4. Opplæringsinstrument etter sosial og musikalsk bakgrunn

##### Sosial bakgrunn

I kapitlet om musikalsk bakgrunn til foreldra kom vi fram til ein tabell som kunne rangere dei ulike instrumenttypane etter kva sosioøkonomisk status familiane som eigde dei hadde. Vi fann der at strykeinstrument, piano og blokkfløyte var instrument som var sterkt overrepresenterte i høgstatusgruppa, medan el-orgel og trekkspel var i større utstrekning knytt til familiar frå lågare skikt.

Tabell 7.9. Opplæringsinstrument etter relativ indeks for sosioøkonomisk status

| Opplæringsinstrument   | Status |         |     | Sum % | N musikk-skole-pl. | N mangla |
|------------------------|--------|---------|-----|-------|--------------------|----------|
|                        | Låg    | Middels | Høg |       |                    |          |
| Orkesterinstrument     |        |         |     |       |                    |          |
| I Strykeinstrument     | 23     | 30      | 47  | 100   | 235                | 5        |
| II Blåseinstrument     |        |         |     |       |                    |          |
| Messingblåseinstrument | 57     | 29      | 14  | 100   | 90                 | 6        |
| Treblåseinstrument     | 33     | 34      | 33  | 100   | 114                | 4        |
| III Slagverk           | 27     | 50      | 23  | 100   | 30                 | 0        |
| Blokkfløyte            | 14     | 43      | 43  | 100   | 14                 | 0        |
| Piano                  | 22     | 36      | 43  | 101   | 440                | 9        |
| El-orgel               | 48     | 35      | 17  | 100   | 131                | 11       |
| Kyrkjeorgel            | 0      | 25      | 75  | 100   | 4                  | 0        |
| Trekkspel              | 52     | 32      | 16  | 100   | 31                 | 1        |
| Gitar                  | 47     | 21      | 32  | 100   | 53                 | 2        |
| Sang                   | 33     | 33      | 33  | 99    | 63                 | 2        |
| Sum <sup>*)</sup>      | 31     | 33      | 36  | 100   | 1205               | 40       |

\*) Summen avvik frå fordelinga av familiar (911). Denne fordelinga syner at opphopingseffekten gjer seg sterkast gjeldande i høgstatusgruppa.

Ein liknande tendens fann vi for opplæringsinstrument. Ein del avvik var det imidlertid.

Dei to mest utbreidde instrumenta var saman med blokkfløyte sterkast representerte med elevar frå høgstatusgruppa. Frå tabell 7.8 gjekk det fram at det var nettopp strykeinstrument og piano som var mest utsette for akkumulative effektar. Skilnaden i status var imidlertid så klår at trass ei opphoping i høgstatusgruppa, står tendensen ved lag. Etter det vi tidlegare har funne om status og alder, kan vi her peike på at desse to instrumenta hadde særleg stor høgstatusrepresentasjon frå aldersgruppene under 10 år.

El-orgel og trekkspel syntes også som opplæringsinstrument å rekruttere elevane sine mest frå lågstatusgruppa.

Gitar var mest utbreidd, jamnt statusfordelt i heimane, og i tillegg spelte mange foreldre dette instrumentet. Trass i dette var 43% av gitarelevane frå lågstatusgruppa og i berre 6% av familiane var det noen som hadde opplæring i gitar ved TKM. Det må her nemnast at gitar som det einaste "lågstatus"-instrument skilte utøvarane i 12-årsalderen. Under 12-årsalderen var utøvarane sterkast representerte frå høgstatusgruppa medan dei over var i fleirtal og var sterkast representerte i lågstatusgruppa. El-orgel og trekkspel hadde same tendens i alle aldersgruppene. Dette galdt også messingblåseinstrument, der heile 3/5 av utøvarane var frå lågstatusfamiliar.

Vi kan stille spørsmål om den sosioøkonomiske bakgrunnen til korpsmedlemmane generelt er så skeiv. I så fall reiser det seg ein del spørsmål. Med tanke på den store utbreiinga denne rørsla har, er det grunn til å spørje om ikkje nettopp korpsa i sterk grad er med på å gje barn frå lågare lag av folket høve til musikalsk opplæring og positivt fritidstilbod. Det er også nærliggjande å reise spørsmålet om det er slik at det er større prestisje å vere med i/ha barna sine i strykeorkester enn i korps.

Ein del korpsmedlemmar hadde tydelegvis opplæring på andre instrument enn korpsinstrument - mellom anna piano. Det kunne tyde på at korpsmedlemmar med høg sosioøkonomisk bakgrunn heller vil ta opplæring på t.d. piano eller fiolin enn korpsinstrumentet dei spelar. Dermed kan det tyde på at statusfordelinga for skolekorps er jamnare enn det vi fann for messingblåseinstrument.

Johansen peikte på ei rangering av korpsinstrument ut frå det hans respondentar likte best (Johansen, 1975). Ei samanlikning er kanskje på kanten av det som er holdbart. Vi tykte imidlertid det var tankevekkjande at trompet som det best likte i Johansen si undersøking, hos oss syntest seg å ha høgast status mellom messingblåseinstrument, medan alt-horn som det absolutt minst likte, hos oss syntest å vere sterkast representert frå lågstatusgruppa (65%).

Til slutt vil vi trekkje fram at korrekruttane og dei eldre jentene som fekk undervisning i solosang, syntest å komme i like stor grad frå alle statusgruppene. Det same kunne seiast om elevar som hadde undervisning i treblåseinstrument. Klarinett som det mest utbreidde treblåseinstrument og som også er eit typisk korpsinstrument, hadde imidlertid ein klår "lågstatusprofil" (Vedlegg 4).

#### Musikalsk bakgrunn

Musikalsk bakgrunn til elevane på dei ulike undervisningsdisiplinane vil vi sjå i samanheng med den sosioøkonomiske.

Vi har tidlegare sett at samla for heile utvalet var det ein klår samanheng mellom sosial og musikalsk bakgrunn. Vi fann at dei ulike instrumenta hadde tendens til å rekruttere elevane sine ut frå den sosioøkonomiske bakgrunn dei hadde. Det kan også vere at det er samanheng mellom val av instrument og musikalsk bakgrunn i dei ulike statusgrupperingane.

Vi brukte eit statistisk mål som hjelpte oss til å slå fast om det var statistisk samanheng mellom sosial og musikalsk bakgrunn for kvart av instrumenta. Kji-kvadrat er eit godt slikt mål. Vi nytta signifikansen til dette målet for å

avgjere om samanhengane var høgdare. I statistisk vitenskap er under 0,05 ofte sett på som eit akseptabelt nivå. Prosenttala i parantes nedanfor er rekna frå talet på utøvarar på kvar disiplin.

Det synta seg då at seks av elleve instrument oppfylte desse krava. Det var orkesterinstrumenta utanom slagverk, og dessutan piano, sang og gitar. Det var altså ikkje ein akseptabel samheng mellom sosial og musikalsk bakgrunn for eit så utbreidd instrument som el-orgel og så tradisjonsrikt instrument som trekkspel.

36% av strykeinstrumentelevane hadde høg både sosial og musikalsk bakgrunn, medan berre 7% hadde låg. Tendensen var imidlertid at dei med høg musikalsk bakgrunn spreidde seg ein del på statusgruppene.

Elevar på messingblåseinstrument har vi tidlegare påvist i stor utstrekning kom frå lågstatusfamiliane. Det spesielle med messingblåseinstrumentelevane var at heile 14% hadde høg musikalsk bakgrunn, og likevel var frå lågstatusgruppa.

Hos treblåseinstrumentelevane var det meir ein diagonal samanheng. Om lag like mange (18%) hadde høg som låg sosial og musikalsk bakgrunn.

Med så mange pianoelevar gav det høge frekvensar i alle rutene. Tendensen var imidlertid klår. 21% hadde nemleg høg sosial og musikalsk bakgrunn. I motsetning til strykeinstrumentelevane, hadde desse elevane frå høgstatusgruppa større spreiding på den musikalske bakgrunnsvariablen.

Gitarelevane hadde også ei nær diagonal utbreiing på dei to bakgrunnsvariablane. Her hadde imidlertid 23% låg sosial og musikalsk bakgrunn, medan 17% likevel hadde høg.

Sangelevane var jamnt spreidde på statusgruppene, men dei som hadde høg musikalsk bakgrunn var overrepresenterte. Dette kan stemme bra med tidlegare funn som synta at i

familiær med sangelevar er der ofte barn som har opplæring på andre instrument (tabell 7.8).

Vi vil illustrere funna våre i punktdiagram. Vi meiner slike diagram gjev eit betre inntrykk av utbreiinga på dei to bakgrunnsvariablane enn statistiske mål for styrke og retning (Cramers V, Gamma, Tau b og c, osv.).

I dei skraverte felte låg hovedtyngda av elevane. Det vil ikkje seie at dei kvite felte var tome.

Vi tok med alle instrumenta. Dette fordi dei samanhengane vi såg kunne faktisk eksistere sjølv om dei ikkje fylte dei krav vi hadde sett. Dette kanskje fordi talet på utøvarar var lågt. Vi vil likevel ikkje underslå at mangel på statistisk samheng mellom sosial og musikalsk bakgrunn for el-orgelelevane var eit resultat som godt kan akseptertast. El-orgelet står i ei særstilling med ei rask teknisk utvikling og aukande utbreiing. Meininger brytast ofte omkring dette instrumentet. Spørsmålet er om el-orgelet kan akseptertast på lik linje med tradisjonelle instrument innan kunst- og folkemusikk, eller er det eit industriprodukt som er tilpassa det moderne menneskets ønske om raske og lettvinte resultat.

Svært mange hadde låg (28%) og ytterst få (3%) hadde høg sosial og musikalsk bakgrunn mellom el-orgelelevane. I dei mellomliggjande gruppene kunne det altså ikkje påvisast signifikante systematiske samanhengar. Grunnen til dette kunne vere at dei skisserte holdningane gjekk på tvers av bakgrunnstilhøva for el-orgelelevane og/eller at indeksen for musikalsk bakgrunn ikkje var godt nok tilpassa denne foreldregruppa.

Figur 7.3. Punktdiagram for kvar undervisningsdisiplin etter sosial og musikalsk bakgrunn

Strykeinstrument

Status: L M H

Signifikans = 0,00


Musikalsk bakgr.: L

N = 231

Gamma = 0,56

M

H



Messingblåseinstrument

Status: L M H

Signifikans = 0,01


Musikalsk bakgr.: L

N = 87

Gamma = 0,46

M

H



Treblåseinstrument

Status: L M H

Signifikans = 0,00


Musikalsk bakgr.: L

N = 114

Gamma = 0,44

M

H



Blokkfløyte

Status: L M H

Signifikans = 0,11


Musikalsk bakgr.: L

N = 14

Gamma = 0,22

M

H



Piano

Status: L M H

Signifikans = 0,00


Musikalsk bakgr.: L

N = 435

Gamma = 0,34

M

H



El-orgel


Signifikans = 0,18  
 N = 126  
 Gamma = 0,27

Status: L M H

Musikalsk bakgr.: L

M

H

Orgel


Signifikans = 0,51  
 N = 4  
 Gamma = 0,00

Status: L M H

Musikalsk bakgr.: L

M

H

Trekkspel


Signifikans = 0,29  
 N = 31  
 Gamma = 0,48

Status: L M H

Musikalsk bakgr.: L

M

H

Gitar


Signifikans = 0,01  
 N = 53  
 Gamma = 0,43

Status: L M H

Musikalsk bakgr.: L

M

H

Slagverk


Signifikans = 0,43  
 N = 28  
 Gamma = 0,42

Status: L M H

Musikalsk bakgr.: L

M

H

Sang


Signifikans = 0,00  
 N = 63  
 Gamma = 0,46

Status: L M H

Musikalsk bakgr.: L

M

H



#### 7.5.5. Instrumentbakgrunn og opplæringsinstrument

Vi kan spørje om ikkje barna nytta seg av dei instrumenta som fanst heime då dei valde å ta opplæring. Dette tok vi som ein sjølvstendig ting, i og med vi formulerte spørsmålet slik: "Finnes det noe musikkinstrument (utenom elevens) i hjemmet?" Elevane kunne likevel ha lånt instrument anten frå TKM, skolekorps eller strykeorkester, eller i enkelte tilfelle også hos private venner og kjende.

Det interessante spørsmålet her var i kor stor grad kvart instrument som det vart undervist på, var det einaste eleven hadde tilgang på heime.


Vi kunne vidare vente at samsvaret mellom opplæringsinstrument og instrument foreldra hadde spelt ville variere. Vi stilte to spørsmål: I kor stor grad varierte dei ulike undervisningsinstrumenta med der foreldra spelte 1) andre eller 2) same instrument som eleven fikk opplæring på. Vi slo saman "no" og "før"-variablane for foreldrespel (kap. 4), slik at vi kan mangle opplysningar om instrument som enkelte foreldre har spelt før. Men desse har i staden opplyst om kva slags instrument dei var aktive på "no".

Vi tok med desse spørsmåla fordi dei var konkrete og aktuelle i vår samanheng. Skulle vi bryte med den runde formuleringa "musikalsk bakgrunn" var dette rette plassen.

Figur 7.4. Opplæringsinstrument etter instrument heime og spel hos foreldre

Kor mange som har andre instru-  
ment heime etter talet på ut-  
øvarar på kvar disiplin i  
prosent.

Utøvarar på kvar disiplin  
som hadde foreldre som  
spelte eller hadde spelt  
andre eller same (skravert)  
instrument i prosent



Gitarelevane var den gruppa som oftast hadde opplæringsinstrumentet som einaste instrument heime (35%). Elles var det jamnt over høg prosent med andre instrument i heimane. Vi merka oss at særleg mange sangelevar hadde andre instrument heime. Vi hadde venta at dei dyraste og største instrumenta oftast hadde vore det einaste instrumentet heime. Særleg galdt dette el-orgel. Det synte seg imidlertid at nettopp av piano- og el-orgelelevane var det mange som hadde

foreldre som kunne spele på same instrument. Piano var som vi har sett eit mykje utbreidd instrument mellom TKM-elevane. At mange foreldre også spelte på dette tradisjonsrike instrumentet var såleis ikkje overraskande. At så mange frå foreldregenerasjonen spelte eit så nyleg utbreidd instrument som el-orgel, kan nok dels forklarast ut frå breitt tilbod om kurs frå musikkforretningane i høve kjøp av dette instrumentet. Tilbodet gjeld ofte foreldre og barn i lag. At halvparten av el-orgelelevane hadde foreldre som også var utøvarar på same instrumentet, må sjåast på denne bakgrunn. Same forklaring kan nok gjelde for strykeinstrument. Truleg held mange foreldre ved like det dei har lært saman med barna på musikkskolen. Utøvarane på dei andre orkesterinstrumenta hadde lågt samanfall med foreldrespel. Vi kunne kanskje vente at spel og deltaking i korps "gjekk i arv", og ville syne seg i større overlapping. At omlag 1/4 av messingblåsarane hadde foreldre som også hadde spelt denne instrumenttypen, må likevel seiast å vere høgt.

Vanskeleg speleteknikk og ei utbreiing av forholdsvis ny dato innan korpsrørsla i Noreg, kan kanskje forklare kvifor så få elevar på treblåseinstrument hadde foreldre som spelte same instrumentet. Her er vi usikre på kva grunnen til skilnaden kan vere.

Vi kan til slutt slå fast at svinginga for elevar med foreldre som spelte eller hadde spelt på dei ulike disiplinane var forholdsvis liten (17%). At over 70% av elevane på alle disiplinane hadde foreldre som spelte eller hadde spelt, må seiast å vere høgt.

#### 7.6. Utvikling i instrumentsamansetjinga

I dette avsnittet vil vi freiste finne svar på om det har vore rørsle i utbreiing av dei ulike instrumenta ved TKM og ved dei kommunale musikkskolane på landsplan. Om vi kan registrere ei utvikling, kan vi vidare stille hypoteser om for kven dei kommunale musikkskolane er i ferd med å bli.

Går det mot ei utjamning eller vert det stadig sterkare representasjon frå dei høgare sosioøkonomiske lag?

Linjene vi eventuelt kjem fram til, byggjer på følgjande føresetnader:

For det første kan vi tenkje oss at resultata for dei ulike instrumenta vi har komme fram til, kan gjelde i alle musikkskolar i landet. For det andre kan vi tenkje oss at den sosiale rekrutteringa til kvart instrument har vore lik i den korte tidsperioden vi vil sjå på.

Kor meiningsfylte desse føresetnadene er, kan diskuterast. Her vil vi berre gjere det klårt kva slags grunnlag vi byggjer eventuelle hypoteser på.

Gjennom Nomu har vi fått statistikk over undervisningsdisiplinar ved alle kommunale musikkskoler i landet for åra 1976, 1978, 1980. For TKM har vi også teke med tal for undersøkingsåret 1981 (NOMU, 1976).

Tabell 7.10. Utbreiing av undervisningsdisiplinar ved kommunale musikkskoler på landsplan og ved TKM i tidsrommet 1976-1980/81 i prosent

| Undervisnings-<br>disiplin  | Landsgjennomsnittet |              |              | TKM         |              |              | Utvalet      |                     |
|-----------------------------|---------------------|--------------|--------------|-------------|--------------|--------------|--------------|---------------------|
|                             | mai<br>1976         | jan.<br>1978 | jan.<br>1980 | mai<br>1976 | jan.<br>1978 | jan.<br>1980 | mars<br>1981 | vårt<br>mai<br>1981 |
| Orkesterinstrument          |                     |              |              |             |              |              |              |                     |
| I Strykeinstrument          | 17                  | 18           | 16           | 25          | 21           | 21           | 19           | 19                  |
| II Blåseinstrument          |                     |              |              |             |              |              |              |                     |
| Messingblåse-<br>instrument | 8                   | 7            | 8            | 6           | 6            | 7            | 8            | 8                   |
| Treblåse-<br>instrument     | 10                  | 11           | 10           | 5           | 7            | 7            | 10           | 10                  |
| III Slagverk                | 1                   | 1            | 2            | 1           | 2            | 3            | 3            | 2                   |
| Blokkfløyte                 | 3                   | 2            | 4            | 2           | 2            | 1            | 1            | 1                   |
| Piano                       | 37                  | 34           | 33           | 40          | 34           | 34           | 34           | 36                  |
| El-orgel *)                 | -                   | 7            | 9            | 9           | 13           | 12           | 11           | 11                  |
| Orgel                       | 8                   | 3            | 2            | -           | 1            | 1            | 0,3          | 0,3                 |
| Trekkspel                   | 3                   | 4            | 4            | 3           | 4            | 3            | 3            | 3                   |
| Gitar                       | 11                  | 10           | 9            | 7           | 6            | 6            | 5            | 4                   |
| Sang                        | 2                   | 2            | 3            | 3           | 3            | 6            | 5            | 5                   |
| Sum                         | 100                 | 99           | 100          | 101         | 99           | 101          | 99,3         | 99,3                |
| N **)                       | 11647               | 17608        | 24362        | 1014        | 2034         | 2632         | 2635         | 1245                |
| TKM's del i prosent         | 8,7                 | 11,6         | 10,8         |             |              |              |              |                     |

\*) Truleg hadde mange musikkskoler ikkje skilt mellom el-orgel og andre orgel. Særleg galdt dette for 1976. Ved TKM var orgel det same som kyrkjeorgel.

\*\*) Ved noen musikkskoler var det visse avvikande måtar å føre statistikk på. Truleg skuldast dette dobbel instrumentalopplæring. Vi summerte talet på utøvarar på kvar disiplin. k/k/o-medlemmar som ikkje hadde spesiell opplæring vart haldne utanfor.

TKM var og er den største kommunale musikkskolen i landet. Det var difor ikkje uventa at utbreiinga av dei ulike undervisningsdisiplinane samsvarte godt mellom TKM og landsgjennomsnittet.

Undervisning på strykeinstrument og piano sto sterkt på landsbasis, men i Trondheim hadde desse instrumenta særleg stor prosentdel. Skilnaden for strykeinstrument mellom TKM og landsgjennomsnittet kan dels forklarast ut frå prøvetiltaket med minifiolin og den vekt strykeinstrumentundervisninga etter kvart har fått ved TKM. Vidare trur vi freistnader med

gruppeundervisning kan ha hatt sitt å seie - ikkje minst for piano, og til slutt kan det vere ein grunn at desse instrumenta tradisjonelt er meir utbreidd i byane.

TKM låg til gjengjeld lågare enn landsgjennomsnittet for disiplinane blåseinstrument og gitar. Gradvis har blåseinstrument, slagverk og sang ved TKM fått større prosentdel. Dette skuldast truleg "Samordnet musikkforsøk" som mellom anna har ført til eit auka samarbeid om undervisning mellom TKM og ymse kor, korps og orkester i byen. Truleg var dette grunnen til at dei tradisjonelle undervisningsinstrumenta gitar, piano og strykeinstrument prosentvis hadde gått noe tilbake. Også på landsplan viste desse instrumenta same tendens.


Det instrumentet som både ved TKM og på landsplan etter kvart auka i utbreiing, var el-orgelet. Vi har tidlegare nemnt at bak dette instrumentet truleg ligg iherdig industriell marknadsføring og kanskje av den grunn har instrumentet nådd grupper i samfunnet som elles ikkje ville ha teke del i musikkundervisning. Vi trur auke i utbreiing for el-orgelet kan for ein stor del forklarast ut frå slike synspunkt.

Under dei føresetnadene vi sette, såg det ut til at utviklinga har gått mot ei sosial utjamning for bakgrunnen til TKM-elevane. Same tendensen kan under same føresetnader gjelde på landsbasis.

Til støtte for slike hypoteser kan vere at auken av musikk-skoleplassar har vore på over 100% både på landsplan og ved TKM.

Dei atterhald vi vil ta er for det første at oppgåvene for undervisning i Oslo og Bergen manglar i stor grad. Private opplæringsinstitusjonar i desse byane står sterkt. Vi bør dermed vere varsame med å overføre funna våre som går på bakgrunnstilhøve for TKM-elevane, til å gjelde på landsbasis der oppgåvene var henta frå meir eller mindre tettbygde strøk.

Dessutan er det sjølvsagt problematisk å nytte undervisningsdisiplinar som indikatorar på ei slik utvikling av søkjar-massa. Den sosiale bakgrunnen for elevane på kvar disiplin kan skifte med tida og kan vere avhengig av andre faktorar enn høvet mellom instrument og status.



## K A P. 8

Å R S A V G I F T, F R I P L A S S   O G  
H Ø L D N I N G A R   T I L   D E T   O P N E  
O P P T Å K E T

### 8.1. Innleiing

TKM tok til å praktisere ope opptak frå hausten 1975. Både leiinga ved skolen og foreldre var misnøgde med musikalitets-testane som vart lagt til grunn for opptak. Ei tilleggs-løyving frå bystyret denne hausten gjorde det mogleg å ta opp alle som hadde søkt. Sidan den tid kan det neppe herske tvil om at det opne opptaket har stått sentralt.

Elevtalet auka drastisk og prinsippet om ope opptak førte til mange motsetnader mellom dei løyvande styresmaktene og leiinga ved TKM. Dette er gjort greie for i rapporten "Musikk for alle" (Dalin m.fl., 1981).

Ope opptak fjerna differensieringa ut frå musikalske kriterier. Men i omgrepet vart det også lagt sterk vekt på sosiale og økonomiske tilhøve. Ei låg årsavgift, som mange helst ville ha heilt bort, skulle hindre at rekrutteringa til TKM vart sosioøkonomisk skeiv.

Årsavgifta ved TKM har samanlikna med mange andre kommunale musikkskøler, lege på eit forholdsvis lågt nivå (Kilde: Nomu).

Skolen har alt frå starten hatt tilbod om friplass. Dette skulle vere ei ordning for dei med lågast inntekt. Kommunen avsette årleg ein viss sum på budsjettet som skulle dekkje årsavgiftene til dei som søkte og fekk tildelt friplass. Det vart såleis ikkje trongare økonomiske kår for TKM om mange vart tildelt friplass.

I informasjonsbrosjyra til TKM heitte det januar 1981: "På grunnlag av behovsprøving kan hel eller delvis friplass innvilges etter søknad, innenfor den økonomiske ramme som TKM til en hver tid disponerer for slikt formål." (Vedlegg 2.4).

Ligningsattest med utgangspunkt i skattbar hustandsinntekt for 1979 vart lagt til grunn for tildeling av friplass for kalenderåret 1981.

I denne oppgåva har vi freista gje svar på om fjerning av musikalske og økonomiske kriterier har ført til ei sosio-økonomisk utjamning.

I dette avsnittet reiste spørsmålet seg om storleiken på den delen av elevane som hadde friplass, var ein indikator for utjamning. Vi måtte i så fall sjå om denne delen av alle elevane hadde auka med tida. Ein føresetnad for at det skulle vere ein slik indikator, var mellom anna at alle som hadde krav på friplass vart tildelt dette.

Dersom denne føresetnaden ikkje var tilstades, var det naturleg å spørje kvifor noen ikkje søkte. Kjende dei ikkje til vilkåra for friplass? Syntes dei årsavgifta ikkje var særleg høg? Var dei usamde i at det offentlege skulle betale for dei, eller var det andre grunnar?

Spørsmål som desse kunne vi til ein viss grad få svar på ved å samanhalde spørsmål 12 og 13. Utsegna under spørsmål 13 var meint å avdekkje ymse sider ved det opne opptaket. Særleg galdt dette b) og e) om "faglige krav" og "gratis offentlig opplæring". Men synet på storleiken av årsavgifta og på musikk som fag vart også trekt inn. Vi syntes det var naturleg å spørje om synet på ulike aspekt ved det opne opptaket varierte i ulike grupper i utvalet vårt. Men først vil vi sjå på friplassgruppa.

## 8.2. Friplass

Ved TKM vart det våren 1981 innvilga heil friplass til alle søkjarar som kunne dokumentere at familien hadde ei netto skattbar inntekt på under kr. 70 000,-. Vi gjer merksam på at på spørjeskjemaet hadde "skattbar" falle bort. Der sto "netto inntekt". Dette kan ha ført til mistydingar. Det får i så fall konsekvensar for dei med netto skattbar husstandsinnntekt over 70 000.

Det synte seg at 117 av utvalet vårt hadde ei netto skattbar inntekt under denne grensa. Berre 43 av desse hadde imidlertid friplass. Av dei resterande 74 familiane svarte 18 at

dei ikkje kjende til ordninga, medan 56 kjende til den - utan å ha søkt.

Det var 13 av utvalet vårt som hadde fått innvilga friplass og som hadde netto skattbar inntekt på mellom 70 og 90 000 kr. Føresetnaden for å få friplass i denne gruppa, var at familien hadde fleire enn ein musikkskoleplass. Musikkskolen har her eit visst system dei går ut frå ved tildeling av friplass (Vedlegg 2.5). Vi har ikkje spurt etter dei ulike inntektsgrensene mellom kr. 70 og 90 000. Her kan vi slå fast at i denne gruppa var 49 familiar med fleire enn eitt barn ved TKM. 36 av desse hadde kanskje krav på friplass. 6 kjende ikkje til ordninga.

Vi heldt saman dei 56 familiane som kjende til ordninga (Gruppe 1), og den gruppa som hadde søkt og fått innvilga friplass (Gruppe 2). Kunne det vere at desse gruppene hadde ulikt syn på t.d. "gratis offentlig opplæring"?

Tabell 8.1. "Tilbud om gratis offentlig opplæring til alle barn" og gruppe 1 og 2 i prosent

| "gratis opplæring"           | ueing |   |    | einig |    |     | Sum % | N   | $\bar{x}$ |
|------------------------------|-------|---|----|-------|----|-----|-------|-----|-----------|
|                              | 1     | 2 | 3  | 4     | 5  |     |       |     |           |
| Gruppe 1, har ikkje friplass | 4     | 4 | 25 | 6     | 62 | 101 | 52    | 4,2 |           |
| Gruppe 2, har friplass       | 4     | 6 | 13 | 8     | 80 | 101 | 53    | 4,3 |           |

Signifikans = 0,46 ved T-test<sup>\*)</sup>

\*) Statistisk test for å samanlikne skilnader mellom to grupper.

Det synte seg at den vesle skilnaden vi fann ikkje trong å vere holdbar. Ved signifikans-test viste det seg at det var store sjansar for at resultatet kunne vere tilfeldig.

Begge gruppene var sterkt einige i at "alle interesserte barn bør få tilbud om gratis offentlig opplæring i sang/spill". Dette synet varierte ikkje mellom dei som hadde gratis opplæring og dei som kunne ha hatt det.

Kanskje vurderte desse gruppene årsavgifta som "en merkbar belastning" ulikt.

Tabell 8.2. Holdning til storleiken på årsavgifta og gruppe 1 og 2 i prosent

| "Årsavgifta-<br>en belastning" | ueinig |   |    | einig |    | Sum % | N  | $\bar{x}$ |
|--------------------------------|--------|---|----|-------|----|-------|----|-----------|
|                                | 1      | 2 | 3  | 4     | 5  |       |    |           |
| Gruppe 1, har ikkje friplass   | 22     | 8 | 39 | 10    | 22 | 101   | 51 | 3,0       |
| Gruppe, 2, har friplass        | 15     | 4 | 25 | 6     | 50 | 101   | 48 | 3,7       |

Signifikans = 0,02 ved T-test<sup>\*)</sup>

\*) Statistisk test for å samanlikne skilnader mellom to grupper.

Ulikt syn på storleiken til årsavgifta kom altså klårt fram i dei to gruppene. Mellom familiar med skattbar inntekt over kr. 90 000 (N = 562) var det stort sett semje i synet på dette utsagnet ( $\bar{x}$  = 2,2). 1/3 av dei som hadde krav på friplass delte altså oppfatning med dei fleste i utvalet vårt. Desse såg ikkje på årsavgifta som ei last for familieøkonomien. Dei var kanskje villige til å leggje ut denne summen for det dei fekk att.

Ingen andre enn gruppe 1 hadde så høg prosent (40%) der respondentane korkje var samde eller usamde i utsagnet om årsavgift. Dette kunne tyde på ei viss varsemd med å gje til kjenne synspunktet sitt. Kanskje det bak denne avkryssinga skjulte seg ei frykt for "fattigmannsstempel".

Ut frå desse resultata kan følgjande tabell sjåast med ulike innfallsvinklar.

Tabell 8.3. Elevar som hadde heil eller delvis friplass i prosent etter det totale tal på musikkskoleplassar frå 1973 til 1982

| År:           | 1973  |     | 1974  |     | 1975  |     | 1976  |     | 1977  |     | 1978  |     |
|---------------|-------|-----|-------|-----|-------|-----|-------|-----|-------|-----|-------|-----|
| Semester:     | Haust | Vår | Haust | Vår | Haust | Vår | Haust | Vår | Haust | Vår | Haust | Vår |
| % friplassar: | 1,2   | 2,8 | 4,4   | 3,1 | 4,9   | 3,6 | 3,9   | 6,1 | 4,8   | 5,6 | 5,6   |     |
| N friplassar: | 7     | 12  | 23    | 18  | 50    | 34  | 59    | 87  | 106   | 113 | 128   |     |

|  | 1979 |       | 1980 |       | 1981 |       | 1982 |       |
|--|------|-------|------|-------|------|-------|------|-------|
|  | Vår  | Haust | Vår  | Haust | Vår  | Haust | Vår  | Haust |
|  | 5,0  | 4,4   | 4,6  | 4,2   | 7,0  | 9,1   | 6,7  |       |
|  | 134  | 117   | 117  | 114   | 184  | 277   | 185  |       |

Gradvis har prosentdelen av dei som har fått friplass auka. Om denne auken i talet på friplass er ein indikator på sosial utjamning, er uvisst.

Som vi har sett kan dette samstundes vere uttrykk for at kjennskap til tilbodet kan variere, uttrykk for holdningsendring til det å søkje friplass og endeleg kan det vere eit resultat av ein viss politikk som gjeld høvet mellom friplass-summen og storleiken på årsavgifta.

Om årsavgifta var med å stenge noen ute, gav materialet vårt ikkje svar på. Dette er det mest interessante spørsmålet som har med årsavgifta å gjere. Skulle vi få svar på dette, måtte vi legge undersøkinga annerleis opp.

### 8.3. Holdningar til det opne opptaket

To utsegn var best egna til å avdekkje synet på det opne opptaket. Det eine gjekk på "gratis offentlig opplæring", medan det andre gjekk på "det bør stilles faglige krav (opptaksprøve)".

Det kunne vere at dei med høg musikalsk bakgrunn meinte det burde vere eit minimum av musikalske føresetnader for å ta til ved TKM. Det kunne tenkjast at foreldre med barn som

hadde vore lenge ved TKM, meinte det same.

Vi testa hypotesa:

Synet på opptaksprøve varierer med musikalsk bakgrunn til foreldra og kor lenge foreldra har hatt barn ved TKM.

Tabell 8.4. Synet på opptaksprøve etter musikalsk bakgrunn og kor lenge foreldra hadde hatt elevar ved TKM i prosent

|           |            |   | ueinig |    |    |   | einig |     | Sum | %   | N          | $\bar{x}$ |
|-----------|------------|---|--------|----|----|---|-------|-----|-----|-----|------------|-----------|
|           |            |   | 1      | 2  | 3  | 4 | 5     |     |     |     |            |           |
| Musikalsk | Låg        | : | 65     | 16 | 10 | 5 | 5     | 101 | 271 | 1,7 |            |           |
| bakgrunn: | Middels:   |   | 75     | 10 | 9  | 3 | 4     | 101 | 281 | 1,5 |            |           |
|           | Høg:       |   | 73     | 10 | 8  | 4 | 5     | 100 | 305 | 1,6 | Sign.=0,25 |           |
| Lengd på  | 1. året:   |   | 73     | 11 | 9  | 4 | 3     | 100 | 243 | 1,5 |            |           |
| TKM-med-  | 2.-4.året: |   | 71     | 12 | 8  | 4 | 5     | 100 | 449 | 1,6 |            |           |
| lemskap:  | 5.-8.året: |   | 70     | 10 | 11 | 5 | 5     | 101 | 177 | 1,6 | Sign.=0,83 |           |

Resultatet av analysa synte at synet på opptaksprøve ikkje varierte med musikalsk bakgrunn og kor lenge foreldra hadde hatt elevar ved TKM. Det rådde stor semje i synet på opptaksprøve. Alle grupper var usamde i at det burde stillast faglege krav ved opptak.

Det kunne også vere at dei med ulik sosial statusbakgrunn varierte i syn på stengslar til å la barna deira få opplæring. Ein slik variasjon i synet på det opne opptaket kunne vi også tenkje oss mellom kulturaktive - og mindre kulturaktive familiar.

Vi testa følgjande hypotese på utsegna om "gratis opplæring" og "opptaksprøve":

Synet på ope opptak varierte med sosial status og kulturell bakgrunn.

Tabell 8.5. Synet på opptaksprøve etter sosial og kulturell bakgrunn i prosent

| "Opptaksprøve" |                      | ueinig |    |    | einig |   | Sum % | N   | $\bar{x}$ |            |
|----------------|----------------------|--------|----|----|-------|---|-------|-----|-----------|------------|
|                |                      | 1      | 2  | 3  | 4     | 5 |       |     |           |            |
| Sosial         | Låg:                 | 72     | 10 | 8  | 5     | 6 | 101   | 275 | 1,6       |            |
| bakgrunn:      | Middels:             | 70     | 12 | 10 | 3     | 5 | 100   | 287 | 1,6       |            |
|                | Høg:                 | 73     | 13 | 8  | 4     | 3 | 101   | 279 | 1,5       | Sign.=0,47 |
| Kulturell      | Kulturaktive:        | 79     | 10 | 6  | 2     | 3 | 100   | 301 | 1,4       |            |
| bakgrunn:      | Mindre kulturaktive: | 67     | 13 | 11 | 5     | 5 | 101   | 536 | 1,7       | Sign.=0,0  |
|                | Andre:               |        |    |    |       |   |       |     |           |            |

Tabell 8.6. Synet på "gratis opplæring" etter sosial og kulturell bakgrunn i prosent

| "Gratis opplæring" |                      | ueinig |   |    | einig |    | Sum % | N   | $\bar{x}$ |            |
|--------------------|----------------------|--------|---|----|-------|----|-------|-----|-----------|------------|
|                    |                      | 1      | 2 | 3  | 4     | 5  |       |     |           |            |
| Sosial             | Låg:                 | 8      | 3 | 17 | 6     | 66 | 100   | 279 | 4,2       |            |
| bakgrunn:          | Middels:             | 10     | 5 | 17 | 9     | 58 | 99    | 287 | 4,0       |            |
|                    | Høg:                 | 15     | 8 | 16 | 11    | 49 | 101   | 278 | 3,7       | Sign.=0,00 |
| Kulturell          | Kulturaktive         | 11     | 6 | 13 | 9     | 60 | 99    | 300 | 4,0       |            |
| bakgrunn:          | Mindre kulturaktive: | 11     | 6 | 18 | 9     | 57 | 101   | 542 | 4,0       | Sign.=0,60 |

Resultata synte at synet på opptaksprøve ikkje varierte mellom statusgruppene. Derimot synte det seg at dei som var kulturaktive var sterkt imot musikalitetstest. Denne gruppa var vande med å gå ut å betale for kulturgoder og kanskje dei då også syntes musikkopplæring burde betalast for. Men resultat av analysa synte at det ikkje var noen skilnad i holdninga til "gratis musikkopplæring" mellom kulturaktive og mindre kulturaktive familiar. Imidlertid var det ein klår skilnad i synet på "gratis opplæring" innan dei ulike statusgruppene. 1/4 av høgstatusfamiliane var usamde i at all musikkopplæringa skulle vere gratis.

Resultata av analysa kan vi samle i følgjande punkt:

- Haldninga til å ta bort musikalitetstestar syntes å vere godteke av alle grupper. Særleg syntes dei kulturaktive å ha ei medvita holdning til dette.
- Utsegna om at musikkopplæringa burde vere gratis for alle interesserte barn, syntes det også å vere stor semje om. Høgstatusfamiliar synte imidlertid i gjennomsnitt større skepsis til musikkskole utan økonomiske utlegg for dei enkelte i form av årsavgift.

I nær samanheng med den økonomiske sida av det opne opptaket, var storleiken på årsavgifta.

- Vi fann at det nivået TKM hadde våren 1981 på årsavgifta var stort sett akseptabelt for 2/3 av familiane som var representerte ved TKM. Dette galdt dei som hadde høgast skattbar husstandsinnkomst. Den tredjedelen som hadde under kr. 90 000 i skattbar husstandsinnkomst syntes i større grad å sjå på årsavgifta som ei last for familieøkonomien.

Spørsmålet om årsavgift er for det første eit spørsmål om styresmaktene sin økonomi og politikk overfor musikkskolen. Kor mykje skal den enkelte betale, og kor liberal skal friplassordninga vere?

Dersom målet er at så få som mogleg skal sjå på årsavgifta som ei last for familieøkonomien, og nivået på denne skal vere det den var ved TKM 1981, kan det sjå ut som ei løysing kan vere å avsetje ein større sum til friplass-søkjarar. Det synes i så fall å vere nødvendig med nytenkning i marknadsføringa av denne ordninga - eller kanskje ei tilsvarande som er enklare å skjøne - til dei aktuelle målgrupper.

Ope opptak ut frå musikalske kriterier reiser vidare spørsmål om innholdet i musikkskolen. Kva slags musikk-syn skal skolen representere? Kva slags musikk-kultur vil skolen fremje når så mange barn utan tradisjonell musikkbakgrunn deltek?

## K A P. 9

## O P P S U M M E R I N G

Trondheim kommunale musikk-skole (TKM) sto sentralt i "Samordnet Musikkforsøk" (SMF) som vart avslutta våren 1981. Denne hovudoppgåva vart godkjend som delrapport i høve dette prosjektet.

TKM har praktisert ope opptak sidan 1975. Utan musikalitets-test og med låg årsavgift pluss friplassordning var det semje om at tilhøva låg til rette for ein musikk-skole for barn frå alle lag av folket i Trondheim. Dette var i tråd med "Mønsterplan for grunnskolen" av 1971. Om musikk heitte det der mellom anna at "...undervisninga må byggje på den føresetnad at alle har musikalske evner som kan utviklast." (Mønsterplanen)

Mange stilte spørsmål om TKM hadde oppnådd den effekten som ordninga med ope opptak hadde sikta mot. Var musikk-skolen i røynda ein skole for alle?

Vi kom som nemnt inn i prøveprosjektet i sluttfasen. Vi hadde difor ikkje høve til å undersøkje elevbakgrunnen i to tidsperiodar for på den måten å måle effekten av tiltaket med ope opptak. Likevel var det nyttig og nødvendig å sjå korleis bakgrunnen til TKM-elevane var etter seks år med ope opptak ved musikk-skolen.

Hovudmålsetjinga for denne oppgåva vart difor å finne ut om foreldra til TKM-elevane var representative i høve til den totale vaksne folkemengda i Trondheim. Det som interesserte oss var musikalske og sosioøkonomiske bakgrunnstilhøve. Det var vidare nærliggjande å finne ut om ymse samfunnsgrupper - etter dei nemnde bakgrunnskriteriane, var jamnt fordelt på elevgrupper etter t.d. alder, kjønn og instrument.

Innleiingsvis avgrensa vi oppgåva til å gjelde foreldre-bakgrunn til elevane. Dette vart gjort ut frå sosial- og utviklingspsykologiske teoriar om at åtferda til barn er sterkast avhengig av oppvekstkår i heimen. Foreldre og barn står imidlertid i tilknytning til ein større samanheng der dei i ulik grad er med i eit innfløkt samspel mellom fleire faktorar som jamaldringar, massemedia, skole og

organisasjonstilknytnad. Undersøkingane vi gjorde på dette området hadde lågt presisjonsnivå og gav difor lite grunnlag for vidare analyse. Fleire angrepsvinklar kunne dessutan lett sprengje rammene for ei hovudoppgåve som denne.

Målsetjinga styrte på mange måtar metode-løysinga vår i og med at vi la så stor vekt på samanliknande materiale.

Statistisk Sentralbyrå var vennleg å gje oss opplysningar om utdanning og yrke frå folketeljinga i Trondheim 1980. Bruken av desse variablane har også i andre undersøkingar vore nytta som indikatorar på sosioøkonomisk status.

Undersøkinga vår avslørte markerte avvik for TKM-foreldra for begge desse indikatorane. Foreldre med barn i musikk-skolen hadde jamnt over høg utdanning, ofte på universitets-nivå. I Trondheim 1980 hadde 40% av innbyggjarane i den aktuelle aldersgruppa under 10 års høgast fullført utdanning. Foreldre med låg utdanning var difor sterkt underrepresenterte ved TKM.

Den skeive fordelinga med omsyn til utdanning hadde følgjer for utbreiinga av yrke mellom foreldra til TKM-elevane.

Halvparten av TKM-fedrane hadde slike yrke som SSB klassifiserer som "teknisk, vitenskaplig, humanistisk og kunstnerisk arbeid". Her var ingeniørar og pedagogar sterkast representerte. Berre 1/4 av den tilsvarende mannlege folkemengda i Trondheim 1980 hadde slike yrke.

Den sterke overrepresentasjonen av akademiske yrke gjekk på kostnad av typiske arbeideryrke som var den største mannlege yrkesfeltgruppa i Trondheim 1980. I familiar der fedrar hadde arbeid innan industri-, bygg- og anlegg-, og vegtrafikkarbeid, hadde musikkskoletilbodet tydeleg nok mindre appell enn i "akademiske" familiar.

Det opne opptaket hadde altså ikkje etter seks år ført til jamn rekruttering frå ulike samfunnslag i Trondheim. Korleis

desse resultata skal vurderast sett ut frå ein utviklings-tendens, hadde vi ikkje føresetnader til å seie noe om. At 1/5 av TKM-fedrane hadde typiske arbeideryrke kunne vere eit godt resultat i høve til oppstartingsåret. På den andre sida kan resultata tyde på at skilje i kultur og verdisyn mellom ulike samfunnslag i sterkare grad enn økonomiske stengslar eller stengslar som musikalitets-testar fører med seg, vere årsak til skeiv sosial rekruttering.

Spørsmålet om kultur- og verdisyn i ulike samfunnsskikt var også aktuelt i handsaminga av musikalsk bakgrunn. Plass på spørjeskjemaet og knapp tilgang på samanliknande statistikk var med å avgrense kva slags indikatorar for musikalsk bakgrunn vi kunne ta med.

Vi valde å konsentrere oss berre om foreldra og spurte etter musikkutdanning, deltaking i organisert musikkutøving, spel på musikkinstrument og dessutan tal på konsertvitjingar det siste året. Vi var vidare ute etter kva slags instrument som fanst heime. Samla trudde vi musikkinteresserte og musikkaktive heimar ville merke seg ut ved desse spørsmåla. Kor sentral og viktig musikken var i heimane kunne vi ikkje måle på denne måten.

Tødaas si undersøking om musikkmiljø granska eit utval på 1032 elevar fordelt på 12 ungdomsskolar i Trondheim. Hans resultat på spørsmål om instrument i heimane og spel hos foreldra var det materialet vi fann mest representativt for den jamne Trondheimsfamilien. Frå Kulturstatistikk 1977 tok vi og modifiserte fleire spørsmål om musikalsk og kulturell bakgrunn. Oppgåver i dette SSB-heftet var difor egna til samanlikning. Men det hadde ikkje resultat spesielt for Trondheim.

Den indikatoren for musikalsk bakgrunn som avveik sterkast frå lands- og Trondheimsgjennomsnittet, var spel hos foreldre. I over halvparten av TKM-familiane kunne ein eller begge foreldra spele. Berre i ca. 25% av Trondheimsfamiliane var dette vanleg. Flest TKM-foreldre kunne spele piano, spesielt

galdt dette mødrer. Jamt over var utbreiinga av instrument-typar i heimane lik Tødaas sine funn. El-orgel og stryke-instrument var likevel meir utbreidd i TKM-heimane. Dette kan dels forklarast ut frå ei generell auke i utbreiinga av el-orgel og dels ekstra satsing på spesielle opplærings-opplegg for strykeinstrument ved TKM. Men piano var også i utbreiing det instrumentet som avveik mest frå gjennom-snittet. Deltaking i organisert musikkutøving var truleg ikkje meir utbreidd hos TKM-foreldre enn hos Trondheimsforeldre flest. Derimot syntes dei å gå oftare både på konsert og andre kulturaktivitetar vi spurte etter.

Ut frå det vi la i omgrepet musikalsk bakgrunn, kan vi konkludere med at TKM-elevane har noe høgare musikalsk bakgrunn enn det som er vanleg for barn i Trondheim. Det at foreldra spelar eller har investert i piano kan tydeleg vere med å forklare dette skeive tilhøvet.

I handsaminga av kvar indikator freista vi å finne samanhengar med sosioøkonomisk status og posisjon. Samla kom dette fram med ein markert samanheng mellom indeksane for sosial og musikalsk bakgrunn. Desse indeksane var relative for utvalet vårt og var meint å lette analyseprosessen for elevgrupper og foreldreholdningar.

Omlag halvparten av det vi kalte lågstatusfamiliar hadde låg musikalsk bakgrunn, medan like mange høgstatusfamiliar hadde høg musikalsk bakgrunn.

Dette resultatet gav grunnlag for å stille ein del spørsmål. Det første galdt metodiske problem. Favoriserte indikatorane for musikalsk bakgrunn familiar med høg statusposisjon? I og med at eit dyrt instrument som piano hadde så mykje å seie for danning av musikk-indeksen, kan svaret på dette spørsmålet vere positivt. Indeksen var additiv og favoriserte allsidige familiar, noe som også kunne falle saman med ressurssterke familiar. Sterkt musikkengasjerte familiar med røtter i spesielle tradisjonar eller med spesiell interesse for enkelte instrument eller det å lytte til musikk, kunne difor få låg utteljing på indeksen vår.

For det andre kunne vi her ha registrert ein faktisk samanheng. At sosioøkonomisk status til ein familie verka inn på generell kulturinteresse og aktivitet er ikkje utenkjeleg. Vi har sett at piano spelte ei stor rolle når det galdt å skilje den musikalske bakgrunnen til TKM-elevane frå det som var vanleg for barna i Trondheim. Nærliggjande var det då å spørje om det knyter seg sosial eller musikalsk prestisje til dette instrumentet - kanskje var det både sosial og musikalsk prestisje knytt til det.

Søsken har sjølv sagt også innverknad på åtferd og interesse til elevane ved TKM. Det synte svar på spørsmål llaE, der mange gav opp søsken som viktig grunn til at eleven tok til ved TKM. I analysa trekte vi kanskje feilaktig søsken utanfor TKM, lite inn. Vi greidde oss med å undersøkje familiar der det fanst barn med anna form for musikkopplæring. Det synte seg at slike familiar var sterkest representerte frå dei med høg musikalsk bakgrunn, medan fordelinga etter status var noe jamnare. Liknande resultat fann vi for familiar som hadde fleire enn ein elev ved TKM.

I utgangspunktet for denne oppgåva reiste vi spørsmålet om den kommunale musikkskolen var verkeleg for alle barn. Resultata synte at barn frå dei lågaste samfunnsskikt og slike som hadde låg musikalsk bakgrunn var underrepresenterte. Så langt materialet vårt rakk, kunne vi seie at dette i endå større grad galdt anna musikkundervisning.

I idiologien bak det opne opptaket låg det at alle var musikalske. I så fall er det barn frå høgare samfunnsskikt som til no har fått best høve til å utvikle desse gjennom kommunal opplæring. Vi fann at dei elevane som hadde hatt lengst opplæring, dvs. meir enn fire år, ikkje varierte i sosial statusbakgrunn. Dette var eit positivt og uventa resultat. Det såg altså ut til at dersom elevane først fekk vekt interesse for spel og kom over visse tersklar, var det ikkje noen skilnad i sosioøkonomisk statusbakgrunn. Dette understrekar kor viktig det er å la alle interesserte barn frå alle samfunnsskikt få høve til musikkopplæring.

Interesse og kulturtilknytning kan imidlertid variere for barn frå ulike lag av folket.

I det følgjande vil vi summere opp skilnader i elevgrupper som kan kaste lys over slike interesse- og kulturmotsetningar.

